

TITTEL:

Prioritering i bygningssamlinga

UTGJEVAR:



Ryfylkemuseet

UNDERTITTEL:

Forvalting, forskning og formidling

ÅR:

2016



Prioritering i bygningssamlinga

Forvalting, forskning og formidling

Ryfylkemuseet

2016

Ryfylkemuseet 2016

Rapport utarbeidd etter gjennomføring av prosjektet «Prioritering i bygningssamlinga».

Rapporten er utarbeidd med grunnlag i synfaringar og arkivstudium hausten 2015.

Prosjektleder: Roy Høibo

Prosjektet er støtta av Kulturrådet.

Bildet på framsida er frå Li. Foto: Jarle Lunde, Suldal Foto, 2012.

Bildet på baksida er tatt få om lag same vinkelen førti år tidlegare. Foto: Julius Bårdsen, 1971.

Om ikkje anna er nemnt er bilda som er brukte i rapporten frå arkivet til Ryfylkemuseet

Ryfylkemuseet

Nordenden 14

4230 Sand

post@ryfylkemuseet.no

www.ryfylkemuseet.no

Innhald

SAMANDRAG	9
GRUNNLAGET.....	11
Bakgrunn	12
Mål	12
Oversyn	14
Byggverk forvalta av Ryfylkemuseet 2015.....	15
Dokumentasjon.....	20
Lokalisering.....	24
Eigarskap	24
Opphav	26
Aldersfordeling.....	27
Fordeling av hus for ulike funksjonar	28
Sosial og økonomisk representasjon	29
Byggemåten.....	29
Forhold til bygningar på andre museum	29
Tilstand.....	30
Sikring	34
Bruk	35
Konklusjon	36
METODE	37
Ressursbehov.....	38
Tradisjonshandverk eller «godt nok»	39
Kulturhistorisk verdi	40
Relevans	43
VURDERINGAR.....	47
Kolbeinstveit	49
Våningshuset	51
Løa.....	52
Andre opphavlege bygningar på Kolbeinstveit	53
Tilflytta bygningar.....	54

Andre byggverk på Kolbeinstveit	57
Prioritering	58
Bruksverdi og utviklingspotensiale	59
Konklusjon	60
Røynevarden.....	62
Gamlestova.....	63
Nyastova.....	64
Løa.....	65
Dei andre husa på Røynevarden.....	66
Prioritering	66
Bruksverdi og utviklingspotensiale	67
Konklusjon	68
Li	70
Stovehuset	72
Litlestova	72
Løa.....	73
Andre hus i tunet på Li.....	73
Naustet.....	74
Andre byggverk på Li	75
Prioritering	76
Bruksverdi og utviklingspotensiale	77
Konklusjon	78
Sand.....	80
Nesasjøhuset.....	81
Nybygget	82
Stålhallen	83
Andre byggverk på Sand	83
Prioritering	84
Bruksverdi og utviklingspotensiale	85
Konklusjon	86
Håland	88
Stovehuset	89
Målastova	90

Håmannsbua	91
Andre byggverk på Håland	92
Prioritering	92
Bruksverdi og utviklingspotensiale	93
Konklusjon	95
Skulemuseet på Jelsa	96
Prioritering	97
Bruksverdi og utviklingspotensiale	98
Konklusjon	99
Andre bygningar i Suldal	100
Naustet i Båtsvikjo	100
Kvednahåla	102
Stampa på Kvæstad	104
Øystad	106
Båthus Strandanes	109
M/S Suldal	109
Brødrene af Sand	112
Prioritering	115
Konklusjon	116
Viga	117
Stovehuset	119
Eldhuset	120
Sisselastova	121
Løa	122
Naustet	122
Den frukthistoriske hagen	123
Andre bygningar i Viga	124
Prioritering	126
Bruksverdi og utviklingspotensiale	127
Konklusjon	129
Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen	131
Prioritering	133
Bruksverdi og utviklingspotensiale	134

Konklusjon	135
Hustveit	136
Stovehuset	138
Husa i Kvednafossen	140
Løa	141
Folgehusa	143
Dei andre bygningane i tunet	144
Husa i heia	145
Prioriteringar	145
Bruksverdi og utviklingspotensiale	147
Konklusjon	149
Utløa i Slettedalen	150
Konklusjon	151
Sjøhuset i Bergevik	152
Konklusjon	153
Bakken	154
Stovehus med løe	155
Andre byggverk på Bakken	156
Prioritering	157
Bruksverdi og utviklingspotensiale	157
Konklusjon	159
Humarmuseet på Kvitsøy	160
Konklusjon	162
PRIORITERINGAR	163
Ressursbehov	164
Ressursbehov pr. anlegg	165
Registrerte avvik	166
Andre avvik	167
Oppsummering av ressursbehov	172
Prioritering	173
Vurdering av bruksverdi	178
Prioritering av anlegg	181
Avhending	189

HANDLINGSPLAN	191
LITTERATUR OG KJELDER	199
VEDLEGG	203
1 Vurderingsskjema.....	204
2 Tilstands- og avviksrapportar	208
3 Dokumentasjon.....	218

SAMANDRAG

Ryfylkemuseet rår over unike samlingar av kulturhistorisk verdfulle bygningar. Samlingane er stader for gode opplevingar, for tileigning av kunnskap om byggetradisjonar, og kunnskap om korleis folk har levd i Ryfylke.

Med bakgrunn i eigne behov og oppmoding frå Kulturrådet har Ryfylkemuseet gjennomført ei evaluering av bygningssamlinga. Evalueringa bygger på den metoden som er tilrådd i Kulturrådets publikasjon «Prioritering i bygningssamlinger». Rapporten er utarbeidd på grunnlag av tilstandsvurderingar og arkivstudier som er gjennomført hausten 2015.

Ryfylkemuseet forvaltar kring 85 bygningar på i alt 18 ulike stader i Ryfylke. Store avstandar i ein tungreist region gjer forvaltinga av bygningane krevjande.

Ein stor del av bygningane, 44%, er vurderte i dei høgaste klassane for relevans og kulturhistorisk verdi. I den andre enden av skalaen er det noen få bygningar som blir tilrådd vurdert for avhending

Ved tilstandsvurderinga av bygningane er det registrert i alt 133 avvik. Dette omfattar alt frå enkle vedlikehaldsoppgåver til omfattande restaurerings- og rekonstruksjonsoppgåver. Snautt halvparten av bygningane, 47,5%, er plasserte i tiltaksklasse 2 eller 3, som omfattar moderate eller store inngrep. Etter ei grov og skjematisk vurdering er ressursbehovet stipulert til 9,3 årsverk, som altså er eit omtrentleg overslag over etterslepet på vedlikehald ved museet.

Analysen kan gi grunnlag for ei betre prioritering av vedlikehaldsoppgåvene, men også til ei vurdering av eit differensiert forvaltingsregime der noen bygningar må forvaltast med tanke på å vera referanseobjekt for tradisjonshandverk og byggemåte, medan andre kan forvaltast på ein meir kostnadseffektiv måte.

Den bygningstekniske forvaltinga av bygningssamlinga må samordnast med den øvrige samlingsforvaltinga, og formidlinga ved anlegga. Rapporten omfattar derfor også ei evaluering av drifta, og ei vurdering av utviklingspotensialet for dei enkelte anlegga. Det må skje ei samordna implementering av planen gjennom handlingsprogramma og årsplanane for museet. I dette arbeidet må ein også ta omsyn til andre føringar og strategiar for prioritering av oppgåvene ved museet.

I noen tilfelle er det avdekka behov for reviderte forvaltingsplanar for enkelte anlegg, med påfølgjande drøfting med eigarar og andre samarbeidspartnarar om den framtidige forvaltinga og drifta. Arbeidet med slike planar vil vera eit godt verktøy for samordning av forvaltinga på tvers av fagavdelingane ved museet.

Del I

GRUNNLAGET

Bakgrunn

Ved Ryfylkemuseet kom det alt i 2013 opp behov for ein grundigare gjennomgang av bygningsmassen med tanke på eit betre grunnlag for prioritering av vedlikehald, reparasjon og restaurering. Samtidig tok Kulturrådet opp problemstillinga, m.a. i eit møte i juni 2013. Museet blei seinare trekt inn i arbeidet med ein metode for prioritering i bygningssamlingar, som Siv Leden utførte for Kulturrådet.

På personalseminaret til Ryfylkemuseet hausten 2014 blei behovet for ei breiare drøfting av føresetnadane for forvaltning av bygningssamlinga diskutert. For å få eit betre grunnlag for val av løysingar og arbeidsmetodar i bygningsbevaringa blei det sannkjent at det var behov for sameinte mål for framtidig forvaltning og bruk av bygningane. Forvaltninga av bygningane kunne ikkje vera eit ansvar berre for bygningsavdelinga.

Etter søknad oppnådde museet i 2015 eit tilskott på kr. 600.000 frå Kulturrådet til gjennomføring av ei prioritering. Arbeidet starta i slutten av august same året, og det er resultatet av dette arbeidet som her blir lagt fram.

Prosjektet har omfatta ei synfaring til dei fleste anlegga som grunnlag for utarbeiding av tilstandsrapportar og avviksmeldingar. Desse er lagt inn i FDV-modulen i registrerings- og katalogiseringsprogrammet Primus. Bygningsarkivet, teikningsarkivet og saksarkivet er gjennomgått, ordna og delvis omplassert for å skaffe oversikt over dokumentasjonen av bygningane. I tillegg til denne hovudrapporten er det utarbeidd arkivkatalogar for bygnings- og teikningsarkivet og forvaltingsplanar for enkelte anlegg. Grunnlagsmaterialet er arkivet i bygningsarkivet til museet.

Mål

Ryfylkemuseet bygger på ein arv etter Rogaland Folkemuseum. Da Rogaland Folkemuseum blei etablert i 1936 var ideen å reise eit tradisjonelt bygningsmuseum i Stavanger. Rogaland hadde Stavanger Museum med rike gjenstandssamlingar, men fylket mangla eit museum for bygningssamlingar. Innsamling av bygningar var såleis eit hovudmål for museet.

Da museet blei omgjort til regionmuseum i 1981 blei dei delane av bygningssamlinga som sto i Ryfylke gjort til grunnlag for det nye regionmuseet. Sjølv om bygningar på Jæren og i Dalane blei skilt frå, var det framleis eit stort bygningsmuseum. Seinare har det kome fleire bygningar til.

Det har ikkje vore noe meining i å diskutere formålet med å ta vare på gamle bygningar. Og framleis er ideen om å kunne formidle kunnskap og opplevingar knytt til livet i og kring dei gamle husa ein berande ide i formidlinga ved museet. Vi trur at den tredimensjonale opplevinga ein kan få ved å besøke museumsanlegga framleis har bærekraft. Men kunnskapsgrunnlaget både har blitt, og kan bli utvida. Dei siste 20 år har kunnskapen om

materialar, verktøy og byggemåtar fått ein større plass i formidlinga, kombinert med tilbod om å gå inn i den handlingsborne opplevinga av å utføre arbeidet sjølv.

I ei tid der merksemda kring ei berekraftig forvaltning av naturressursane aukar, og ein ser at gamle løysingar ofte står seg betre i møte med nye klimautfordringar, kan forvaltninga av gamle bygningar og kunnskapen om korleis dei blei bygde, vera eit bidrag til det som blir kalla det grønne omskiftet.

Utfordringa for Ryfylkemuseet, og dei fleste andre musea i Norge, er at oppgåvene med å ta vare på husa er større ein dei ressursane ein har til rådvelde for å gjera jobben. Det gjer det ikkje betre at Ryfylkemuseet har bygningane spreidde på ei rekke ulike stader. Vi har kome til ei sannkjenning av at det er behov for å prioritere.


Det mest nærliggande målet har vore å få eit betre grunnlag for vedlikehaldsplanar. Altså kva bygningar skal ha høgast prioritet, kva arbeidsmetodar skal vi legge til grunn, er det noen bygningar som kan nedprioriterast, eventuelt avviklast?

Dernest er det eit mål å få eit betre samsvar mellom forvaltninga av bygningane og bruken av dei. Det er behov for å avklare nåverande og framtidig bruk av bygningane som grunnlag for prioritering av vedlikehaldet, og som grunnlag for prioritering av oppgåvene til samlingsavdelinga og avdeling for formidling.

I nært samanheng med dette ligg behovet for å kartlegge kunnskapsgrunnlaget for bygningssamlinga, og behovet for produksjon av ny kunnskap.

Det viktigaste er å vurdere kva relevans bygningane har i forhold til formålet og samfunnsrolla til museet, og drøfte om det er potensiale for ei utvikling av samlinga for å tilpasse ho til nye føresetnadar og nye oppgåver for museet.


I metoderettleiinga¹ er dei viktigaste innfallsvinklane til arbeidet skjematisk framstilt slik:



Dei viktigaste innfallsvinklane er den kulturhistoriske verdien til bygningane, ressursbehovet og relevansen for museet.

¹ Siv Leden: Prioritering i bygningssamlinger, Kulturrådet u.å.

I den endelege prioriteringa blir desse faktorane vekta på ulik måte:



Relevansen i forhold til samfunnsrolla og formålet til museet blir altså gitt størst vekt, den kulturhistoriske verdien kjem deretter, og så blir til slutt bygningar som er i god stand og krev små ressursar verdsett høgare enn bygningar som er i dårleg stand og krev store ressursar.

Oversyn

Kor mange bygningar museet forvaltar blir eit spørsmål om definisjonar og kva som er tenleg. I den følgjande tabellen² er bygningane lista opp saman med opplysningar om eigarforhold, kor bygningen opphavleg kjem frå, antatt byggeår, og når bygningen kom under forvaltinga til museet. I lista har vi tatt med alle bygde konstruksjonar utanom parkeringsplassar i tilknytning til anlegga. Vi kjem da ut med eit tal på 98 bygde konstruksjonar på 19 ulike stader.

Inkludert i dette talet er byggverk som vassrenner og brygger, men ikkje uteområde, tun, hagar, stiar og vegar. Det er dessutan med eit par hus som ikkje kan reknast som antikvariske, og som blir brukt til administrative formål, eller verkstad-, kontor- og magasinformål. Talet på bygningar kan såleis bli større eller mindre ettersom kva ein tar med. I ei snever tyding, der vi også utelet vassrenner, brygger og ikkje antikvariske bygningar, kjem vi ut med eit tal på 79 antikvariske bygningar.

Vi vil argumentere for ei noe vidare oppfatning av kva byggverk som går inn under det antikvariske ansvaret, og vil, i tillegg til dei snevert definerte antikvariske bygningane, rå til at følgjande byggverk blir rekna med:

Vassrennene på Kolbeinstveit (forsyner to hus med vatn)

Vassrennene på Ritland og Vasshus (forsyner fleire hus med vatn)

² Tabellen bygger på planen «Bygningsvern på Ryfylkemuseet» frå 2014, og utlisting av bygningar som er lagt inn i databasen «Primus».

Vassrennene i Kvilldal (forsyner fleire kadlar med vatn)
Vassrennene i Kvednafossen, Hustveit (forsyner fleire hus med vatn)
Brua i Kvednafossen

Vassrenner som berre forsyner eit hus/ein kvernkadl vil vi rekne som del av det huset renna høyrer til. Bryggene på Kolbeinstveit og Sand er nye konstruksjonar som ikkje kan reknast som antikvariske byggverk.

Med desse byggverka i tillegg kjem vi ut med 85 antikvariske byggverk.

For praktiske formål kan det i tillegg vera tenleg å rekne med følgjande byggverk som må vera ein del av den antikvariske porteføljen, på den måten at det krevst tradisjonskunnskap og/eller anna historiefagleg kompetanse for å kunne halde byggverka ved like:

Hagen på Kolbeinstveit
Vassvegen på Kolbeinstveit
Stien til Røynevarden
Tunet på Li
Sjøvegen på Li
Hagen på Håland
Frukthistorisk hage i Viga

Så kan ein velja om desse 7 objekta bør leggst til dei 85 antikvariske byggverka vi kom fram til ovanfor.

Når talet på bygningar har vakse i forhold til dei tala vi har brukt tidlegare, er det særleg fordi dei elektroniske systema for systematisk FDV, seinast Primus 2/FDV, også krev ei systematisk tilnærming til kva objekt som skal leggst inn i programma for å sikre ei god overvaking av objekta. Summen av objekt som er lagt inn i Primus 2 er 138.

Byggverk forvalta av Ryfylkemuseet 2015				
	Eigar ³	Opphav ⁴	Byggeår	Til museet
Kolbeinstveit, Suldal				
Våningshus	RF	Rot	1851	1959 ⁵
Løa	RF	Rot	1851	1959
Hesthus	RF	Rot		1959
Smie	RF	Rot	1851	1959
Eldhus	RF	Rot		1959 ⁶

³ Når Ryfylkemuseet er eigar brukar vi berre initialane RF

⁴ Når bygningen står på si opphavlege tuft brukar vi «Rot»

⁵ Det blei skrivi ei leigekontrakt i 1955 der museet fekk høve til å gå i gang med å skipe eit bygdetun på Kolbeinstveit. I 1959 kjøpte museet dei opphavlege husa på garden.

Loft	RF	Guggedal	1281	1935 ⁷
Kvernhus	RF	Mo		1956
Tørke	RF	Helganes		1956
Husmannstova	RF	Røsselid, Våge		1956
Badstova	RF	Guggedal		1956
Stølsbu	RF	Nesheia		1966
Stabbur	RF	Bleskestad		1956
Vassrenner	RF	Rekonstruksjon		
Hus for trøskjeverk	RF	Førland		1986
Naust	RF	Rekonstruksjon	2008	2008
Tun	Privat			1955
Hage	Privat			1955
Vassveg	Privat			1955
Hjulhus	Herrelaust	Nybygg	1994	
Brygge	Herrelaus	Nybygg	1994	
Røynevarden, Suldal				
Gamlestova	RF	Rot	1834	1946
Nystova	RF	Rot	1893	1946
Eldhus	RF	Rot		1946
Geithus	RF	Rot		1946
Sauhus	RF	Rot		1946
Løe	RF	Rekonstruksjon	2015	1946 ⁸
Tun	Privat			1946
Stien	Privat			1946
Li, Suldal				
Stovehus	Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune	Rot	Sjå fotnote ⁹	2009
Littlestova	Do.	Rot		2009
Løa	Do.	Rot		2009
Sauhus	Do.	Rot		2009
Grishus	Do.	Rot		2009
Hesthus	Do.	Rot		2009
Øvre bua	Do.	Rot		2009
Nedre bua	Do.	Rot		2009

⁶ Eldhuset sto på garden da museet overtok i 1959. Truleg var det sett opp av tømmer frå ei kvern ein gong etter andre verdskrigen. Huset var ombygt til toalett- og vaskefunksjonar i samband med drift av campingplass på 1960-talet. Rehabiliterert på nytt i 2004.

⁷ Loftet frå Guggedal i Bråtveit blei flytta til Stavanger i 1935, og var ein sentral av Rogaland Folkemuseum da det blei opna året etter. I 1955 blei det flytta tilbake til Suldal, nå til Kolbeinstveit.

⁸ Løa var ein del av den bygningsmassen museet overtok på Røynevarden i 1946, men ho var alt da i dårleg stand. Rekonstruksjon av løa var ferdig i 2015.

⁹ Vi har inga sikker datering av bygningane på Li. Den store begeistringa for Li er knytt til at det «...har i karakter og tone mye av middelalderpreget over seg.» (Halvor Vreim i rapport til Riksantikvaren etter befarings i 1936). Men garden låg øyde i seinmellomalderen, så dei eldste husa kan ikkje vera eldre enn frå 1600-talet.

Stabbur	Do.	Rot		2009
Gamle løa	Do.	Rot		2009
Eldhus	Do.	Rot		2009
Endebua	Do.	Rot		2009
Naust	Do.	Rot		2009
Tun	Do.			2009
Veg	Do.			2009
Sjøvegen	Do.			2009
Innmark	Do.			2009
Sand, Suldal				
Nesasjøhuset	RF	Rot	1850	1991
Nybygget	RF	Nybygg	2009	2009
Stålhallen	RF	Nybygg	2009	2009
Grøntareal	RF			1991
Kai	RF	Nybygg	1991	1991
Håland, Erfjord, Suldal				
Målastova	RF	Rot	1640	1960
Homannsbua	RF	Rot	1690	1960
Stovehus	RF	Rot	1825	1995
Tun	RF			1995
Hage	RF			1995
Jelsa, Suldal				
Skulehus	RF	Rot	1774	2006
Uteområde				
Andre bygninger med tilknytning til Ryfylkemuseet i Suldal				
Naust, Båtsvikjo	Privat	Rot		1982
Kvern/tørke, Ritland	Privat	Rot		1973
Sag, Ritland	Privat	Rot		1973
Kvern, Vasshus	Privat	Rot		1973
Tørke, Vasshus	Privat	Rot		1973
Vassrenne Ritland	Privat			
Vassrenne Vasshus	Privat			
Uteområde, Vasshus	Privat			
Stampe, Kvæstad	RF	Rot	1840	1970
Halvtekja, Kvæstad	RF	Rekonstruksjon		1970
Uteområde, Kvæstad	Privat			

Kvernhus, Kvilldal	Privat	Rot	Sjå fotnote ¹⁰	1965
Tørke, Kvilldal	Privat	Rot		1965
Vassrenner, Kvilldal	Privat			
Uteområde Kvilldal	Privat			
Båthus, Strandanes	RF	Nybygg	2016	2016
«Suldal»	RF	Flytande fartøy	1885	2014
Brødrene af Sand	RF	Flytande fartøy	1876	1997
Viga, Hjelmeland				
Stovehus	RF	Rot	1821 ¹¹	1974
Sisselastova	RF	Rot	1842	1974
Stabbur	RF	Rot		1974
Eldhus	RF	Rot		1974
Løe	RF	Rot		1974
Vetlehus	RF	Rot		1974
Fyrhus	RF	Rot		1974
Naust	RF	Rot		1974
Kvernhus	RF	Rot		1974
Korntørke	RF	Rot		1974
Nye skuten	Privat			
Vassrenne kvern	RF			
Vassrenne tørke	RF			
Tun				
Frukthistorisk hage	Privat			
Veg				
Kvernhusområde				
Naustområde				
Åbøbyen, Sauda				
Bustadhus	RF	Rot	1916	1984
Sykkelbod	RF	Rot		1984
Hage	RF			1984
Hustveit, Sauda				
Stovehus	Staten, v/Fylkesmannen i Rogaland	Rot	1860 ¹²	1989
Vannhus	Do.	Rot		1989
Eldhus	Do.	Rot		1989
Smie	Do.	Rot		1989
Jordkjeller	Do.	Rot	1820	1989

¹⁰ Det er vanskeleg å tidfeste anlegget. Det er funne ei innskrift på årstalet 1801. Anlegget var i bruk til sist i 1950-åra.

¹¹ Stova er frå 1600-talet

¹² Bua kan vera eldre, frå 1700-talet, eller kanskje frå eit generasjonsskifte i 1801.

Hjulhus	Do.	Rot	1947	1989
Folgehus	Do.		1889	1989
Buhus	Do.	Rot	1920	1989
Folgeløe	Do.	Rot		1989
Sag	Do.	Rot	1901	1989
Kvernhus	Do.	Rot	1840	1989
Korntørke	Do.	Rot	1914	1989
Løe	Do.	Tysseland	2006 ¹³	1989
Vassrenne kvern/tørke	Do.	Rekonstruksjon		1989
Vassrenne sag	Do.			
Vassrenne hjulhus	Do.			
Tun	Do.			
Veg	Do.			
Løypestreng	Do.			
Innmark	Do.			
Bru Kvednafossen	Do.		Rekonstruert	
Stølsveg	Do.			
Stølshus	Ryfylkerådet Vest			
Eikjelauvløa	Privat	Rot		2014
Slettedalen, Sauda				
Løe	Sauda kommune	Rot		1982
Bergevik, Forsand				
Sjøhus	Forsand kommune ¹⁴	Rot	1850	2002 ¹⁵
Bakken, Rennesøy				
Stovehus med løe	Rennesøy kommune	Rot	1867	2006
Jordkjellar	Do.	Rot		
Tun				
Hage				
Brønn				
Ydstebøhavn, Kvitsøy				

¹³ Den opphavlege løa var bygt kring 1875, men ho var nedfallen da museet fekk ansvaret for bygningane. Løa som står der nå er sett saman av ei løe frå Tysseland og ein rekonstruert del som var ferdig i 2006. Den eldste delen av Tysselands-løa kan vera frå 1695.

¹⁴ Forsand kommune forvaltar nauset gjennom ein leigeavtale med privat eigar.

¹⁵ Forsand kommune inngikk i 1996 ein avtale med eigaren om å leige sjøhuset til museumsformål i 40 år (til 2036). Sjøhuset kom med i porteføljen til Ryfylkemuseet gjennom konsolideringsavtalen frå 2002.

Sjøhus	Kvitsøy kommune	Rot	1959	
--------	--------------------	-----	------	--

Vi skal, med bakgrunnen i denne tabellen og andre opplysningar, søke å samanfatte ein del karakteristika ved bygningssamlinga. Men først er det nødvendig å sjå kva dokumentasjon vi har å bygge på, og som eventuelt kan gi utfyllande opplysningar om bygningane, og setta dei inn i ein kontekst.

Dokumentasjon

Rogaland folkemuseum¹⁶ blei skipa i 1936, og den første bygningen som blei erverva var den freda loftsbygningen frå Guggedal i Bråtveit, Suldal, seinare kjent som Guggedalsloftet. Bygningen blei flytta til Mostun i Stavanger, og skulle vera starten på det nye folkemuseet der. Ideen viste seg å ikkje vera særleg berekraftig, men interessa for å ta vare på gamle bygningar minka ikkje av den grunn. Etter kvart fekk museet hand om husmannsplassen Røynevarden i Suldal, ei rekke kvernhusanlegg kring om i Suldal og på Jæren, Grødalandstunet i Hå, husa på Kolbeinstveit i Suldal og i Viga i Hjelmeland og Homannsbua og den langt meir kjente Målastova på Håland i Erfjord. Vi var komen fram til 1970-talet, museet hadde tatt på seg ansvaret for eit 50-tal bygningar og hadde ennå ikkje fast personale til å sjå etter verken bygningane eller museumsdrifta. Arkivet omfatta så langt ei vasstrekt møtebok i A5-format med 50 ark, og noen fragmentar av korrespondanse.

Men det var kome på plass ei fylkeskonservatorordning, og i samarbeid med Institutt for Folkelivsgransking ved Universitetet i Oslo blei det i 1973 sette ho i gang ei registrering av museumsbygningane. Dei fleste av dei bygningane museet hadde ansvaret for på den tida, også på den veglause husmannsplassen Røynevarden, blei registrerte. Dette er såleis det første forsøket på å få til eit systematisk oversyn over bygningsmassen.

Dersom registreringa blei gjort etter boka, skulle ho omfatte stadfesting, typeomtale, fundamentering og veggkonstruksjon, golv, vegger, dører, glas og eldstader. Det blei tatt noen hovudmål, og bygningane blei fotograferte, både utvendig og innvendig. Det var såleis eit opplegg som fekk på plass noen basisopplysningar, og det var ein start på eit bygningsarkiv. Men det var ikkje ei særleg detaljert registrering, og noe av arbeidet ber preg av å ha vore gjort nokså raskt. Registratorane klaga dessutan på dårleg ver som gjorde arbeidet vanskeleg.

Enkelte bygningar hadde ein meir omfattande dokumentasjon. Stovehuset i Viga var målt opp alt i 1933. På Li var stova, løa og tunskipnaden målt opp i 1946. Det finst fotografi frå tidlege synfaringar til andre bygningar. I Sauda har vi originalteikningane av bygningen som

¹⁶ Museet blei omgjort til regionmuseum for Ryfylke i 1981 og skifta namn til Ryfylkemuseet på årsmøtet i 1983.

Industriarbeidarmuseet held til i, Håkonsgate 51 – 53. Men det som finst av dokumentasjon frå før 1970-talet er lite og fragmentert.¹⁷

I 1975 fekk museet, gjennom eit samarbeid med Stiftelsen Ullandhauggarden, til ei ordning med betalt konservator på deltid. Dei to første punkta på arbeidsprogrammet hans var å:

1. Skaffe et oversyn over tilstanden til dei bygningane og gjenstandane museet eig eller har tilsyn med, og setja i gong det mest naudsynte vedlikehaldsarbeidet.
2. Starta opp vitskapleg registrering av bygningane og inventaret, og av andre kulturminne.

Det var eigentleg ikkje så små ambisjonar for ein ressurs på inntil ei halv stilling, og det var berre to av i alt fem «hovudoppgåver».

Konservatoren¹⁸ slo fast at «tilstanden til museet sine bygningar er til dels dårleg, og det vil krevja store investeringar i året som kjem for å få dei i fullgod stand»¹⁹. Ein kan dessutan lese mellom linjene at ein del av det vedlikehaldet som hadde vore utført ikkje var vellukka: «Røynslene frå dei siste åra har gjort det klårt at ein ikkje kan basera utbetnings- og vedlikehaldsarbeid på vanlege handverkarfirma, men må utføra arbeidet i eigen regi under leiing av konservator eller styremedlemmer.»

Men det var ikkje ressursar til å gjera så mye i eigen regi, og ein kom ikkje så langt før museet gikk inn i ein turbulent omdanningsprosess som gjorde at det kom ut att som regionmuseum for Ryfylke med sete på Sand i 1981. Da var konservator-/styrarstillinga utvida til full stilling. Det var heller ikkje allverda. Museet hadde ikkje ei finansiering som rakk opp på leggen i høve til alle dei oppgåvene det var meint å dekke, og det skulle gå 15 år før museet fekk midlar til å opprette fast stilling for handverkar. Det var klart at bygningsvernet framleis måtte ha karakter av brannsløkking. Systematisk dokumentasjon av det som blei gjort med bygningane var langt bortafor realisme.

Men i perioden 1985-1987 blei det arbeidd med ein fylkesplan for kulturminner i Rogaland.²⁰ Det mest interessante med den er at han slår fast at ein viktig føresetnad for eit godt bygningsvern er kompetente handverkarar. For å styrke kompetansen foreslår kulturminneplanen å opprette antikvariske verkstader. Den eine av desse skulle ligg på Sand med tilknytning til, og i samarbeid med Ryfylkemuseet. Planen blei ikkje følgt opp, men han var utgangspunktet for prosjektet «Bygningsvern i Ryfylke», som Ryfylkemuseet lukkast med å finansiere frå 1995. Det var starten på eit arbeid med systematisk framhenting, dokumentasjon og vidareføring av tradisjonskunnskap, og som gjorde at Ryfylkemuseet etter kvart opparbeidde eit godt omdøme som ein kompetent bevaringsinstitusjon. Den handlingsborne kunnskapen blei etter kvart eit mål for bevaringsarbeidet på museet på linje med bygningane i seg sjølve.

¹⁷ Under arbeidet med dette prosjektet er det utarbeidd katalogar over det som finst i bygningsarkivet og teikningsarkivet. For lesarar med tilgang til Ryfylkemuseets server, sjå G:\Bygningsavdelinga\Arkiv.

¹⁸ Det var Jone Johnsen som blei tilsett i stillinga. Han var arkeolog, og hadde sete på Arkeologisk museum i Stavanger. Jone Johnsen hadde stillinga til i 1979.

¹⁹ Årsmeldinga for Rogaland folkemuseum 1975.

²⁰ *Fylkesplan for kulturminner*, del 1 og 2, Fylkeskulturstyret i Rogaland 1989.

Da Kulturdepartementet sjøsette den store museumsreforma i 2002, blei Ryfylkemuseet nav og leiar for det nasjonale nettverket for bygningsvern og handverkskompetanse på musea (Byggnettverket). Dokumentasjon, og mangelen på dokumentasjon, blei eit hovudemne for arbeidet i nettverket, og nettverket fekk midlar til arbeid med eit prosjekt kalla «Kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging», og som førte til utarbeiding av ei handbok i dokumentasjon av bygningar²¹. Da handboka var ferdig (2008), tok Ryfylkemuseet dei metodane som var omtala i boka i bruk i sitt eige dokumentasjonsarbeid. Det hadde gått over 70 år sidan museet begynte å ta på seg ansvar for bevaring og formidling av gamle hus.

Metodane i handboka var papirbaserte og gammaldagse alt før dei kom i bruk. Men det var ikkje noe godt alternativ. Dataprogrammet Primus var tatt i bruk for katalogisering av gjenstandar og fotomateriale i musea, men bygningsmodulen baud ikkje på betre løysingar enn systemet til fylkeskonservatorane frå 1970-talet, bortsett frå at ein kunne lesa stoffet på skjerm. Det blei gitt vage løfte om vidareutvikling av Primus, men tidshorisonen var uvis.

Fleire museum begynte å orientere seg mot kommersielle system for forvaltning, drift og vedlikehald av bygningar. I kommunar og fylkeskommunar var slike system i utstrekt bruk, og ein kunne tenkje at det ikkje var behov for at musea skulle finne opp krutet på nytt. Ved Ryfylkemuseet valde vi å starte eit forsøk med bruk av FDV-systemet Facilit i 2012. Men så blei det fart i arbeidet med Primus, vi valde å henge oss på, og ser at dette vil bli eit godt og integrert verktøy for bygningsforvaltinga.

Resultatet av denne utviklinga kan oppsummerast slik:

- 1936-1972 Svak, mangelfull eller heilt fråverande dokumentasjon
- 1973-1994 Veksande medvit om behovet for ein systematisk dokumentasjon
- 1995-nå Gradvis oppbygging av eit bygningshistorisk arkiv

Det som nå ligg føre av bygningshistorisk dokumentasjon ved Ryfylkemuseet er dette:

- Eit saksarkiv med veksande innhald, særleg frå tida etter 1980
- Fotoarkiv med noe eldre bildestoff, men også her mest frå tida etter 1980
- Teikningsarkiv med oppmålingsteikningar av ein stor del av bygningane
- Bygningsarkiv med systematisk dokumentasjon av arbeidet med bygningane, særleg etter 2008

Kvaliteten på materialet er varierende. Vi manglar basiskunnskapar knytt til kontekst, bruk, detaljerte oppmålingar og registreringar. Det er behov for både ekstern dokumentasjon og etterdokumentasjon av informasjon som ikkje tidlegare er tatt vare på. Skal bygningane fungere godt som referanseobjekt og kunne vera grunnlag for forskning og formidling, må det til eit løft i dokumentasjonen av dei.

Bildet er likevel ikkje heilt svart. Gjennom fleire år har vi arbeidd med å samla den kunnskapen vi har, og hente fram ny, i tilknytning til årboka til museet, Folk i Ryfylke. Så langt er det produsert årbøker med følgjande delar av samlinga som hovudtema:

²¹ *Handbok i dokumentasjon av bygningar – kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging*, Ryfylkemuseet 2008

- «Suldal», Suldalsvatnet, 1985
- Stampa på Kvæstad, Suldal, 1988
- «Brødrene af Sand», jekta, 1999
- Kolbeinstveit, Suldal, 2004
- Hustveit, Sauda, 2005
- Viga, Hjelmeland, 2007
- Røynevarden, Suldal og Bakken, Rennesøy, 2008
- Hummarmuseet, Kvitsøy, 2009
- Industriadarmuseet, Sauda, 2012
- Håland, Erfjord, 2014

Vi skal heller ikkje gløyme det som er skrive i den tidlegare serien av årbøker for Rogland folkemuseum, «Frå bygd og by i Rogaland», der det m.a. er artiklar om Røynevarden, Kolbeinstveit og Guggedalsloftet.

Museets eigenproduksjon blir utfylt av materiale i bygdebøkene for kommunane i Ryfylke, m.a. i Soga om Sauda (Hustveit)²², bygdebøkene for Erfjord og Jelsa (Håland og skulemuseet)²³, og bygdebøkene for Hjelmeland (Viga)²⁴.

Den viktigaste delen av arbeidet med den immaterielle kulturen (den handlingsborne kunnskapen), er overføringa av tradisjonskunnskap frå tradisjonsberarar til yngre handverkarar, men denne prosessen blir også dokumentert med foto, intervju, teikningar og nedteikningar. Ein del av materialet er publisert gjennom ein rapportserie under overskrifta «Prosjekt bygningsvern i Ryfylke»²⁵:

- Bygging med stein, 1996
- Konstruksjon i tre, 1997
- Treet som virke, 1998
- Glas, dører og listverk, 1999
- Taktekking, 1999

Arbeidet med dokumentasjon av det vedlikehalds- og restaureringsarbeidet som blir gjort på museet har kome opp på eit tilfredsstillande nivå etter arbeidet med handboka, og særleg etter at det er tatt i bruk elektroniske verktøy i arbeidet. Likeeins har dokumentasjonen og overføringa av tradisjonskunnskap nådd eit høgt nivå. Men det manglar ein del på at grunndokumentasjonen er på same nivå. Det må bli ein del av prioriteringa av arbeidet med bygningssamlinga frametter å få dette på plass.

Vi har heller ikkje presise metodar og rutinar for overvaking av tilstanden til bygningane, verken før eller etter vedlikehalds- og restaureringsarbeid. I dag baserer vi oss på

²² Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda I*, s 17ff., Sauda 1973

²³ Drange, Ernst Berge: *Erfjord – Gardar og folk II*, s 984ff., Suldal 2004 og *Jelsa – Gardar og folk I*, s 443., Suldal 2010

²⁴ Brandal, Trygve: *Hjelmeland – Gardar og folk II*, s 491 ff., Hjelmeland 1990

²⁵ Mye av stoffet frå prosjekt «Bygningsvern i Ryfylke» blei presentert, delvis i noe oppgradert form, i Folk i Ryfylke 2001.

observasjonar gjort ved synfaringar. Ein meir systematisk dokumentasjon av erfaringar med ulike arbeidsmetodar og val av materialar og reiskap, og ei meir målbar overvaking av eventuelle endringar i konstruksjonar og bygningselement vil både krevja implementering av tenleg teknologi, og ein betre systematikk i overvakinga og dokumentasjonen av dei observasjonane som blir gjort.

Lokalisering

Formålet til Rogaland Folkemuseum var opphavleg å utvikle eit tradisjonelt friluftsmuseum i Stavanger, men resultatet blei eit desentralisert museum med avdelingar i Ryfylke og på Jæren. Bygningssamlinga er prega av denne bakgrunnen, og av dei ideane om kulturhistorisk verdi som galdt da museet var under etablering.²⁶

Arbeidsområdet til Ryfylkemuseet er frå 1981 den regionen som oppsto etter kommunereforma og behovet for regionale planområde i 1965. Før eventuelle endringar i den pågåande kommunereforma (2015/2016) er desse åtte kommunane med i regionen: Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda, Finnøy, Rennesøy og Kvitsøy. Museet er engasjert i museumstiltak i alle kommunane, men har ikkje bygningar i alle kommunar.

Den største samlinga av bygningar er i Suldal. Her forvaltar museet 11 avdelingar med til saman 54 bygningar.

Etter at dei første avdelingane var etablert i Suldal det første tiåret etter andre verdskrigen, blei arbeidsområdet utvida til Hjelmeland. I Viga i Hjelmeland forvaltar museet 10 bygningar.

I den innarste av Ryfylke-kommunane, Sauda, kom det til bygningar etter at museet var etablert som regionmuseum. På tre ulike lokalitetar forvaltar museet 18 bygningar.

Til saman er 81 av bygningane til museet lokalisert til dei tre indre kommunane i Ryfylke. Det er såleis ikkje ei bygningssamling som er representativ for heile det geografiske arbeidsområdet til museet.

Dei øvrige bygningane er eit naust i Finnøy, ein husmannsplass med ein tilhørande jordkjellar på Rennesøy, og eit sjøhus i Kvitsøy. I Finnøy og Strand forvaltar museet ikkje bygningar.

Eigarskap

Eigarskapet til dei bygningane vi forvaltar er fordelt slik:

²⁶ Sjå meir om dette i «Folk i Ryfylke», årboka til Ryfylkemuseet for 2004, og i innleiingskapitlet i «Innblikk», praktboka om museet frå 2013.

EIGAR	TAL BYGNINGAR
Ryfylkemuseet	44
Kommunar	5
Fylkeskommune	0
Kommune og Fylkeskommune, sameige	13
Staten	13
Private	8
Ukjent	2
SUM	85

Museet eig ikkje meir enn vel halvparten av bygningane det har ansvaret for.

Kommunane eig ein mindre del av bygningane. Sjøhuset på Grøningen i Ydstebøhavn på Kvitsøy er det Kvitsøy kommune som eig og tar ansvaret for. Sjøhuset i Bergevik i Forsand blir disponert av Forsand kommune gjennom ein leigeavtale. Kommunen har ansvaret for vedlikehaldet.

For husmannsplassen Bakken på Rennesøy er det inngått ein deponeringsavtale mellom kommunen og museet. Avtalen er følgt opp med eit mindre driftstilskott frå kommunen.

Noe meir problematisk er ansvaret for eit utløe/stølsbu i Slettedalen i Sauda. Ho var ein del av porteføljen til Kulturminnenemnda i Sauda, og følgde med da den gjenstandssamlinga som Kulturminnenemnda hadde på Høllandsheimen i 1981 blei overført til Ryfylkemuseet. Men det ligg ikkje føre noen avtale om eigarskapet til bygningen. Det er såleis rimeleg å anta at det er Sauda kommune som er eigar av bua, men vi kjenner ikkje til om det finst noen avtale mellom tidlegare eigar og Sauda kommune.

Dei 13 bygningane som er oppført som eit felleseige mellom kommune og fylkeskommune, er bygningane på Li, som Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune kjøpte i lag i 2009. Det blei seinare inngått ein avtale med museet om ansvaret for vedlikehald og drift. Denne er seinare følgt opp med styrking av budsjettet til museet, om enn ikkje i så stor grad som museet meinte var nødvendig.

Ytterlegare problematisk er det at museet har brukt store ressursar på flytting og rekonstruksjon av låa på Hustveit, og rekonstruksjon av smia, utan at det er gjort noen endringar i avtalen om ansvars- og oppgåvefordeling. Resultatet er at museet har tilført Staten store ressursar, utan å få noen støtte til drift og vedlikehald.

Staten eig bygningane på Hustveit i Sauda. Det blei inngått ein avtale om ansvars- og oppgåvefordeling i 1989 der Ryfylkemuseet fekk hovudansvaret for bevaring av bygningane og formidling av historia til staden. Oppgåva har ikkje gitt nødvendig utteljing i budsjettet. Sauda kommune auka driftstilskottet sitt noen år, men har så redusert det att. Det er problematisk at eigaren unndrar seg det økonomiske ansvaret for bygningane.

Oppsummert er det dekning for å seia at kommunane og staten ikkje tar tilstrekkeleg ansvar for bevaring og formidling av bygningar dei eig, medan fylkeskommunen i større grad tar eit

slikt ansvar. Det bør bli eit tema for vurderinga av drifta og den vidare utviklinga av bygningssamlinga korleis ein kan få eigarane til å auke sine bidrag.

Det er 8 bygningar som er i privat eige. Dette gjeld kvernhusmiljøa på Øystad og Ritland (Kvednahola), naustet i Lalid og eit utløe på Hustveit.

Kvernhusmiljøa ser ut til å ha vore del av ei svært stor interesse hos forgjengarane våre i museet for å få hand om kvernhusmiljø. Avtalane med eigarane, som dels var munnlege, gikk ut på at museet skulle få hand om bygningane ved å setta dei i stand og ta ansvaret for framtidig vedlikehaldet av bygningane. To slike miljø er tidlegare tilbakeført til dei tidlegare eigarane, eit miljø på Fisketjøn og eit på Hjorteland, begge i Suldal.

Naustet i Lalid var naust for kyrkjebåten frå Hamrabø. Båten er nå flytta til Kolbeinstveit, og det er uklart kva status naustet har. Truleg er bakgrunnen slik at grenda fekk lov til å ordne eit naust for kyrkjebåten hos grunneigaren, utan at det blei inngått noen formell avtale. Om det da er grendefellesskapet eller grunneigaren som eig naustet, er såleis uvisst.

Utløa på Hustveit er vølt etter avtale med grunneigaren til nabogarden.

Dei to bygningane som er merka som «herrelause» er restar etter eit bygdeutviklingsinitiativ på Kolbeinstveit i åra 1993-1998. Brygga blei bygt for å kunne ta i mot «Suldalsdampen», medan hjulhuset blei sett opp for å huse eit vasshjul frå Nerheim. Bygeutviklingsprosjektet har ønskt å overføre ansvaret for hjulhuset til museet.

Opphav

Ei særkjenne ved Ryfylkemuseet er at ein stor del av bygningane står på sine opphavlege tufter. 64 av dei 87 bygningane, nesten $\frac{3}{4}$, står på rot.

Den einaste staden det har vore tilflytting av bygningar er på Kolbeinstveit,. Der kan det sjå ut som om ein har hatt tankar om å bygge ut eit tradisjonelt friluftsmuseum kring dei opphavlege bygningane i tunet, som ei slags erstatning for den tapte ideen om eit friluftsmuseum i Stavanger. Andre stader er det ikkje tilflytta bygningar, men det er noen rekonstruksjonar.

På Kolbeinstveit er naustet ved Suldalsvatnet rekonstruert på grunnlag av fotografi og spor i terrenget. I arbeidet med rekonstruksjonen blei det lagt stor vekt på den prosessuelle autentisiteten.

På Røynevarden er løa rekonstruert på same måten. Der var det i tillegg bygningselement å ta utgangspunkt i.

Halvtekja over eldstaden ved stampa på Kvæstad er rekonstruert ut frå foto.

På Hustveit hadde vi ein god informant i eigaren til nabogarden, Ola Hustveit. Rekonstruksjonen av vassrennene i Kvednafossen er delvis utført av han, delvis etter rettleiing av Ola. Smia er det Ola som har rekonstruert etter sitt minne om korleis ho såg ut, og den tradisjonskunnskapen han var berar av.

Dei nybygga som er tatt med i oversynet er dei to byggverka som bygdeutviklingsgruppa på Kolbeinstveit sette opp, overbygget for hjulhuset frå Nerheim og brygga til «Suldalsdampen», og huset for trøskjeverket frå Førland. Ingen av desse bygga er dokumenterte, og vi veit ingen ting om grunnlaget for konstruksjonen av dei.

Det er dessutan to nybygg på Sand, som eigentleg ikkje inngår i den antikvariske bygningsmassen, «Nybygget», som er eit kontor-, magasin- og verkstadbygg, og ein lagerhall som blir brukt som kaldt lager og verkstad for store arbeid.

Det siste nybygget er eit båthus som blir ført opp over slippen til M/B Suldal på Strandanes i Suldal. Dette blir konstruert som eit tradisjonelt høghus, og det vil framstå som ein rekonstruksjon av ein byggemåte som blei mye brukt i løer i ein periode etter andre verdskrigen.

Det er også to flytande fartøy med i oversynet, motorbåten «Suldal» og jekta «Brødrene af Sand». Dei seilar begge i sitt opphavlege farvatn, og stiller store krav både til vedlikehald og drift.

Det er ein stor verdi ved bygningssamlinga til Ryfylkemuseet at ein så stor del av samlinga står på sine opphavlege tufter, eller er rekonstruert på sine opphavlege tufter med grunnlag i godt kjeldemateriale og høg kompetanse i tradisjonshandverk.

Dei bygningane som er flytta til Kolbeinstveit er delvis plasserte på lite tenlege stader, delvis forringar dei opplevinga av det opphavlege tunet.

Aldersfordeling

Vi veit nokså godt når museet tok på seg ansvaret for dei bygningane museet forvaltar. Tidfestinga av når bygningane blei reiste er meir usikker, og dokumentasjonen av det som er gjort med bygningane undervegs er nokså mangelfull. Og så spørst det kva årstal som er mest interessante for eit museum.

Det er i alle fall ingen tvil om at det var aldersverdien som talde mest da museet blei etablert. Det kom til å prege både innsamlinga og arbeidet med bygningane etter at dei var blitt museumsbygningar.

Det eldste huset museet forvaltar er Guggedalsloftet som nå står på Kolbeinstveit i Suldal. Eldste delen av dette er bygt av tømmer som er felt i 1281. Dette er det einaste

mellomalderbygget i samlinga, og det eine av to profane mellomalderbygg som er bevarte i Rogaland. Loftet er freda.

Husa på Li er dei neste i ei kronologisk framstilling av bygningssamlinga. Det er frå sakkunnig hald slått fast at desse har eit mellomalderpreg, men at dei eldste av husa ikkje kan vera bygde tidlegare enn på 1600-talet.

Vi har også andre hus, eller delar av hus, som kan vera frå 1600- eller 1700-talet. Målastova og Homannsbua på Håland er begge frå 1600-talet, skulehuset på Jelsa frå 1774, og delar av hovudbygningane på Viga og Hustveit er frå 1600- eller 1700-talet.

Hovudmenga av bygningar er reist på 1800-talet. Noen tidleg i hundreåret, som i Viga, noen midt i hundreåret, som på Kolbeinstveit og Hustveit. Dei to husmannsplassane, Bakken og Røynevarden, er begge frå 1800-talet. Likeeins dei to fartøya som er med i oversynet.

Dei viktigaste bygningane frå 1900-talet er industriarbeidarbustaden i Åbøbyen i Sauda, og sjøhuset i Ydstebøhavn på Kvitsøy.

Samla sett er det først og fremst 1800-talet som er representert i bygningssamlinga, men med viktige bygningar frå hundreåra før, og der Guggedalsloftet og Li har særleg stor aldersverdi.

Tilveksten av hus under forvalting av museet har serleg skjedd i tida frå 1950-åra og fram til og med det første decenniet etter årtusenskiftet. Tunge delar av samlinga var etablert før museet blei gjort om til regionmuseum. Det gjeld Kolbeinstveit, Røynevarden, Viga og delvis Håland, medan Hustveit og Li har vore dei mest omfattande tilvekstane i tida etter 1980. Det har berre i liten grad vore gjennomført noen sanering av bygningsmasse.

Restaurerings- og innreiingsarbeid avspeglar i liten grad det tidspunktet museet overtok ansvaret for husa. Bygningsforvaltinga vidarefører i stor grad ein tradisjon for tilbakeføring til ein tidlegare situasjon, om enn ikkje like tilbake til opphavet.

Fordeling av hus for ulike funksjonar

Ettersom ein stor del av husa står på sine opphavlege tufter, og er ein del av eit bygningsmiljø, er det ei god fordeling i samlinga mellom innhus og uthus, mellom hus for bustadformål, og hus for dyr og andre funksjonar.

Ein overveldande del av samlinga er knytt til jordbruket. Tilknytinga til fjorden og sjøen er representert ved sjøhusa på Sand, Forsand og Kvitsøy, til jekta «Brødrene af Sand», og delvis til Viga. Industrisamfunnet er representert ved arbeidarbustaden i Åbøbyen. Tertiærsektoren ved skulehuset på Jelsa.

Sosial og økonomisk representasjon

Museet var tidleg ute med å ta vare på ein husmannsplass. Seinare har det kome ein til. Sjøhuset i Bergevik fortel og ei historie om bustadforholda for dei mindre bemidla. Ryfylkemuseet har såleis ein ganske god dokumentasjon av bu- og leveforholda for dei som sto lågast i det sosiale og økonomiske hierarkiet i det gamle bondesamfunnet.

I ei mellomstilling er bygningssamlingane på Hustveit og Li, medan Kolbeinstveit og Viga både økonomisk og personalhistorisk er knytt eit betre sjikt i bygdesamfunnet. På toppen troner Håland som eit dokument over dei sterke dynastia i Ryfylke.

Samla sett representerer samlinga av bygningar frå det gamle bondesamfunnet ei stor sosial og økonomisk breidde.

Samlinga av bygningar frå andre delar av primærnæringane er det verre med. Utanom dei nemnde sjøhusa har vi ingen bygningar som er knytt til sjøbruket.

Heller ikkje sekundær- eller tertiærsektoren er nemneverdig representert. Arbeidarbustaden i Sauda er viktig, men vi manglar funksjonærbustaden og andre bygningar som var knytt til utviklinga av industrisamfunna på 1800- og 1900-talet.

Byggemåten

Dei husa Ryfylkemuseet rår over er nesten utan unntak trekonstruksjonar, men med eit par jordkjellarar der bruken av trematerialar er nokså smålåten. Eldhuset på Røynevarden er lødd opp av stein, med eit torvtak oppå.

Dei dominerande konstruksjonane er laft og stav.

Forhold til bygningar på andre museum

Musea i Rogaland har hand om kring 230 kulturhistoriske bygningar²⁷. Det er ikkje så mange. Det samla talet på kulturhistoriske bygningar på musea i Norge nærmar seg 5.000. I fylke som Hedmark, Oppland og Hordaland har dei over 500 bygningar kvar.

Ryfylkemuseet har den største bygningssamlinga mellom musea i Rogaland. Men også Jærmuseet, Haugalandmuseene og Dalane Folkemuseum har betydelege bygningssamlingar.

²⁷Museumsstatistikken 2014: <https://www.ssb.no/kultur-og-fritid/statistikker/museer/aar/2015-05-28?fane=tabell&sort=nummer&tabell=229126>

Det er eit karakteristisk trekk ved musea i Rogaland at ein vesentleg del av bygningane er bevarte på rot. Som ein følgje av dette er det gjennomgåande ei god fordeling mellom bustadhus og hus for andre formål.

Det er også slik ved dei andre musea i Rogaland at primærnæringane, og særleg landbruket, er sterkt representert i bygningssamlingane. Det er innslag av sjøretta bygningar, bygningar for handverk og industri, byborgarhus og hus frå den tertiære sektoren, men desse utgjer ingen dominerande del av samlingane, bortsett frå ved Museum Stavanger, der bygningar frå bondesamfunnet er heilt fråverande.

Til skilnad frå Ryfylkemuseet kan det sjå ut til at dei andre musea har fleire hus som er bygde med andre konstruksjonar enn stav og laft. Ein kan såleis sjå på bygningssamlinga til Ryfylkemuseet som ei kjernesamling for stav og laft.

Bygningssamlinga til Ryfylkemuseet utmerkar seg ved at ho er stor og utfyllande for det som var den dominerande levemåten, og dei framherskande bygningskonstruksjonane i Ryfylke frå mellomalderen og fram til ut på 1900-talet, men ho utfyller elles i liten grad samlingane ved dei andre musea.

Tilstand

Som ein del av dette prosjektet er det gjennomført synfaring av dei aller fleste bygningane til museet. Etter dette er det, med bakgrunn i eigne observasjonar og tidlegare innmelde avvik²⁸, gjort eit forsøk på å tildele bygningane tilstandsgrad, konsekvensgrad og ei overordna tiltaksklassifisering etter Norsk Standard for Bevaring av kulturminne²⁹.

Tilstandsgraden gir uttrykk for ei samla vurdering av alle relevante symptom på ein bygning. Tildelinga av tilstandsgrad blir gjort på denne måten:

TG 0 Ingen symptom

TG 1 Svake symptom (T.d.: Målinga er slitt, det er mosedanning på takstein, eller enkelte takstein kan vera brekte.)

TG 2 Vesentelge symptom (T.d.: Lokale roteskader som krev utbetreing eller delvis utskifting.)

TG 3 Kraftige eller alvorlege symptom. (T.d.: Taklekkasje med påfølgjande fuktskader og risiko for sopp- eller roteskader.)

Deretter blir det gjennomført ei risikovurdering som fører fram til ei vurdering av kor mye det hastar med å få utbetra skaden, uttrykt gjennom ein konsekvensgrad på denne måten:

²⁸ I Primus 2/FDV

²⁹ Norsk Standard, NS-EN 16096:2012 Bevaring av kulturminner – Tilstandsanalyse av fredete og verneverdige byggverk

KG 0 På lang sikt

KG 1 På middels lang sikt

KG 2 På kort sikt

KG 3 Strakstiltak

Til slutt blir det gjennomført ei overordna vurdering med tilråding om tiltak, uttrykt gjennom tiltaksklasser:

TK 0 Ingen tiltak

TK 1 Vedlikehald/førebyggande konservering

TK 2 Moderate reparasjonar og/eller ytterlegare undersøkingar


TK 3 Store inngrep basert på diagnose

Tildeling av tilstandsgrad, konsekvensgrad og overordna tiltaksklasse er supplert med meir utfyllande omtale av tilstanden i Primus FDV, der det også er lagt inn foto av bygningane med markering av symptom.


Med bakgrunn i denne metoden har vi kome fram til følgjande resultat for dei 82 byggverka som er tilstandsvurderte.

KLASSE	TG		KG		TK	
0	18	22,0 %	20	24,4 %	10	12,2 %
1	28	34,1 %	40	48,8 %	34	41,5 %
2	25	30,5 %	15	22,0 %	27	32,9 %
3	11	13,4 %	7	8,5 %	11	13,4 %
	82		82		82	


Vi fann altså at 36 bygningar, 43,9% av den undersøkte bygningsmassen, hadde tilstandsgrad 2 eller 3. Tar vi også med dei bygningane som berre hadde behov for ordinært vedlikehald, fann vi at det var arbeid å gjera på 78% av bygningsmassen.



Konsekvensane blei vurdert noe mindre kritisk. Her fann vi at 22 bygningar, 20,5% av bygningsmassen hadde behov for tiltak på stutt sikt, eller som strakstiltak. Vi har altså vurdert det slik at ein del av dei symptoma som blei oppdaga ikkje vil få vesentlege konsekvensar om det tar litt tid før dei blir utbetra. Grafisk framstilt ser oversynet over risikovurderinga, eller konsekvensgraden, slik ut:



I den overordna vurderinga av tiltaksklasse konkluderte vi med at 38 bygningar, 46,3% av bygningsmassen var i ein slik stand at reparasjonar av større eller mindre grad måtte settast i verk om ikkje altfor lenge. Tar vi også her med dei bygningane som trong pleie på noe lengre sikt, fann vi att det var behov for tiltak på ein vesentleg del av bygningsmassen, 87,8%, innafor det tidsrommet som bli kalla «middels lang sikt». Det ligg altså føre store vedlikehalds- og reparasjonsoppgåver ved museet. Den overordna tiltaksklassifiseringa er framstilt grafisk nedanfor.



Sikring

Godt vedlikehald er den viktigaste forma for sikring av bygningane. Medveten bruk den neste. Bruken av bygningane skal vi sjå nærmare på nedanfor. Sikring mot skadeverk, brann og andre ulukker er det vanskelegaste.

Ryfylkemuseet vedtok ein revidert sikringsplan sist i 2012.³⁰ I arbeidet med denne blei det gjennomført ei risikoanalyse for brann, naturskade, tjuveri og hærverk, og det blei utarbeidd ei prioritert tiltaksliste som blei lagt til grunn for planlegging, finansiering og gjennomføring av ulike sikringstiltak. Dei planlagte tiltaka blei gjennomført i åra 2013-2014, men det betyr ikkje at alle anlegg er fullgodt sikra.

Det er montert brann- og innbrotssalarmer ved dei mest risikoutsette anlegga, og det er sett i verk andre tiltak som skal hindre uønska trafikk og fare for innbrot og hærverk. Slike tiltak må balanserast mot omsynet til fri ferdsel og inngrep i bygningar og kulturlandskap, samtidig som ein må sannkjenne at mange av anlegga til museet ligg slik til at det er vanskeleg å få til tilfredsstilland tilsyn. Varslingstida ved uønska hendingar vil i mange tilfelle vera lang, samtidig som mange feilmeldingar reduserer tilliten til systema.

Det er montert sprinkleranlegg noen få stader, men tilgangen til tilstrekkeleg vassforsyning gjer at dette ikkje er muleg å få til alle stader sjølv om det hadde vore muleg å finansiere. Nye

³⁰ Ryfylkemuseet: *Sikringsplan for bygningar og samlingar*, vedtatt 28.08.2012, Personalarkivet/Planar/1.02.3

tekniske løysingar kan gjera det aktuelt å vurdere andre former for automatisk sløkking seinare.

Konklusjonen må vera at museet har gjennomført dei sikringstiltaka som kan gjerast i forhold til dei tekniske og økonomiske føresetnadane som har ligge føre, men at karakteren til museet og andre forhold gjer det vanskeleg, eller fånytt å etablere noen fullgod sikring av samlingane.

Bruk

Erfaringane tilseier at den største risikoen for uønska hendingar er knytt til bruken av bygningane. Bruken omfattar både den utoverretta bruken av anlegga til undervisning, arrangement og framvisingar for grupper og enkeltbesøkande, og rutinar knytt til ettersyn, kontroll og drift av tekniske anlegg som vatn, varme, straum og rutinar for skadedyrkontroll.

Museet har gradvis fått betre kontroll på driftsrutinane. Etter at museet tok i bruk elektronisk FDV-system i 2012, er det god kontroll på alle rutinar knytt til ettersyn og kontroll av tekniske anlegg. Dette reduserer risikoen for uønska hendingar knytt til feil ved elektriske anlegg, frostskafer på vassleidningar eller skader etter invasjon av mus i bygningane.

Den største, gjenverande utfordringa, er gode rutinar for og opplæring i bruk av bygningane i den utoverretta verksemda. Men også her er det tatt grep. Forsøk med utleige av museumsbygningar blei raskt avslutta etter at det oppsto mindre skader og nestenulukker. Det er utarbeidd arbeidsinstruksar og manualar for bruk av anlegga, og det blir gitt opplæring til sesongtilsette.³¹ Men det er vanskeleg å få dette fullgodt når det er mange som skal arbeide ved mange anlegg i stutte periodar.

Risikoen ved bruk av anlegga kan vera undervurdert i det arbeidet som har vore gjort med utarbeiding av sikringsplan og driftsmanualar, omtalen av tiltak er avgrensa og gjennomføringa er mangelfull. Det kan vera behov for ei revidering av risikovurderinga ved bruk av anlegga, og av omtalen av tiltak og opplæring av personale, herunder meir systematiske rutinar for avviksmeldingar for å sikre lærdom og utvikling av sikringsarbeidet.

Ryfylkemuseet har ingen anlegg som har så mye besøk at slitasje er eit stort problem. Derimot er det utført tilpassingar i bygningar for å legge til rette for publikum, t.d. i fjaset på Kolbeinsteit, installasjon av lys og tekniske anlegg i bygningar der det ikkje har vore innlagt straum tidlegare, t.d. i loka på Hustveit, og det dukkar opp førespurnadar om tilrettelegging for utstillingar, t.d. på Li. Krav om universell utforming er ei anna utfordring. Museet har hatt ein restriktiv praksis for slik tilrettelegging, tilrettelegginga har vore smålåten, og det som har vore gjort er i hovudsak reversibelt.

³¹ Sjå t.d.: *Manual til Nesasjøhuset*, og *Manual til Kolbeinstveit*, begge utarbeidd 2015, G:\Formidling\36 Arrangement og sesongdrift\362.00 Sesongdrift\2015\Rutiner

Konklusjon

Det var utarbeidd ein plan for kva slags bygningar som skulle samlast inn og flyttast til friluftsmuseet i Stavanger. Det skulle vera gardsbygningar frå Jæren og Ryfylke, og byhus frå Stavanger. Men før ein kom retteleg i gang med oppbygginga av museet gikk evna, eller entusiasmen, eller kva det var, tapt, og engasjementet blei flytta over til å ta vare på bygningar der dei sto.

Planen låg nok framleis i bakhovudet til pionerane, men praktiske omsyn, økonomien og begeistringa over aldersverdien, gjorde at etterlevinga av planen blei vanskeleg. Det var likevel ikkje verre enn at museet forvalta gardsbygningar både frå Jæren og Ryfylke da første generasjon museumsbyggerar ga seg. Men byavdelinga kom dei aldri i gang med.

Da bygginga av regionmuseet skulle starte var det ikkje lenger så klart at det var dei eldste relikta frå bondesamfunnet som skulle prioriterast. Og ein lukkast med å ta noen små steg inn i både industri- og kystsamfunnet. Men i samspelet med frivillige krefter og kommunale prioriteringar blei det likevel fleire hus frå bondesamfunnet.

Ryfylkemuseet rår over ei stor, brei og god samling av bygningar frå det gamle bondesamfunnet. Utfordringane ligg i dokumentasjonen av bygningskulturen til andre sektorar i samfunnet, til andre delar av regionen, og til nåtid og nær fortid. Det er dessutan noen utfordringar knytt til samspelet med eigarane av dei bygningane museet ikkje eig sjølv.

Tilstanden til bygningane er under kontroll, i den forstand at det berre er ein liten del av bygningane som blir vurderte slik at det er behov for omfattande inngrep innafor stutt tid for å redde dei (13,4%). På den andre sida er det ein like liten del av bygningsmassen som er i ein slik stand at det ikkje ligg føre behov for tiltak (12,2%). Museet har altså eit stort etterslep av vedlikehaldsoppgåver, store og små, i eit stutt til middels langt tidsperspektiv. Museet har opparbeidd høg kompetanse på arbeidet med den type bygningar som museet forvaltar, men har pr. i dag ikkje tilstrekkelege kapasitet i bygningsavdelinga til å få bygningane opp på eit tilfredsstillande vedlikehaldsnivå innan overskodeleg framtid

Sikringa av bygningane er så god som dei fysiske, tekniske og økonomiske føresetnadane tillet. I forhold til gjeldande risikovurdering, og dei utvegane som er til stades for sikring av bygningane, kan det vera grunn til å konkludere med at dette er godt nok i nåverande situasjon. Sikringsplanen er i skrivande stund tre år gamal. Det kan vera grunn til å vurdere ei revidering innan eit par år.

Driftsrutinane er godt organsierte, medan publikumsdrifta har forbettringspotensiale. Det bør leggast større vekt på risikovurdering ved bruk av anlegga, omtale av tiltak, melding av avvik og opplæring, særleg av sesongtilsette.

Del II

METODE

Tilrådinga frå Kulturrådet er at bygningssamlinga blir vurdert ut frå *kulturhistorisk verdi, relevans for museet og ressursbehov*. For kvar av desse vurderingane blir det gitt karakterar frå A til D som til slutt dannar grunnlaget for prioriteringane.

Ressursbehov

Omtale av ressursbehovet er eit forsøk på å vurdere teknisk tilstand og kostnader knytt til framtidig bevaring. Til hjelp i dette arbeidet rår Kulturrådet til å bruke NS-EN 16096:2012 «Tilstandsanalyse av fredete og verneverdige byggverk». I tilpassinga av denne standarden til ein praktisk arbeidssituasjon har vi fått hjelp frå Anno museum.

Med støtte frå Kulturrådet har Anno museum i perioden 2012-2015 gjennomført ei omfattande tilstandsvurdering av sine bygningar.³² Etter konsolideringa til eit fylkesomfattande museum er museet det største bygningsmuseet i landet, med ansvar for 530 bygningar. Museet vurderte både Riksantikvarens metode for tilstandsregistrering³³, Significance³⁴, og arbeidet med Primus 2 før det starta arbeidet. Resultatet blei eit delprosjekt der eit skjema for tilstandsvurdering sikra ei systematisk registrering og vurdering av tilstand og ulike former for skader. Skjemaet er meir omfattande enn det opplegget for tilstandsvurdering som er tatt inn i Primus 2, men er likevel ein tenleg reiskap i det feltarbeidet som må gjerast i arbeidet med ei tilstandsvurdering.

Vi har brukt dette skjemaet i vår tilstandsvurdering av bygningane i Ryfylkemuseet, men har kunna forenkle prosessen, da ein del basisopplysningar alt var lagt inn i Primus, saman med nyare avviks- og tiltaksmeldingar. Vår runde med tilstandsregistrering har såleis kunne avgrensast til ein kontrollrunde med registrering av mulege nye avvik. Tilstandsvurderinga er kvalitetssikra i lag med bygningsavdelinga ved museet. Resultata går fram av det oversynet over tilstanden som er tatt inn lenger framme i rapporten.

Kulturrådet rår til at resultata frå tilstandsvurderinga blir overført til eit gradert ressursbehov etter desse kriteria:

- A Lågt ressursbehov. Gjeld bygningar som er i teknisk god stand (TG 0), og der det ikkje er særlege kostnader knytt til forvaltning av bygningen.
- B,C Skal dekke middels og høgt ressursbehov.

³² I den første tida etter konsolideringa, og i starten på arbeidet med tilstandsregistreringa brukte museet ein periode namnet Hedmark fylkesmuseum.

³³ Riksantikvaren: *Veiledning til tilstandsregistrering av fredede bygninger i Askeladden*, <file:///C:/Users/rf-001/Downloads/VeiledningtiltilstandsregistreringavfrededebygningeriAskeladden.pdf>

³⁴ Significance er ein metode for vurdering av museumssamlingar som er utvikla i Australia. Haugalandmuseene har fått støtte frå Kulturrådet til å prøve ut denne metoden for prioritering av sine samlingar, og han kan, i norsk omsetjing, bli eit verktøy for vurdering av museumssamlingar. Sjå Grethe Paulsen Vie: Significance, <https://prioriteringavsamlingene.wordpress.com/2012/08/24/significance-2/>

- D Skal brukast for bygningar som har svært høgt ressursbehov, dvs. bygningar som er i kritisk dårleg stand (TG #), eller der istandsetting vil vera svært kostnadskrevjande av andre årsaker.

Ein skal ha tunga beint i munnen når ein skal operere med tilstandsgradar frå 0 til 3 i tilstandsvurderinga, og ressursbehov frå A til D i arbeidet med prioritering av bygningane. Den største utfordringa er likevel å kalkulere kostnadar med ei mengde små og store oppgåver på mange ulike stader i eit relativt langt tidsrom. Det må bli nokså omtrentleg, samtidig som ein må forvente at kostnadane vil stige til lengre tid det tar før ein tar i ferde med oppgåvene. Kostnadane vil også avhenge av kva metodar ein nyttar i arbeidet med reparasjon, vedlikehald og restaurering av bygningane.

Tradisjonshandverk eller «godt nok»

I utgangspunktet vil vi arbeide for å oppnå størst muleg grad av materiell og prosessuell autentisitet. Skal museumsbygningane framstå som referanseobjekt, kan ein ikkje fire verken på prinsippa for utskifting av bygningsdelar, materialval, verktøybruk eller arbeidsmåtar. Men i møte med dei økonomiske realitetane er det ikkje sikkert ein kan halde seg med like høge krav til alt det som blir gjort på eit museum. Kan hende må ein velja ut noen særleg verdfulle bygningar som blir forvalta i ein elitedivisjon, medan ein for andre bygningar må legge til grunn eit prinsipp om at det ein gjer må vera godt nok for å bevare bygningen. Dette skjer allereie på museum som har eit større omdømme å ta vare på enn Ryfylkemuseet.³⁵

Men dette reiser spørsmål om kva som er «godt nok»-løysingar. Og korleis skal vi greie å ivareta oppgåva med å vidareføre den handlingsborne kunnskapen, den immaterielle kulturarven, om vi ikkje skal utvikle kompetansen gjennom bruk av den tileigna kunnskapen?

Vi trur ein må sannkjenne at alle dei husa som er samla på musea ikkje burde vore der. Noen få kan ein kanskje avhende³⁶, men det meste av dei bygningane som er samla må ein innsjå at musea må ta vare på. Da kan prioriteringsprosjekt som dette vera med og skilje mellom dei bygningane som skal ha det beste stellet, og dei som ein elles skal ta vare på etter beste evne. Det er naturleg å tenkje at dei bygningane som blir plasserte i dei høgaste verdiklassane etter metoden til Kulturrådet også får den høgaste merksemda, medan resten blir stelt så langt tid og pengar rekk.

Det vil likevel vera feil å la prioriteringa av vedlikehaldet bli ein salderingspost, der ein til slutt har ressursar berre til å ta vare på prakteksemlara i samlingane. Musea må kjenne på det

³⁵ På Lillehammer museum, Maihaugen har ein måtta ta til med å legge platetak på tak som skulle hatt torv eller skifer for å halde kostnadane nede og for å vera noenlunde ajour med arbeidsoppgåvene. Høibo, Roy: Referat frå synfaring på Maihaugen 13.11.2015. På Norsk folkemuseum ligg det presenningar og papp på fleire tak som skulle hatt anna tekking. Omvising på Folkemuseet 03.11.2015.

³⁶ Avhendingsproblematikken er allereie reist. Mjøsmuseet har tatt opp spørsmålet i møte i Kulturrådet, og har vedtatt å selja Rud klokkargard, som har vore ein del av samlingane. Høibo, Roy: Intervju med direktør Arne Julsrud Berg 12.11.2015.

forvaltaransvaret som er overført frå tidlegare museumsgenerasjonar, og skjønne at det ikkje er noen andre som verken kan, eller har kompetanse og ressursar til å ta vare på og vidareføre dei bygde omgjevnadane våre, og kunnskapen om korleis det blei gjort. Det er viktig å kjempe for tilstrekkeleg løyvingar til musea, og det er viktig å prioritere bygningane høgt nok i den interne kampen om midlane på musea.

Kulturhistorisk verdi

Kulturhistorisk verdi handlar om dei eigenskapane bygningane har, og dei kunnskaps-, opplevings- og bruksverdiane som er knytt til bygningane. Tidlegare var det slike kriterier som var hovudsaka i vurderinga av ein bygning.³⁷

Forholdet mellom dei kriteria Kulturrådet tilrår, dei som har vore brukt tidlegare, og dei vi har vald ut for vårt formål nå, kan illustrerast på denne måten:

KULTURRÅDET	TIDLEGARE BRUK	I DENNE RAPPORTEN
	Aldersverdi	Aldersverdi
Historikk		Kunnskapsverdi
Karakteristika/eigenart/stil		
Funksjon		Funksjon
Byggemåte/materialbruk		Byggemåte/materialebruk
Grunnlag for innlemming i museumssamlinga		Grunnlag for innlemming i museumssamlinga
Sjeldan/representativ	Forekomstverdi	Sjeldan/representativ
Historiefortellande verdi	Formidlingsverdi/pedagogisk verdi	
Kjeldeverdi	Kunnskapsverdi	
Estetiske kvalitetar		Estetiske kvalitetar
Symbolverdi		Symbolverdi
Opplevingsverdi	Opplevingsverdi	Opplevingsverdi
Autentisitet	Verdien av det ekte	Autentisitet
Relasjon til samlinga/andre samlingar		Relasjon til samlinga
Miljøverdi		Miljøverdi
Verdi for gjenstandssamling		Verdi for gjenstandssamling
Dokumentasjon		Dokumentasjon
	Resussverdi	
Utviklingspotensialet		Utviklingspotensiale
	Tilgjengeleg	
Verdierklæring/konklusjon		Verdierklæring/konklusjon

³⁷ T.d. i «Fylkesplan for kulturminner», Fylkeskulturstyret i Rogaland 1989.

Vi har vald å behalde **aldersverdi** som eit eige kriterium, da dette var ein vesentleg verdi ved den innsamlinga av bygningar som pionerane i museet sto for. Men dette illustrerer eit dilemma i forhold til kva briller ein skal sjå bygningane gjennom. Pionerane i museet hadde andre formål med si innsamling enn den vi har definert i dag. Samlinga er såleis også eit dokument over korleis ein tenkte om fortid og samtid i den tida bygningane blei samla. Det er ikkje uproblematisk å omdefinere formålet med eksisterande museumssamlingar etter den samfunnsrolla musea til ei kvar tid skal ha. Det er såleis ikkje utan vidare enkelt å legge til side dei kriteria som låg til grunn for innlemming av bygningane i museet. Dette vil bli nærmare drøfta når vi skal vurdere relevansen for museet (sjå nedanfor).

Aldersverdi er også brukt synonymt med antikvarisk verdi, men dei fleste meiner nok at antikvarisk verdi har ei vidare tyding, og omfattar eit sett av verdier, som t.d. historiske, kulturhistoriske, estetiske, arkitektoniske verdier osv.³⁸

Når Kulturrådet brukar *historikk* som ein kulturhistorisk verdi, meiner det den eller dei historiene som kan knytast til ein bygning. Men dei brukar i same rennet nemninga *funksjon* for å definere bygningens *karakteristika*.³⁹ Dette overlappar likevel det Kulturrådet kallar *historiefortellende verdi*. Rettleiinga frå Kulturrådet framstår til tider som eit innspel til drøfting. Vi har vald å samle desse verdiane i det vi har kalla **kunnskapsverdi**, og tenkjer at ein bygning er meir verdfull dess meir vi veit om bygningen i seg sjølv og det som har gått føre seg i og kring bygningen. *Kjeldeverdien* til bygningen, i kva grad bygningen er eigna til å fungere som kjelde til kunnskap om tradisjonshandverk, materialbruk, prosessar og metodar, er ein del av kunnskapsverdien til bygningen, men kjeldeverdien kan og, til forveksling, vera det same som autentisiteten (sjå nedanfor).

Vi har vald å skilje ut **funksjon** som eit eige kriterium. Med funksjon meiner vi det formålet bygningen er bygt for.

Kulturrådet spør etter om «det er ein bestemt stilart, materialbruk eller byggemåte som preger bygningen og som er særleg viktig». Kulturrådet vågar ikkje å bruke omgrepet byggeskikk, men byggeskikk kan definerast som ein måte å bygge på, og da helst i ein regional eller lokal kontekst. Vi har vald å bruke Kulturrådets nemning **byggemåte/materialbruk** som konkretiserer kva det handlar om.

Når Kulturrådet spør «hva var det ved bygningen som gjorde at den i sin tid ble innlemmet i museet», er det også eit kriterium som kan overlappe andre spørsmål, på den måten at dei verdiane som gjorde at ein bygning blei innlemma i museet ofte kan vera dei same verdiane som vi legg til grunn for verdivurderinga av bygningen i dag. På den andre sida kan verda sjå annleis ut i dag enn ho gjorde for to-tre generasjonar sidan. Vi har derfor vald å ta med dette kriteriet, og har prøvd å sjekke ut kva som var **grunnlaget for innlemming i museumssamlinga**, i den grad det finst kjelder som kan vera oppklarande i forhold til spørsmålet.

³⁸ Boe, Liv Hilde m.fl.: Ord for ord, Fortidsminneforeningen 1981

³⁹ Leden, Siv: Prioritering i bygningssamlinger, side 12 og 21, Kulturrådet 2015

Sjeldan/representativ er sentrale omgrep i kulturminnevernet. Begge delar kan vera viktige grunnar til å ta vare på ein bygning. Med *representativ* meiner ein at ein bygning er typisk for bygningar bygt for eit bestemt formål, i ein bestemt økonomisk eller sosial kontekst, eller i eit bestemt område. Når ein bygning framstår som *sjeldan* kan det vera fordi han er ein av få bevarte eksemplar.

Estetiske kvalitetar er ein vanskeleg kategori. Det handlar om ein bygning er velforma, velproporsjonert, godt laga, om det utført godt handverk og/eller brukt materialar av god kvalitet. Vernehistoria er full av døme på at slike bygningar har kome høgt opp på prioriteringslista. Estetikken kan vera ein viktig tilleggsverdi, men bør ikkje vera avgjerande når vi skal samle kjelder til kunnskap om og forståing av fortida.

Da er det enklare med **symbolverdi**. Museumsbygningar kan vera høgt verdsette fordi det var bygningar som hadde ei særleg tyding i si samtid, eller dei kan ha fått det gjennom sin funksjon som del av eit museum. Det kan vera viktig å forstå ein eventuell symbolverdi når bygningssamlinga skal prioriterast.

Kulturrådet foreslår at både **opplevingsverdi** og **miljøverdi** skal vurderast. Vi har vald å følgje tilrådinga, men ser i praksis at desse verdiane er overlappande, og at det ikkje alltid er så lett å skilje mellom opplevinga av bygningen i seg sjølv og som del av eit miljø.

Når ein skal vurdere **autentisiteten** må ein ta stilling til kva tidsrom ein skal referere til. Er det den opphavlege bygningen vi søker mot, eller bygningen slik han framsto da han blei innlemma i museet? Og kva er gjort med bygningen både før og etter at han blei ein museumsbygning? Vi vil gjerne at museumsbygningane skal framstå som autentiske referanseobjekt, men vi veit at dei ofte ikkje gjer det. I vurderinga av autentisiteten vil vi ha god nytte av den historikken vi kan utleie av bygningen sjølv og dei kjeldene som elles måtte finnast. **Dokumentasjonen** som finst om bygningen er såleis viktig for å kunne vurdere autentisiteten, men også som ein grunnlag for den kunnskapsverdien vi omtala ovanfor.

Den kulturhistoriske verdien til ein enkeltbygning skal også vurderast i forhold til den samanhengen, eller **relasjonen** han går inn i, både som del av museets eiga samling, eventuelt også i forhold til samlingane til andre museum, og i forhold til dei gjenstandane som måtte vera plasserte i bygningen. Ein tenkjer vel ikkje da først og fremst på bygningen som museumsmagasin, men på inventar, utstyr og reiskap som dokument og grunnlag for formidling av kunnskap og opplevingar.

Til slutt blir vi bedne om å vurdere **utviklingspotensialet**. Spørsmålet er om verdien kan aukast, eventuelt korleis, om ny kunnskap kan auke den kulturhistoriske verdien, eller om han kan aukast gjennom reparasjon, restaurering eller endringar i omgjevnadar eller interiør.

Summen av vurderingane av kulturhistorisk verdi blir karakteriserte gjennom ein skala som ser slik ut:

A Svært godt/svært mye (svært høy - prakteksemplara)

- B Godt/mye (høg – den gode delen av samlinga)
- C Nokså godt/noe (middels)
- D Dårlig/lite (låg)

Relevans

Relevans handlar om den verdien bygningane har som **bidrag til å realisere formålet og oppfylle samfunnsrolla til museet**. Kulturrådet ber oss vurdere samsvaret med museets mål og planar om den verdien bygningane har som bruksressurs for museet.

Det overordna formålet til Ryfylkemuseet er i kortform formulert slik:⁴⁰

Ryfylkemuseet skal tilby kunnskap og opplevingar og skal bidra til ei positiv bygdeutvikling i Ryfylke.

Museet har elles merka seg føringane i dokument frå Kulturdepartementet, der vidareføring av gamle handverk, bevaring av bygningar, tekniske og industrielle kulturminne, og kunnskap om kultur og natur og samspelet mellom desse er gjort til prioriterte tema.⁴¹

I museumsmeldinga er samfunnsrolla til musea formulert slik:⁴²

Selve samfunnsrollen eller samfunnsoppdraget for museene ligger i å utvikle og formidle kunnskap om menneskers forståelse av og samhandling med sine omgivelser.

Ryfylke har gjennomgått nokså store endringar i tida frå seinmellomalderen og fram til i dag, som er det tidsrommet museet skal arbeide med. Det kan framstå som ei nokså stor utfordring å kombinere dokumentasjon og bevaring av materielle og immaterielle leivningar frå heile denne perioden, med ei formidling som er aktuell for dei som lever i dag, og bidrag til utvikling av kultur- og reiselivsnæringane.

Ryfylke var eit område der folk levde av jordbruk, skogbruk og fiske til det blei etablert mølleindustri på Tau og gruvedrift i Sauda på midten og slutten av 1800-talet, og smelteverk på Jørpeland og i Sauda først på 1900-talet. Fjorden var samferdsleåra, og det kom ikkje veg gjennom Ryfylke før lenge etter andre verdskrigen. Bortsett frå industristadene, blei Ryfylke sett på som ein retardert oase for rekreasjon og tradisjon. Det var ikkje tilfeldig at Suldal blei eit kjerneområde for aktivitetane til Rogaland folkemuseum da arbeidet med å etablere museet starta i mellomkrigstida.⁴³

I dag er Ryfylke eit fleirkulturelt samfunn, der dei fleste yrkesaktive er sysselsette i den tertiære sektoren, men med ulike utfordringar i dei ulike kommunane. Medan folketalet aukar

⁴⁰ Handlingsprogram 2015-2018, Ryfylkemuseet 2014

⁴¹ St.meld. nr. 48 (2002-2003), Kulturmeldinga

⁴² St.meld. nr. 49 (2008-2009), Museumsmeldinga

⁴³ Sjå meir om industristadene i årbøkene til Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke, for 2010 og 2012.

i dei bynære kommunane, slit kommunane i dei indre delane av Ryfylke med å oppretthalde folketalet.

Ved Ryfylkemuseet har vi prøvd å møte desse utfordringane ved å definere ei samfunnsrolle.⁴⁴ I det arbeidet gikk vi tilbake til Velure-utvalet⁴⁵, som formulerte det utvalet kalla samfunnsnyttan, slik:

Samfunnsnyttan for museum ligg først og fremst i evna til å skapa nyfrikne og forståing, evna til å stimulera undring, til å stilla spørsmål, til å overraska og utfordra einskildmenneske emosjonelt og intellektuelt.

Da Enger-utvalet⁴⁶ skulle drøfte samfunnsoppdraget etterlyste det «en klargjering av hvilke faglige og kunstneriske formål de (kulturinstitusjonene) er til for. Eit viktig grep hos Enger-utvalet var å styrke «den kulturelle grunnmuren». Utvalet såg på musea som ein av hjørnesteinane i denne grunnmuren. Det er behov for å dreie fokus mot «kulturpolitiske verktyg som har til hensikt å dyktiggjøre befolkningen for kulturell deltakelse og skapende virksomhet». Dette er tankegodt som ikkje er ukjent for oss som har vore i bransjen sidan 1970-talet, da inkludering av lokalsamfunnet og samarbeid med frivillige deltakarar var fundamentale element i arbeidsmåten til det som blei kalla økomusea. For oss har dette vore ein naturleg arbeidsmåte i alle år, og vi har hatt samarbeid med ulike lag, bedrifter og grupper av privatpersonar eller enkeltmenneske i svært mange av dei tiltaka vi har arbeidd med.

Enger-utvalet drøfta også den kommersielle kulturproduksjonen, og antok «at kunst- og kulturproduksjon saman med kulturbaserte næringer som reiseliv representerer et stort verdiskapingspotensial i fremtiden». Også her kan vi vise til mange døme på slikt samarbeid. Ryfylkemuseet arbeider i tett samhandling med reiselivet i regionen, og har meldt interesse for å delta i tiltak som vi har meint kan styrke lokalsamfunnet eller regionen, som t.d. verdiskapingsarbeid i Sauda eller merkevareprosjektet til Ryfylke IKS. Dette tykkjer vi er både riktig og bra, men vi må samtidig ha tankar for at ei slik instrumentell tilnærming til oppgåvene våre fort kan koma til å stå i motsetnad til dei krava som elles blir stilte til oss om at vi skal fremje «kritisk refleksjon».

Endringa i det kulturpolitiske perspektivet handla om å gå frå å sjå på museum som verneinstitusjonar til å framheva musea som aktørar i den generelle utvikling av samfunnet. I dette ligg både ein fridom til å vera samfunnsnyttige, ikkje berre på ein stadfestande måte, men også gjennom kritiske og spørjande holdningar, og eit ansvar for å vera synlege medspelarar i samfunnsutviklinga.

Ved Ryfylkemuseet har vi tatt inn over oss dei formuleringane som blei fremja av Velure-utvalet og i etterfølgjande stortingsmeldingar og -proposisjonar, og har sidan vore trufaste mot desse i allslags dokument, søknadar og rapportar så langt det har vore muleg innafor dei avgrensa ressursane vi har hatt å rutte med. Velure-utvalet la vekt på den verknaden museum kan ha i samfunnet gjennom å vera *dialoginstitusjonar*. For å vera gode dialoginstitusjonar må

⁴⁴ Samfunnsrolla, strategiar for ei styrkt samfunnsrolle, Ryfylkemuseet 2014

⁴⁵ NOU 1996:7 – MUSEUM – Mangfald, minne, møtestad

⁴⁶ NOU 2013:4 – Kulturutredningen 2014

musea utvikle kunnskap og vera *samfunnsminne*, og dei må vera *møtestad* i den forstand at dei må kunne kommunisere med omverda for å formidle kunnskap og kunnskapsbaserte opplevingar. Her ligg grunnlaget for det vi har prøvd å få til sidan 1996.

På dette grunnlaget har vi både prøvd å aksle ei rolle som medspelar i den regionale utviklinga, som minnestad for delar av historia som vi sjølv, kommunane, fylkeskommunen eller frivillige entusiastar har sett som viktige, og som møtestad mellom fortid og nåtid og mellom menneske av ulikt opphav og med ulik tru, kultur og veremåte.

I dokumentet «Samfunnsrolla» har vi peika ut fem arbeidsområde der vi særleg vil søke å realisere ei styrkt samfunnsrolle:

- Det kulturelle mangfaldet i bygdene
- Dokumentasjon og formidling av barnekulturen
- Dokumentasjon og vidareføring av immateriell kulturarv
- Digitalisering og digital forvaltning av samlingane
- Bidrag til ei positiv bygdeutvikling

Vi antar at det i arbeidet med prioritering av bygningssamlinga blir viktig å sjå korleis forvaltninga av samlinga kan bidra til å styrke desse arbeidsområda, og at vurderinga av relevans må referere til dei måla som det er vist til ovanfor.

Men relevans-omgrepet til Kulturrådet omfattar også ei vurdering av **bygningane som bruksressurs for museet**. Korleis blir bygningane brukt i dag, kor viktig er denne bruken, er det potensielle interessekonflikter mellom bruk og vern, korleis er bygningen tilrettelagt for bruk, kan bygningen brukast på ein betre måte, eventuelt ved tilrettelegging, istandsetting eller ved å gjera han meir tilgjengeleg? Vi ser i praksis at vi må sjå denne vurderinga i samband med spørsmålet om utviklingspotensiale, som er ein del av vurderinga av kulturhistorisk verdi (sjå ovanfor).

Ryfylkemuseet har lenge lagt stor vekt på å hente fram, dokumentere og vidareføre **den handlingsborne kunnskapen** (den immaterielle kulturarven). I vurderinga av relevans blir vi bedne om å vurdere om bygningen støttar dette arbeidet, om bygningen kan gi særleg kunnskap om byggeteknikk, reiskaps- og materialbruk.

I tillegg blir vi bedne om å gjera greie for om det er knytt **forskning** til bygningen, eventuelt om bygningen har forskingspotensiale.

Til slutt skal det gjerast ei vurdering av det **økonomiske aspektet** knytt til bygningane. Genererer bygningen inntekter, er han attraktiv og trekker besøkande til museet, fører bygningen, eventuelt bygningssamlinga til inntekter for staden, kommunen, regionen eller landet? Har bygningen eventuelt potensiale for å generere inntekter?

I oppsummeringa av vurderinga av relevans blir følgjande karakterar brukte:

- A Høg relevans (bygning som er sentral for måla, planane og verksemda til museet - stjerneobjekt)
- B Relevant (bygning som er i samsvar med mål og planar, relevant og viktig for verksemda til museet)
- C Delvis relevant (bygning som er i samsvar med mål og planar, men som i dag har avgrensa tyding for verksemda til museet)
- D Lite relevant (bygning som ikkje er sentral for mål og planar, og som har lita tyding for verksemda – bygning som blir lite brukt, eller der funksjonane kunne vore ivaretatt like godt i ein annan bygning)

Summen av vurderinga av relevans, kulturhistorisk verdi og tilstand avgjer den endelege prioriteringa av bygningane. Med bakgrunn i det oversynet over bygningssamlinga, og den arbeidsmetoden vi har gjort greie for ovanfor, skal vi i neste del av rapporten sjå nærmare på bygningssamlinga til Ryfylkemuseet.

Del III

VURDERINGAR

Grunnlaget for prioriteringa er dei tilstandsrapportane som er utarbeidd etter synfaring til anlegga, og som er lagt inn som tilstandsvurderingar i pilotversjonen av Primus 2, og vurderingar av kulturhistorisk verdi og relevans etter den oppskrifta til Kulturrådet som det blei gjort greie for i del II av denne rapporten.

For systematikkens del er det utarbeidd eit skjema for vurdering av kulturhistorisk verdi og relevans for kvar enkelt bygning. Desse er arkiverte i bygningsarkivet saman med resten av materialet frå prosjektet. Dei karakterane som er skrivne inn i desse arka kan ha blitt endra i denne endelege rapporten, etter ei samla vurdering av materialet, og etter tverrfaglege drøftingar på museet.

Omtalen av bygningane er samla for kvar enkelt avdeling. Organiseringa av stoffet følgjer rekkefølga i arkivnøkkelen for bygningsarkivet ved museet.

Kolbeinstveit

Kolbeinstveit har lenge vore hovudtunet til museet. Da museet, etter lang leiting og dryge forhandlingar, landa på Kolbeinstveit som museumstun i Suldal, starta eit omfattande arbeid med restaurering, tilflytting av andre bygningar, og etter kvart publikumsretta arbeid med periodevis stor suksess.⁴⁷

Men det kan vera grunn til å minne om at det var eit anna tun museumsstyret ønskte seg. Det var Hoftun, grannegarden til prestegarden i Suldal. Her var eit tun med mange slags gamle bygningar for ulike formål. Men museet kunne ikkje by meir enn 30.000 for bygningane. Det tykte eigaren var for lite. Og så kom Albret Vasshus, lensmannen, med tilbod om å selja Kolbeinstveit. Det gjorde at etableringa av museumstunet i Suldal også fekk eit sterkt personalhistorisk grunnlag.

Albret Vasshus var gift med Gidske Kolbeinstveit, og dei forvalta Kolbeinstveit etter at dei gifta seg i 1927. Gidske var dotter av Kristine og Lars Kolbenstvedt. Lars var født på Kolbeinstveit i 1857, som nummer i to i søskenflokket, men var likevel den som overtok garden i 1885. Samtidig starta han som skipper på den nye dampbåten på Suldalsvatnet, D/S «Suldal». Han var og ein periode ordførar i Suldal, men i 1900 blei han lensmann i Hjelmeland.

Lars var son til Oleana og Njeld Kolbenstvedt, ordføraren, stortingsmannen, lensmannen og bygdehovdingen. I tillegg var han både utskiftingsformann og bankdirektør. Vi reknar med at det var Njeld som moderniserte og ordna gardstunet på Kolbeinstveit i 1850-åra. Dei opphavlege bygningane i tunet er såleis frå hans tid. Det er ei historie før Njeld si tid og, men den skal vi la ligge her.

Den siste Kolbenstvedten som budde på Kolbeinstveit var Lars, som flytta til Hjelmeland i 1903. Etter hans tid blei garden driven av forpaktarar like til i 1965, ti år etter at garden var blitt museumstun, eller bygdetun som museumsstyret kalla det.

I 1955 blei det skriva ei leigekontrakt med eigaren av Kolbeinstveit der museet fekk gå i gang med å skipe eit bygdetun. Føresetnaden var at dei husa som sto på garden skulle gå inn i bygdetunet, og at hus som blei tilførte «kan stemmast inn i råma av gardshusa som nå står». I 1959 kjøpte museet husa for kr. 17.000. Med på kjøpet følgde retten til å bruke området kring husa mellom riksvegen og vatnet, og dessutan området på austsida av Tveitåna på øversida av riksvegen.

Det var altså ein tanke heilt frå starten at bygdetunet ikkje berre skulle omfatte dei husa som alt sto på garden, men at det skulle flyttast til nye. Dei første nye var dei som hadde vore tenkt brukte i friluftsmuseet i Stavanger, og som alt var flytta dit. Seinare kom andre til. Dette har ført til at Kolbeinstveit er ein slags hybrid. Det er både eit kulturminne som er bevart på sin opphavlege stad, og eit konstruert friluftsmuseum. Dette kan gjera opplevinga ved å besøke

⁴⁷ Kolbeinstveit er nærmare omtala i Folk i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, 2004

staden rikare og meir mangfaldig, men det forstyrrar også bildet av den opphavlege gardsbusetnaden.

Det har dessutan vist seg vanskeleg å inkludere området nord for riksvegen i museumsformidlinga. Dermed har heller ikkje vedlikehaldet av dei bygningane som er plassert der blitt like høgt prioritert. Det er nødvendig å ta standpunkt til kva museet vil med desse bygningane, og ta konsekvensen av den avgjerda ein kjem fram til.



Kolbeinstveit har ei lang historie med å fungere som samlingsstad for bygdefolk og andre. Foto: Jarle Lunde.

Dei første åra museet var på Kolbeinstveit var det ingen omfattande publikumsaktivitet der. Det budde da også folk på garden som skulle drive han og leva av han. Museumsstyret kom likevel tidleg i gang med årlege kulturstemne knytt til olsokfeiringa. Desse blei raskt populære, og ein heldt fram med stemna like til slutten av 1990-talet, men da var også tida for slike stemne runne ut. Den lange perioden med kulturstemne, om lag 40 år, gjorde staden til ein sentral samlingsstad, og ein stad for bygging av medvit om eigen kultur og verdigjering av fortida. Kolbeinstveit blei såleis noe anna og noe meir enn eit gardstun der ein kunne vise fram gamle bygningar og arbeids- og levemåtar. Kolbeinstveit blei sjølv kulturen i Suldal. Det er ein posisjon museumstunet framleis kan profitere på, men det reiser og noen utfordringar i forhold til ei muleg fornying av tilbodet på staden.

Det er i alt 15 bygningar som hører til museumsgarden Kolbeinstveit, vassrenna til kverna og tørka i Tveitåna inkludert. I tillegg kjem tun, hage, vassveg, brygge og eit hjulhus som vi skal komma tilbake til.

Våningshuset

Hovudbygningen, våningshuset, var freda i 1941. Det var nok ein god grunn til å vurdere garden som museumstun. Det er ein vakker og velproporsjonert bygning, som er ein god representant for Ryfylkestilen i byggeskikken hos den betrestilte delen av bondesamfunnet på den tida huset blei bygt, med stove i eine enden, bu i andre, kammers bak begge romma, og gang og kjøkken i midten. Sove- og oppbevaringsrom på lemen, og ark med flatt tak, som moten hadde blitt i Stavanger. Kvitmåla, sjølv om det var raudt i ein periode som museumshus. Men ikkje heilt truverdig inne.

Museet tok ei tid etter overtakinga i ferde med ei slags tilbakeføring, der vi i alle fall veit at eit spiskammers i det som nå framstår som kjøkken blei fjerna. I staden blei det sett inn ei digert vetlebord, og kjøkkenet omgjort til eit «kulturstove». Seinare er stovekammerset omgjort til moderne kjøkken. Kva andre endringar som måtta ha vore gjort veit vi ikkje. Dokumentasjonen frå den tidlege museumshistoria er svak eller heilt fråverande.

Vi trur at det sentrale møblementet i bua, bordet og stolane, og kanskje benken på endeveggen har stått her sidan Lars og Kristine si tid på Kolbeinstveit. Resten av inventaret er innsamla gjenstandar. Ei tid blei huset brukt som eit slags utstillingsmagasin for inventar, utstyr og reiskap frå det gamle bondesamfunnet, men etter ei opprydding på 1980-talet, står det nå att i huset slikt som vi reknar med kunne ha hørt til der.

Når vi er såpass usikre på korleis det såg ut, og kva som er gjort, er det fordi dokumentasjonen er svak. Dei tidlegaste registreringane er frå 1973. Da ligg det føre registreringskort for bygningen, med foto både av eksteriøret og interiøret. I 1976 blei det gjennomført ei meir omfattande registrering med oppmåling. Men det som er målt opp og registrert er situasjonen etter at forpaktaren hadde flytta ut og huset var innreidd som museum. Det ser heller ikkje ut som det blei utført noen nærmare registrering av huset da det blei freda.

Ryfylkemuseet har fleire store bustadhus. Slike hus finn ein også på nærliggande museum. Men i Ryfylkemuseet er dette eit av dei finaste og mest velforma, og det utfyller den samla dokumentasjonen av økonomiske og sosiale forhold i regionen. Bygningen står dessutan på sine opphavlege tufter, som del av ein bygningsmessig heilskap, og er godt synleg for alle som kjører Suldalsvegen.

Sjølv med dei endringane som er gjort, og som har redusert utvegen til å forstå bruken av huset i nyare tid (fram til den tida museet overtok bygningen), framstår våningshuset på Kolbeinstveit som eit truverdig og autentisk uttrykk for si tid.

Vi skal komma tilbake til ei samla vurdering av bruken av og utviklingspotensialet for Kolbeinstveit, men ein kan vanskeleg vurdere våningshuset som anna enn at det er ein bygning med svært høg kulturhistorisk verdi, og som dessutan har høg relevans i forhold til vår formidling av kunnskap og opplevingar.

Bygningen er i generelt god stand, men han har eit visst etterslep av vedlikehaldsoppgåver, og er plassert i tiltaksklasse 2. Dei viktigaste oppgåvene ved tilstandsvurderinga hausten 2015

var skraping, vasking og måling av skadde flater utvendig, kitting og måling av skadde glas og puss og måling av grua.

Løa



Løa er eit lappverk av dårlege løysingar. Det vil komma store oppgåver med å halde løa vedlike i framtida.

ein bygning, som trass i endringane som er gjort med han, gir eit godt grunnlag for formidling av kunnskap om endringar i landbruket på 1800-talet.

Bygningen rommer ei utstilt reiskapssamling med forklaringar. Restar av høy er spreidd rundt i austre delen av låven. Det ser ikkje bra ut.

Løa på Kolbeinstveit er ei av tre store løer i porteføljen til Ryfylkemuseet, og det er den eldste som er bevart på sin opphavlege stad. Ho er dessutan ein viktig del av tunskipnaden. Det er såleis gode grunnar til å sjå på løa som ein svært relevant del av bygningssamlinga, men den kulturhistoriske verdien er noe forringa gjennom dei endringane som er gjort, og løa er ikkje i god stand.

Ved sida av våningshuset står ei typisk stavløe, med rom for mange funksjonar under same tak, 8 meter brei og 32 meter lang. Det er ein vedaskut i enden mot våningshuset, og ein reiskapsskut i andre enden. På nedsida av vedaskuten er det ein do. Bygningen blei reist som ein lekk i reorganiseringa av gardstunet i 1850-åra. Løa ber preg av gjenbruk av materialar. Konstruksjonen har vore underdimensjonert, noe som har ført i svikt både i stavlæggjer og golv.

Ei kjerresvol og ei kjørebru ser ut til å ha blitt fjerna etter at museet tok over bygningen. Fjosinnreiinga er borte. I samband med eit bygdutviklingsprosjekt blei det lagt provisoriske golv i fjosa.

Også løa blei registrert i 1976, men da var alt svola og den andre kjørebrua fjerna, og det er berre sparsame spor etter fjosinnreiing på dei bilde som blei tatt.

Bygningen er eit tidleg eksempel på ein samanbygd driftsbygning, og eit uttrykk for at det var opplyste folk som dreiv garden. Det er

Det er noen mindre utrasingar i muren på sørsida, stavkonstruksjonen står delvis på dårlege hansteinar, i vestre enden står veggene delvis nede i molda. Det er svikt i bjelkelaget i låven mot vest. Løa er eit lappverk av tidlegare og nyare reparasjonar, endringar og tilpassingar. Det er nødvendig å ha merksemda retta mot kritiske detaljar som kan ha store konsekvensar. Løa er plassert i tiltaksklasse 2.

Andre opphavlege bygningar på Kolbeinstveit

I 1924 veit vi at det sto eit eldhus i tunet, og eit hesthus. Det hørte smie til garden, og kvern og tørke. Dei to siste sto venteleg i Tveitåno. Hesthuset og smia står der ennå. Hesthuset i enden av løa, og smia langs vegen ned til vatnet. Her hadde garden naust. Dei andre husa er erstatta av andre hus enn dei som sto der i 1924.

Byggemåten tyder på at **hesthuset** kan vera eit av dei husa som er flytta med frå gamla Tveit, da det nye tunet blei etablert kring 1850. Det er ein enkel og velproporsjonert bygning som var ein viktig del av gardsdrifta, og som representerer ein funksjon som elles er dårleg representert i bygningssamlinga til museet. Men han har ikkje vore i aktiv bruk på svært lenge. Dei siste paktarane fann plass til hesten i fjossvola eller i fjaset.

Bygningen er i god stand, og det er berre alminneleg vedlikehald som skal til for å ta var på bygningen.

Da står det verre til med **smia**. Bygningen står avgøymt og avlåst i ei bratt li ned mot vatnet, det er mye skog tett inntil huset, med stor oppsamling av lauv og jord på baksida. Bygningen er i dårleg stand. Vi har plassert han i tiltaksklasse 3.

Det er likevel ein interessant bygning. Han er altså i utgangspunktet eit av dei fire opphavlege husa på Kolbeinstveit som framleis står der, og det er ingen haldepunkt for at bygningen er endra sidan oppføringa. Det ligg føre ei registrering med oppmåling av bygningen frå 1973.

Det er få bevarte smier på musea, og dette er den eldste og den best bevarte av dei to smiene i samlinga til Ryfylkemuseet. Det kan sjå ut til at den opphavlege innreiinga, eller restar av ho, er på plass i bygningen, men utstyret er i svært dårleg stand.

Vi skal også ta med **eldhuset**, eller brønnhuset, som sto i tunet da museet overtok bygningane, men som ikkje var det opphavlege eldhuset på garden. Det gamle eldhuset sto oppunder berget på andre sida av den riksvegen som går forbi tunet i dag. Men det brann i 1929. I ein mellomperiode blei smia brukt som eldhus. Etter krigen blei det sett opp att eit nytt eldhus i tunet av gjenbruksmaterialar frå ei tidlegare kvern. Da museet var etablert, og skulle generere pengar til drifta, blei eldhuset gjort om til toalettbygg for campinggjester. Den registringa som blei gjort i 1973 viser bygningen som vaskerom for campingplassen. I 2004 blei bygget reparert og sett i stand med moderne toalett og dusj, bøttekott og teknisk rom. Og det blei sett på ein skut i eine enden som hønsehus. Eldhuset har altså ingenting att av sin opphavlege funksjon, og er dessutan endra og ominnreidd på ein måte som gjer at det ikkje lenger har

noen funksjon som kulturhistorisk bygning, bortsett frå at bygningskroppen i seg sjølv kan symbolisere eldhusfunksjonen i eit gardstun. Huset er i god stand.

Naustet ved Suldalsvatnet viser tydeleg på eit bilde K. Knudsen tok i 1887/1888. Plasseringa av naustet er stadfesta av informantar, og hansteinane til konstruksjonen ligg framleis mellom strandsteinane. Med bakgrunn i dei kjeldene ein hadde om plasseringa og utsjånaden, anna kunnskap om naust kring Suldalsvatnet⁴⁸, og den tradisjonskunnskapen som var opparbeidd om stavkonstruksjonar, blei naustet rekonstruert i 2008. Sjølv om det ikkje er noe opphavleg naust, blei den prosessuelle autentisiteten godt ivaretatt gjennom rekonstruksjonsprosjektet. Museet har få naust i samlinga, og ingen i stavkonstruksjon. Bygningen utgjør såleis ein viktig del av samlinga, og det tener som hus for kyrkjebåten frå Hamrabø som er i eiga til museet. Naustet er i god stand, men manglar førebels permanent tak.

Tilflytta bygningar

Kolbeinstveit var ei realisering av ideen om å skipe bygdetun kring om i Rogaland, i staden for å bygge eit tradisjonelt friluftsmuseum i Stavanger. Så kunne ein tenkt seg at ein berande ide vidare var å ta vare på hus som hørte til ei eit gardstun. Men det stoppa ikkje der. Museet hadde allereie bygningar i si forvalting som måtte finne ei alternativ plassering til friluftsmuseet ved Mosvatnet i Stavanger, og det samla nye.

To av dei tilflytta bygningane står i hovudtunet på garden, loftet frå Guggedal og eit stabbur frå Bleskestad.

Guggedalsloftet er det eine av to middelalderbygningar i tre som er bevarte i Rogaland. Loftet er reist av tømmer som er hogd i 1281, og det er freda. Den einaste feilen med Guggedalsloftet er at det står på feil stad.

Loftet er automatisk freda som bygning frå førreformatorisk tid. Hos Riksantikvaren ligg det føre ein lite bildeserie av loftet tatt medan det sto på sin opphavlege stad på Guggedal i Bråtveit. Bygningen blei dessutan målt opp av Arne Berg i 1972. Bygningen er såleis vel dokumentert slik han står nå, men vi har mangelfull kunnskap om korleis loftet såg ut medan det sto på Guggedal.

Guggedalsloftet var det første huset museet erverva da det skulle etablere friluftsmuseum i Stavanger. Loftet blei flytta til museumstomta ved Mosvatnet, og var sentrum i den ambisiøse opninga av museet i 1936. I 1955 blei det flytta tilbake til Suldal, men nå til tunet på Kolbeinstveit, der det blei plassert midt i mot kjøkkeninngangen til våningshuset.

Guggedalsloftet er i seg sjølv ein unik bygning, og når han først står i tunet på Kolbeinstveit er han heller ikkje heilt utan meining i heilskapen. Bygningen er ein god illustrasjon til korleis ein oppbevarte mat og klede, og det kan gjerast ei god historie ut av dei tilsvarande

⁴⁸ Vold, Erik Walter: *Naust langs Suldalsvatnet*, prosjektarbeid, Høgskulen i Sør-Trøndelag/Ryfylkemuseet 2003

funksjonane i bua-delen av våningshuset. Det er i tillegg god grunn til å rekne med at bygningen har stor symbolfunksjon for brukarane av staden og dei som bur i området. Bygningen er i god stand.

Mellom eldhuset og våningshuset er det sett opp eit **stabbur** frå Bleskestad. Utforminga av tømmeret kan tyde på at det har høg aldersverdi. Det er truleg ein viktig grunn til at det er flytta til Kolbeinstveit. Stabburet har ingen naturleg plass i tunet på Kolbeinstveit, og blir brukt til ei litt tilfeldig oppstilling av ilåt. Det ligg ikkje føre noen dokumentasjon av bygningen. Bygningen er plassert i tiltaksklasse 2, dvs. at det etter kvart er behov for reparasjonar.

Det siste byggverket vi skal ta med mellom dei bygningane som er knytt til hovudtunet på Kolbeinstveit er **brygga** nede med Suldalsvatnet. Denne blei sett opp av bygdeutviklingsgruppa på 1990-talet for at «Suldalsdampen» kunne gå innom og ta opp passasjerar. Brygga har ingen kulturhistorisk interesse, men vil kunne komma til nytte att når «Suldalsdampen» kjem på vatnet att. Dekket på brygga blei skifta 2015, og brygga er såleis i god stand.

Ned til sjøen og brygga går det ein veg med ein støttemur som er i dårleg stand.

Resten av dei tilflytta bygningane står i området nord for riksvegen, og er ikkje synlege frå hovudtunet.

Dei bygningane som ligg nærmast vegen er tørka og kverna i Tveitåna. Desse er venteleg sett opp der som erstatning for dei som opphavleg hørte garden til. **Kverna** kom frå Mo (Josef Nerheim), **tørkehuset** frå Helganes. Dette er eit av nokså mange kvernhusanlegg som museet tok ansvaret for. Etter omgjeringa til regionmuseum avhenda museet eit anlegg på Jæren og to i Suldal, men sit framleis att med kvernhusanlegg på Viga i Hjelmeland, Kvendnahola og Øystad i Suldal, og på Hustveit i Sauda, attåt husa på Kolbeinstveit, fem kvernhusanlegg i alt. Alle dei andre er autentiske anlegg, husa på Kolbeinstveit er tilflytta.

Som vanleg er ligg også kvernhuset og tørka på Kolbeinstveit eit stykke unna hovudtunet, og husa inngår ikkje i dei omvisingane som blir arrangert i tunet. Men dei er godt synlege frå den store hovudparkeringsplassen ved Kolbeinstveit. Gangvegen frå parkeringsplassen og fram i tunet går berre noen meter frå husa. Husa har såleis ein funksjon som del av opplevinga ved å besøke Kolbeinstveit, og dei er velforma og godt plasserte i terrenget.

Husa er ikkje i altfor god stand. På kvernhuset er det behov for omfattande vedlikehaldsarbeid.

I Tveitåna står det og to andre hus, ei badstove frå Bråtveit og ei nybygd hjulhus med eit vasshjul frå Nerheim.

Badstova skal vera frå Guggedal den og. Ho kom på plass nokså snart etter at bygdetunet var etablert, men det er ingen haldepunkt for at det har vore badstove på Kolbeinstveit tidlegare. Det ligg ikkje føre noen dokumentasjon om bygningen. Museet eig ikkje andre badstover, og

ho kan gå inn i ei forteljing om tradisjonane med ølbrygging på gardane. Badstova er i dårleg stand, og krev omfattande restaurering.

Hjulhuset blei sett opp da ei bygdeutviklingsgruppe dreiv med aktivitetar på Kolbeinstveit noen år på 1990-talet. Det har ikkje vore noe hjulhus i Tveitåna tidlegare, det er ingen stad å overføre eventuell kraft frå hjulhuset, og huset er i dårleg stand. Det er tvilsamt om hjulhuset bør ha noen framtid i bygningssamlinga på Kolbeinstveit.

Ytterlegare tre hus var sett opp på haugen nord for riksvegen ved Kolbeinstveit, og eit par til låg lagra. Dei som låg lagra har naturen tatt tilbake, og eit av husa, eit stabbur frå Nerheim, er gitt tilbake til tidlegare eigar. Det som står att er ei husmannstove frå Røsselio under Våge, og ei stølsbu frå Nesheia.

Stølsbua ligg som ein ruin, og det er neppe aktuelt å halde fram ideen med å etablere eit stølsmiljø i området. Restane av bua bør fjernast snarast råd.



Området nord for riksvegen er eit problemområde på Kolbeinstveit. Verst står det til med stølsbua frå Nesheia.

Røsselistova kan ha vore starten på oppbygginga av ein husmannsplass. Kvifor museumsstyret sette i gang med dette da det alt hadde gjort avtale om å ta vare på husmannsplassen Røynevarden, er ikkje godt å seia. I dag framstår det ikkje som noen god ide. Bygningen ligg slik til at han knapt er synleg, og han er i dårleg stand. Nåverande eigar av Våge har vist interesse for å tilbakeføre huset til staden det kom i frå. Det kan vera ein god ide om det let seg gjennomføre.

Nedunder haugen, på ei lita flate tvers over vegen for løa, står eit hus som rommar eit **trøskjeverk** frå Førland. Trøskjeverket og huset var ei gåve frå Førland trøskjelag i 1986. Museet har trøskjeutstyr frå ulike tider, men hadde ingen andre trøskjeverk av denne storleiken før dette kom til museet. Trøskjeverket har såleis ein verdi i samlinga, men bygningen det står i kan ikkje seiast å ha noen stor, sjølvstendig verdi. Han står dess meir på ein fuktig grunn, som er til skade for trøskjeverket. Trøskjeverket burde såleis ha blitt flytta til eit betre klima.

Andre byggverk på Kolbeinstveit

Vi har alt nemnt sjøvegen. Han blir ikkje mye brukt i dag, men vil vera viktig når Suldalsdampen kjem på vatnet att, og vonleg vil ha anløp til brygga ved Kolbeinstveit. Det er behov for å rette opp att støttemuren langs vegen, og generelt gjera vegen lettare å gå, inklusive oppgrusing.

Tunet blir i dag slått som plen, det går høner der og pikkar i graset, og det er sett opp benkar til publikum. Det er hyggeleg. Det er viktig at val av og oppstillinga av utemøblar skjer på ein måte som støttar estetiske krav. Det er og viktig at slåttan blir følgt opp, også med kantslått inntil gjerde og bygningar. Det har vore diskutert om ein sjølvgåande klyppar kan vera til hjelp. Kanskje det, men kantslåttan står framleis att. Eit velstelt tun handlar om organisering og instruering av vertskapet.

Tunet er gjerda inn av omsyn til sikringa av publikum (mot riksvegen), og sikring av samlingane. Det skal vera låste portar ut mot parkeringsplassane. Ved synfaring hausten 2015 sto porten mot parkeringsplassen på austsida open. Det må ha høg prioritet å halde gjerde og portar i orden, både av estetiske og sikringsmessige omsyn, og det må vera eit godt regime for låsing. Bilkøyning inn i tunet må berre vera unntaket, og berre når det er tørt. Køyning på våt veg/våt plen lagar spor som er skjemmande lang tid etterpå.

Kolbeinstveit har to parkeringsplassar, ein liten parkeringsplass mot aust, og en stor, som er den offisielle, mot vest. Ved parkeringsplassen på vestsida er det ei større oppslagstavle. Parkeringsplassane greier seg stort sett sjølve, men det bør inngå i ein rutine å sjekke behov for grusing før sesongane, og tilsyn med orden og eventuelt avfall gjennom sesongen.

Vi har foto som viser at det har vore ein hage på nedsida (sørsida) av stovehuset, med bærbusker, stakitt og flaggstong. I dag framstår dette området som ein bø der graset i beste fall blir slått om sommaren. I verste fall blir området brukt som avfalls plass/kompost, sist da det var ei opprydding i løa. Slik kan vi ikkje ha det. Det hadde vore eit stor pluss for Kolbeinstveit om hagen kunne blitt rekonstruert.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til følgjande prioritering av bygningane på Kolbeinstveit:

PRIORITERING KOLBEINSTVEIT				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Guggedalsloftet	A	A	A	1
Stovehuset	A	A	C	2
Hesthuset	A	B	B	3
Løa	A	B	C	4
Smia	A	B	D	5
Naust	B	B	A	6
Eldhuset	C	B	B	7
Stabburet	C	B	C	8
Tørke	C	B	C	9
Kvernhus	C	B	D	10
Badstova	C	B	D	11
Vassrenner	C	B		12
Brygge	C	D	A	13
Trøskjeverkhus	D	D	B	15
Stølsbua	D	D	D	16
Røsselistova	D	D	D	14
Hjulhus	D	D	D	17

I utgangspunktet har vi vald å prioritere dei fire opphavlege husa som framleis står på staden som dei viktigaste. I tillegg kjem Guggedalsloftet, som av fleire grunnar må prioriterast høgt, sjølv om det er tilflytta.

I ei neste gruppe har vi plassert naustet, som er rekonstruert ut frå ganske gode kjelder, og med bruk av høgt utvikla tradisjonskunnskap.


Den store gruppa er dei husa som elles er flytta til Kolbeinstveit, men som har ein funksjon i formidlinga av liv og drift på ein slik gard. Vi har tatt brygga med i denne gruppa. Fleire av desse husa har behov for omfattande reparasjons- og restaureringsinnsats.

Til slutt står dei husa på nordsida av riksvegen som ikkje har noen meningsfull funksjon i dag. Vi vil rå til at ein vurderer avhending av desse.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Ein viktig del av dette prosjektet skal vera å vurdere bruksverdien til bygningane, og eit muleg utviklingspotensiale. Vi har funne det naturleg å gjera slike vurderingar i samanheng for alle bygningane på ein stad, da ein vanskeleg kan skilje ut enkelthus som er ein del av heilskapen på staden.

Kolbeinstveit er det anlegget i Ryfylkemuseet som like til for eit par år sidan hadde størst besøk etter hovudbølet på Sand. Besøket har lenge ligge kring 2 000 gjester, og vel så det, i året. Slik ser statistikken ut for perioden 2000-2015:



Dei siste åra har besøket avtatt, og det er Hummarmuseet på Kvitsøy som nå har overtatt rolla som den nest best besøkte avdelinga til museet. Dette er skuffande i forhold til dei ressursane som blir brukte på publikumstilbodet. I tillegg til innsatsen frå egne tilsette har Kolbeinstveit eit vertskapsbudsjett på 180.000 i året, medan billettinntektene siste året (2015) var på 34.000. Nå hjelp sal av mat og suvenirar noe på rekneskapen, men museet kan ikkje i lengda leva med eit underskot på sommardrifta på over 100.000 kroner⁴⁹.

Dei gode åra på Kolbeinstveit har vore kjenneteikna av eit aktivt, buande vertskap, eit varierende tilbod av attraktive utstillingar, konsertar og andre arrangement, aktivitetsdagar, dyrehald, servering og samarbeid med Foreininga Suldalsdampen om turar på Suldalsvatnet med M/B «Suldal». Det har vore vanskeleg å oppretthalde det høge og gode tilbodet over tid.

⁴⁹ Underskotet på drifta, sals- og driftsinntekter minus lønningar, innkjøp og annonser, var i 2015 på 112.114 kroner. Faste utgifter og personalkostnader for fast personale kjem i tillegg.

Tidlegare hadde staden suksess med arrangement av kulturstemne som trekte hundrevis av besøkande, og den tida bygdeutviklingsgruppa var som mest aktive, på 1990-talet, var det og godt besøk.

Kolbeinstveit ser såleis ut til å ha eit potensiale for godt besøk, men det kan vera behov for fornying, og det krev i alle fall ei høg prioritering av aktivitetsnivået på staden. Til støtte for ei slik vurdering ligg det for Kolbeinstveit føre noe så sjeldan som ei mastergradsoppgåve, skrive av ein som sjølv var museumsvert på Kolbeinstveit i fleire år, Bård Kleppe.⁵⁰ Kleppe peikar på at det kan vera vanskeleg å styre kva slags opplevingar, eventuelt kunnskapsbaserte opplevingar publikum tar med seg frå eit besøk, og at ei slags oppleving kan vera like verdfull som ei anna. For mange fungerer bygdetunet som ei ramme kring, eller ei kulisse for opplevingar knytt til samvær eller som publikum på ein konsert. For andre kan eit besøk vekke minne, eventuelt som ei kjensle av nostalgi eller melankoli. For noen kan møte med husa, inventaret, maten og folka på Kolbeinstveit skape ei kjensle av identitet. Kleppe meiner å ha funne at det er eit stort mangfald av betydingar hos dei besøkande, og at desse ikkje alltid korresponderer med det som var tiltenkt. Kleppe konkluderer slik:

Bygdetunet er konstruert fortid. Slik det ser ut på Kolbeinstveit eller andre bygdetun har det aldri sett ut for hundre eller to hundre år siden. Likevel er husa og tingene levninger fra fortiden og kan oppfattes ekte og autentisk for den enkelte som besøker bygdetunet. Slike følelser er ekte og det er bygdetunets fortjeneste at de oppstår akkurat der. Følelsene er også fundert i en visshet om at dette er gammelt og ekte. Dette er følelser som utledes av den kunnskapen og de museumsansatte har, og den viljen og kunnskapen de har til å bevare dette.

Dermed blir oppgaven til bygdetuna fortsatt å formidle fortiden gjennom det materielle grunnlaget på bygdetunet. Samtidig må man også innse at interessen for bygdetunet og de opplevelser den enkelte har der, ikke alltid er som tiltenkt. Det ligger videre en utfordring i å se verdien i at det er mange måter å bruke bygdetunet på og være stolt av dette, heller enn å bekymre seg for at museets budskap ikke alltid komme like godt fram.. Samtidig ligger det også en utfordring i å se nye betydninger bygdetunet har.

Oppgåva er ei støtte til strevet med å ta vare på autentisiteten til staden så langt det er muleg med ei bygningssamling som er omforma frå gard til museum. Men ho er samtidig ei oppfordring til å gi rom for, og kanskje endatil støtte det mangfald av opplevingar publikum vil ha, uavhengig om desse er i samsvar med dei høge måla museet held seg med om kunnskapsformidling.

Konklusjon

Det verkar logisk å tenkje at ein stad som har vist seg å tiltrekke seg eit relativt stort publikum, også kan gjera det i framtida. Oppgåva kan sjå ut til å vera å gjera enda betre noe

⁵⁰ Kleppe, Bård: *Der gresset er grønt og toalettene rene – Om bygdetunets betydning i dag*, masteroppgåve, Høgskolen i Telemark 2007

av det som har fungert godt inntil dei siste åra, og samtidig vera open for fornying. Dette vil sjølvsagt krevja ressursar, og det må bli ei samla vurdering i avsluttinga av dette prosjektet kva for anlegg ein vil prioritere høgast. Museet har dei siste åra hatt faste opningstider eit ti-tal stader, attåt ulike arrangement andre stader. Det har vore ein nokså stor aktivitet i forhold til den faste bemanninga og andre personalressursar. Museet blir stilt over for høge krav både om å vera til stades mange stader og om å oppnå høge, samla besøkstal. Med grunnlag i potensialet på staden, erfaringane med ulike slags arrangement, og ei vurdering av marknaden, kan det vera fornuftig å vurdere om ein bør samle ressursane om større aktivitet på færre stader. I utgangspunktet verkar det rimeleg at Kolbeinstveit skal vera ein av dei prioriterte stadene.

Dersom ein vel å ha Kolbeinstveit med som eit satsingsområde også i framtida, er dette ein del av dei oppgåvene som ligg føre:

- Ein bør setta i gang ein prosess for muleg avvikling av Røsselistova, stølsbua og trøskjehuset på nordsida av riksvegen gjennom renovering og tilbakeføring.
- Det ligg føre store vedlikehalds-, reparasjons- og restaureringsoppgåver for mange av husa. 7 av husa, utanom dei som er nemnde ovanfor, er plasserte i tiltaksklasse 2 eller 3. I tillegg kjem behovet for istandsetting av vegen ned til vatnet.
- Ein bør vurdere rekonstruksjon av hagen.
- Det er behov for ein gjennomgang av kva tema som kan inngå i formidlinga, og korleis ein legg til rette for formidling av desse. Gjennomgangen må omfatte revisjon av utstillingar og oppstillingar av inventar, reiskap og utstyr.
- Av dette følgjer også at ein må vurdere nærmare kva målgrupper ein vil satse på, og korleis ein kan nå desse.
- Det er behov for å styrke kvaliteten på vertskapet, herunder definisjon av ein standard for presentasjon av tunet.

Røynevarden

Husmannsplassen⁵¹ Røynevarden er ei perle i samlingane våre. Plassen ligg høgt og fritt med utsikt over Suldalsvatnet og Bråtveit og heiane på andre sida, det er lunt og godt i den sørvende solhellinga der frå tidleg på våren, husa utgjer ei velproporsjonert klynge av bygningar mellom knausane, og dei er etter kvart i god stand. Idyllen må ikkje skygge for den barske historia husa er eit minne om, men det enkle interiøret og det karrige kulturlandskapet burde gi eit godt grunnlag for formidling av kunnskap og opplevingar av husmannstida.

Husa på Røynevarden var den første bygningssamlinga, eller tunet, som det tidlegare Rogaland folkemuseum tok vare på der ho sto⁵². Det var to viktige sider ved dette: Den eine var ideen om å ta vare på bygningar i eit museum utan å flytte dei til eit friluftsmuseum, det andre var å ta vare på ein husmannsplass. På begge område var museumsstyret pionerar. Det hefter såleis både museumshistoriske og sosialhistoriske interesser til Røynevarden.

Arbeidet med å ta vare på Røynevarden som kulturminne og museum starta alt i 1946. I første omgang var det berre tale om å ta vare på røykstovene på Røynevarden, og på Røynevardslio, ein plass som låg enda høgare og meir utilgjengeleg til opp frå Suldalsvatnet. Men alt på nyåret i 1947 blei det skrive ny kontrakt, som nå omfatta alle husa. I mellomtida hadde Halvor Vreim frå Riksantikvaren vore på besøk og velsigna prosjektet. Dvs. vi veit ikkje så mye om kva som kom ut av besøket, utanom 9 fotografi, eventuelle teikningar eller rapport har gått tapt. Men vi veit at det kom pengar frå staten, og at museumsstyret sette i gang med vøling av husa.

Det hadde budd folk på plassen like til da. Det ser ut som overtakinga skjedde i samband med at Randi og Hallvard Røynevarden flytta til Nes.

Røynevarden var lenge vanskeleg tilgjengeleg. Enklaste måten å komma dit var med båt på Suldalsvatnet, og så opp den bratte lia. Men det var og vegar i liane og over heia. I 1980 var vegen langs Suldalsvatnet ferdig. Han tok med seg mange av dei små husmannsplassane langs vatnet, og også ein del av arealet på Røynevarden, men han gjorde og plassen mye lettare tilgjengeleg både for publikum og for dei som skulle drive med vedlikehald av husa.

Husa ser ut til å ha vore i nokså dårleg stand da museet overtok ansvaret for dei, og det vedlikehaldsarbeidet som blei gjort var ikkje nok. Det var etter kvart nødvendig med eit meir omfattande istandsettingsprosjekt. Dette blei gjennomført i perioden 2007-2009. I perioden 2012-2015 blei løa restaurert, og delvis rekonstruert.

Det ligg føre ein omfattande dokumentasjon av restaureringsprosessen, men frå tidlegare periodar er dokumentasjonen meir sparsam.

⁵¹ Offisielt er vi blitt samde om å bruke *plasset* som nemning, etter den lokale språkbruken i Suldal, men om eg har den beste vilja, blir det fort ei blanding av plassen og plasset. Så eg vel her å bruke plassen, som fell mest naturleg for meg.

⁵² Røynevarden er meir utførleg omtala i Folk i Ryfylke, årboka til Ryfylkemuseet, 2008, som var eit temanummer om husmannsplassen.

Det står i alt 6 hus på Røynevarden nå. Dei står tett samla på ei hylle i lia med åkerlappar og grasbakkar både ovanfor og nedanfor tunet. Museet eig husa, men grunnen dei står på, og jorda ikring er i privat eige. Husa på Røynevardslio er borte.

Røynevarden var lenge den einaste husmannsplassen museet rådde over, ein av få husmannsplassar som var tatt bevart på eit museum, og ein av enda færre som var bevart på sine opphavlege tufter. Seinare har Ryfylkemuseet fått til forvalting ein husmannsplass til, sjå meir om Bakken på Rennesøy nedanfor, men det gir heller eit enda betre grunnlag for formidling av husmannstida, og gjer at Ryfylkemuseet har noen unike føresetnadar for formidling av denne delen av den nasjonale historia.

Gamlestova



Gamlestova på Røynevarden er eit treromshus der det har vore røykomn med ljore i taket. Saman med dei andre husa på plassen har vi eit unikt utgangspunkt for formidling av kunnskap og opplevingar om husmannstida.

Gamlestova er det eldste huset på Røynevarden. Med grunnlag i dei kjeldene vi har, reknar vi med at huset blei flytta frå ein plass kalla Svones til Røynevarden i 1934. Det er ei røykstove, eit treromshus med ei svol, eit kammers og ei stove. Det har vore skutar i begge endar, berre den i austre enden står nå.

Tilliks med Kolbeinstveit blei det også på Røynevarden gjennomført ei registrering med foto og noen hovudmål i 1973. Det ligg også føre oppmålingsteikningar, men utan årstal. Kanskje er det same Lode som var på Kolbeinstveit i 1976 som også var her. Men det som er registrert og målt opp er likevel husmannsplassen etter at han hadde vore museumstun i 30 år.

Det har vore gjort fleire endringar med huset. Vi veit ikkje når, eller korleis det såg ut før, men har følgd materialspora så langt det har vore råd i arbeidet med restaureringa av huset. I hovudtrekka er huset slik som det ser ut på dei eldste bilda vi har, men dei materialane som såg ut til å vera dårlege alt på 1940-talet, er nå skifta ut med nye. Utvendig er det såleis mye nye materialar i huset, men vi meiner at både materialautentisiteten og tradisjonshandverket har vore godt ivaretatt i arbeidet.

Gamlestova på Røynevarden er eit eineståande minne om ei enkel stoveform, slik stovene var da røyken måtte finne vegen ut gjennom ei ljore i taket. Ho oppfyller alle vilkår for høg kulturell verdi, og har høg relevans for forteljinga om det gamle bygdesamfunnet. Bygningen er i god stand.

Nyastova

Nyastova kom til Røynevarden i 1893. Når ho er bygt veit vi ikkje. Tidlegare sto ho på plassen Nedre Litlevik under Bakka i Kvilldal. Dette er også eit hus med ei treroms planløyising, men det var mura grue i stova, med pipe opp gjennom taket. Dermed blei det muleg å bygge ein lem som ga gode soveplassar over stova. Seinare kom det jamnomn ved sida av grua i stova.

Den dokumentasjonen vi har om nyastova er av same slaget som for gamlestova, altså nokså avgrensa, før det som blei gjort under restaureringa frå 2007 blei grundig dokumentert. Ein liten milepæl i arbeidet med framhenting av tradisjonskunnskap blei gjort da grua og pipa blei mura opp att med leirmørtel.

Den største jobben under restaureringa var å legge nytt tak, men det blei også skifta ut tre stokkar i kvar vegg i det nord-vestre hjørnet. Det var nødvendig med eit omfattande restaureringsarbeid også med nyastova, men det er i liten grad synleg innanfrå. Vi meiner såleis at autentisiteten er godt ivaretatt.

Huset er sparsamt møblert, men dei få kjeldene vi har, kan tyde på at slik var det også medan det budde folk på plassen. Så sjølv om det opphavlege inventaret for ein stor del er borte, er det ei nokså truverdi innreiking av huset slik det står nå.

Nyastova er også eit interessant hus i seg sjølv, både ved måten det er bygt på, og med den sosiale funksjonen det representerer. Men saman med gamlestova gir desse husa ein unik utveg til oppleving av enkle leveforhold i endring. Frå den låge røykstova i ei høg, til den romslegare nyastova med grue, og så kokomn, og lem med soveplassar over stova.

Huset er i god stand.

Løa

Det største huset i tunet er løa. Løa var flikka på og vølt etter beste evne så lenge at det var vanskeleg å finne hald for nye reparasjonar. Fjoset mangla dessutan. Det hadde blitt borte etter at museet overtok husa. Etter lange vurderingar blei det derfor vedtatt å gjennomføre ein full rekonstruksjon av løa. Den løa som står der nå er såleis nybygt i åra 2012-2015, etter dei beste tradisjonane museet kjente til. Løa er gjenskapt slik ho ein gong såg ut, med både fjos og do.



Løa på Røynevarden under rekonstruksjon våren 2013. Gjennom rekonstruksjonen vann museet inn viktig kunnskap om den handlingsborne kunnskapen knytt til lafting, takkonstruksjon og tekking med never og torv.

Vi har tapt noe på autentisiteten ved dette valet, men vi vann mye på utvikling av tradisjonskunnskapen. For å kunne ta vare på og vidareføre den immaterielle delen av bygningskulturen må vi av og til bygge nytt. Rekonstruksjon av løa på Røynevarden blei eit stort prosjekt for bruk og vidareføring av handlingsboren kunnskap som omfatta både muring med stein, plukkhogst av materialar, skjering på sag, lafting, takkonstruksjon og tekking med never og torv. Det blei arrangert kurs i tilknytning til fleire av oppgåvene, der både eigne handverkarar og eksterne deltakarar var med. På denne måten er løa ein viktig lekk i arbeidet

med å vidareføre tradisjonskunnskapen, og kan inngå i ei forteljing om kvifor det er ein viktig del av bygningsvernet, og korleis vi arbeider med den immaterielle kulturen.

Dei andre husa på Røynevarden

Tett inntil gamlestova står **sauhuset**. Dette var i svært dårleg stand, og var det første museet tok i ferde med da restaureringsarbeida starta. Det er eit lite hus, 3,70 x 2.50, men det har ein lem som blei brukt som soveplass for dei største ungane før dei fekk soveplassar på lemen i nyastova.

Over tunet frå nyastova står **eldhuset** attmed ein liten bekk som renn gjennom tunet. Dette er bygt i stein. I ein merknad frå Th. Lode, som var her og gjorde oppmålingsarbeid i 1976, skriv han at det tidlegare var eit lafta hus, men at det blei bygt opp at i stein etter ein brann.

Dette er også eit lite hus, om lag 3 x 3 meter, med heller på golvet, og ein eldstad mot eine hjørnet.

Attmed dette att står **geithuset**, som er lafta og kledd på tre sider.

Det er eit heilskapleg og velhalde minne om husmannstida som er tatt vare på på Røynevarden. Husa var flikka og vølt på, men ikkje vesentleg endra. Med det restaureringsprosjektet som blei gjennomført frå 2007 har husa kome opp på eit vedlikehaldsnivå som burde gjera det greitt å halde husa i forsvarleg stand lenge.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til følgjande prioritering av bygningane på Røynevarden:

PRIORITERING RØYNEVARDEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Eldhuset	A	A	A	1
Gamlestova	A	A	B	2
Nyastova	A	A	B	3
Geithuset	A	A	B	4
Sauhuset	A	A	C	5
Løa	A	B	A	6


Alle bygningane er plasserte i høgaste klasse for relevans ettersom dette er eit unikt minne om husmannstida. Den kulturhistoriske verdien er også vurdert som høg, men med ei lita markering av at løa ikkje kan oppfylle dei strengaste krav til kulturhistorisk verdi ettersom autentisiteten er blitt svekka gjennom rekonstruksjonen.

Bygningane er gjennomgåande i god stand, men det er behov for å følgje nøye med, og det er bygningsdelar som kan måtte reparerast om ikkje altfor lenge. Det må vera eit mål å halde ei slik bygningssamling på det høge vedlikehaldsnivået ho nå har kome på, slik at det ikkje blir behov for nye, omfattande utskiftingar av materiale, eller i verste fall, nye rekonstruksjonar.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Røynevarden har aldri vore noen besøksmagnet. Det har kome ein del folk når vi har hatt arrangement på staden, men forsøka på å halde faste opningstider har ikkje vore noen suksess. Det har kome altfor få enkeltbesøkande til at det har vore forsvarleg å betale folk for å vera klar til å ta i mot dei.

Nedanfor følgjer ein besøksstatistikk for dei siste åra.



I den perioden det er registrert høgast besøk prøvde vi å utvide opningstidene ved anlegga gjennom engasjement av ein ambulerande museumsvert som heldt øpe på ulike anlegg ein dag eller to i veka. Røynevarden var ein av dei stadene vi gjorde forsøk med faste opningstider. Dette førte til fleire registrerte besøkande enn vi hadde elles, men vi er usikre på om grafen ovanfor gir uttrykk for det reelle besøket på desse dagane. Registreringa av besøk ved anlegga varierer med kven som utfører registreringa, og utarbeidinga av statistikken kan ta farge av den som til ei kvar tid har ansvaret. Det er grunn til å stille spørsmål ved om det kan vera vel store feilmargar i besøksstatistikken for Røynevarden.

I det som ser ut til å vera det beste året, 2011, var det faste opningstider noen timar ein dag i veka om sommaren. Det registrerte dagsbesøket på enkeltdagar ser ut til å ha ligge på 10 – 25 besøkande. Det kunne i beste fall ha gitt eit samla besøkstal gjennom sommaren på mellom 80 og 200. Statistikken viser såleis mye høgare tal enn det som kan vera summen av registrerte dagsbesøk.

Men dette var også den perioden da vi dreiv med restaureringsarbeida på Røynevarden. Ein del av besøket er såleis besøk på staden som blei registrert av handverkarane. Vi kan tolke dette på to måtar. Den eine er at Røynevarden har ein del besøk utanom opningstider og arrangement, som vi fekk høve til å registrere ettersom vi var til stades. Den andre forklaringa kan vera at aktivt restaureringsarbeid genererer besøk.

Røynevarden er såleis ikkje fritatt for besøk, men det er vanskeleg å sjå korleis ein kan finne økonomisk grunnlag for eit aktivt tilbod det meste av veka. Staden er heller ikkje lett tilgjengeleg, og fasilitetane vi kan by publikum er svært enkle. Det mest realistiske i forhold til eit alminneleg publikum ser ut til å vera at Røynevarden blir med i ein aktivitetskalender, der det blir lagt til rette for arrangement ein gong eller fleire i året.

I tillegg har vi hatt glede av eit samarbeid med Nesflaten skule. Bruken av Røynevarden i undervisinga vil vera avhengig av engasjement og interesse hos lærarane, men det burde vera muleg å bygge vidare på dei erfaringane som er gjort på Nesflaten skule, og kanskje sjå for seg at elevar også frå andre skular kunne ha utbytte av å bruke Røynevarden i undervisinga.

Vi har og tenkt at fleire av anlegga våre burde vera aktuelle som aktivitetstilbod for hotellgjester. Energihotellet på Nes ligg i rimeleg avstand frå Røynevarden. På Nes er det dessutan sett i gang eit bygdeutviklingsarbeid som burde ha tilknytingspunkt til historia og kulturminnene i Øvre Suldal. Museet bør søke aktiv kontakt med aktørar på Nes for å finne ut om det kan vera grunnlag for eit samarbeid om formidling av bygningane og levemåten på Røynevarden.

Det er ei utfordring for drifta på Røynevarden at museet ikkje eig grunnen. Kulturlandskapet kring husa er ein viktig del av historia, og ein viktig del av opplevinga ved å besøke staden. Så langt har beiting på staden halde graset nede, men det burde vore rydda noe i vegetasjonen, ikkje minst for å få bort tørr brakje og tre og greiner som har falle ned.

Konklusjon

Røynevarden er ein plass som må ha høg prioritet i vedlikehaldsarbeidet ved museet. Det gjeld alle husa. Her er det lagt ned store ressursar i reparasjon, restaurering og rekonstruksjon etter dei beste intensjonane for vidareføring av materialkunnskap og handlingsboren kunnskap. Ein må såleis streve etter å halde det nivået bygningane er på, og ved vidare bruk av den tradisjonskunnskapen ein til ei kvar tid har.

Det kan vera noen føresetnadar for samarbeid med skulen og reiselivsaktørar om bruk av staden. Elles ser det ut til at enkeltarrangement er den mest økonomieffektive måten å bruke plassen på.

Ettersom det er grunn til å tru at det er ein del tilfeldig besøk på plassen, hadde det vore interessant å få installert eit teljeapparat i stien opp til tunet.

Det er vanskeleg å sjå for seg noen tiltak som kan gjera staden meir interessant, eller tilgjengeleg, utanom tilskipingar ved ulike høve. Det er ei utfordring å ha ein løpande dialog med eigar og brukarar om bruk og vedlikehald av kulturlandskapet.

Li

Li var draumen om mellomalderen. Rogaland folkemuseum var der alt i 1938, to år etter at pionerane hadde starta med oppbygginga av eit friluftsmuseum etter tradisjonell modell i Stavanger. «Du må knega deg i auene for at du inkje ska tru du er i sjølve millomalderen», fortel Peder Heskestad, gründaren og styreleiaren, når han kjem heim frå Li. «Det er nå ei stemning lenger tilbake enn det også – det er reine saga», held han fram.⁵³

Og Riksantikvaren var ikkje likare. Da Halvor Vreim var på besøk i 1946 skreiv han etterpå følgjande i rapporten sin:

*Som typer er husene gamle, selv om de i seg selv ikke kan sies å være det. Hele tunet har i karakter og tone mye av middelalderpreget over seg. Tunet på Lid er et interessant anlegg og på sin måte et av de best bevarte i landet.*⁵⁴

Dei som budde der var på sin måte med på å gjera staden kjent. Sjølv om det var vanskeleg å koma dit, var det romsleg og gjestfritt når ein kom fram. Og Odd Li (1891-1974) var ein munter mann som hadde såpass omdømme som lokal kjendis at han blei oppsøkt av Arne Grimstad frå NRK i 1961, og blei invitert med i eit radioprogram som Odd Grythe hadde frå Sauda i 1964.⁵⁵

Når det ser slik ut som det gjer på Li var det likevel fordi dei ikkje heilt greidde å følgje med i tida. Riksantikvaren blei redninga. Tunet blei freda i 1974, og det blei opp gjennom åra løyvd relativt store pengar til istandsetting og modernisering av husa. Julius Bårdsen, bokhandlaren på Sand, var med i museumsstyret da, og fungerte ein periode som tilsynsmann og administrator for vernevølinga på Li.

Det var Rogaland folkemuseum, ved Peder Heskestad, som søkte om dei første pengane, og det var Rogaland folkemuseum som foreslo freding.⁵⁶ Heskestad foreslo samtidig freding av Røynevarden, men det blei ikkje tatt til følgje. Engasjementet heldt fram etter at museet var etablert som regionmuseum på Sand i 1981. Det blei etterkvart fylkeskonservatoren i Rogaland som administrerte løyvingane, og hadde eit visst tilsyn med garden. Hverande rapportør blei invitert med på turane til Li, som helst gikk føre seg etter at lauvet på ospetrea var så store som musøyre, og som helst handla om å drikke kaffe og eta kaker saman med Valborg og Liv Lid. Vi trur det må vera rett å seia at det var symptomatisk for det faglege nivået på vedlikehaldsarbeidet på Li.

I 1988 fekk vi ei tydelegare rolle. Da blei vi bedne om å utarbeide kostnadsoverslag, og administrere noen nødvendige reparasjonsarbeid. Men vi var framleis sju år unna tilsetting av bygningsfagleg personale, og hadde ikkje særleg kontroll på det arbeidet som blei gjort.

⁵³ Etter utklipp i saksarkivet til Ryfylkemuseet.

⁵⁴ Rapport i Riksantikvarens arkiv.

⁵⁵ CD RFB2010-059 i arkivet til Ryfylkemuseet.

⁵⁶ Stoffet det blir referert til her er frå saksarkivet til Riksantikvaren, i kopi i bygningsarkivet ved Ryfylkemuseet.

Vi tar med litt av vernehistoria for Li som ei forklaring på at ein del av det som er gjort med husa ikkje framstår som så vellukka i forhold til dei måla vi vil setta for vedlikehald av freda bygningar i dag. Det er elles eit behov for å få skrive ei meir utfyllande historie om Li, enn dei fragmentariske kjeldene til kunnskap om Li ein kan finne i litteraturen i dag. Det ligg føre eit relativt omfattande korrespondansearkiv hos Riksantikvaren, men dokumentasjonen av bygningane, og det som har vore gjort med dei er meir nøktern.



Jarle Lunde har fanga noe av mystikken på tunet som klorer seg saman i den bratte lia ned mot Hylsfjorden.

Li var altså eit gardstun som tideleg, svært tidleg, i museumshistoria til Rogaland folkemuseum/Ryfylkemuseet, fekk stor merksemd. Spørsmåla om offentleg overtaking av tunet kom etter kvart sterkare og sterkare fram, og blei drøfta i mange møte med eigarane, men det blei inga avgjerd om det før neste generasjon hadde overtatt garden og budd der noen år. I 2009 kjøpte Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune garden, og det blei i 2010 inngått ein drifts- og vedlikehaldsavtale med Ryfylkemuseet. Året etter plussa fylkeskommune på 300.000 i driftstilskottet til museet, frå 2013 auka til 500.000. Det var mindre enn halvparten av det vi meinte var nødvendig. Suldal kommune løyvde ingenting, og det er høgst uklart om det er noen som vil ta ansvar for kulturlandskapet kring tunet.

Den første registreringa av husa på Li ser ut til å vera oversynet som Peder Heskestad stelte til i 1938. Da reknar han med 16 hus. I oversynet til Riksantikvaren frå 1946 blir det rekna med 13 hus. Det handlar mest om korleis ein delar opp husa, og kva ein kallar dei. Heskestad nemner ei badstove som har vore ombygt til hønsehus i vestre enden av tunet. Dette må vera det same huset som Vreim kallar grisehuset. Men eit sumarfjos som har stått enda lenger vest på bøen ser ut til å vera borte. Ingen nemner naustet nede med Hylsfjorden. Det kom da heller

ikkje med i fredinga, og det er rart, for det var ingen annan stad å koma til Li enn å gå i land ved naustet og ta den tunge stien opp. Veg fekk dei først i 1972. Ei kvernhus var derimot med, men fredinga av det er seinare oppheva, venteleg som følgje av at det blei tatt av eit ras.

Vi reknar med 13 hus på Li, inklusive naustet. Kor gamle husa kan vera veit vi lite om. Riksantikvaren reknar med at dei eldste delane av bygningsmassen er frå 1700-talet. Det verkar rimeleg, ettersom garden låg øyde i seinmellomalderen. Det er altså ikkje husa i seg sjølve som gir grunnlag for mellomalderbegeistringa, men meir forma på tunet.

Stovehuset

Stovehuset ligg midt i den nedre rekka av hus i tunet, mellom løa mot aust, og litlestova og sauhuset mot vest. Riksantikvaren antar at det er bygt på 1840-talet. Det har venteleg vore eit treromshus i utgangspunktet, med gang, kove, og eit kammers på sørsida av stova.

Riksantikvaren opplyser at det var heller på golvet i gangen. Nå er det isolert og ominnreidd til eit relativt moderne bustadhus med gang og bad på sørsida (inn mot tunet), og kjøkken langs heile gavlsida mot vest. Kjøkkenet er ytterlegare modernisert etter at museet overtok ansvaret, for å kunne tilfredsstille krava frå Mattilsynet ved servering til publikum. Huset har og fått nye glas. Det er soverom på lemen. Stova er noenlunde intakt, men innreiinga har gått tapt med siste generasjon bebruar og omgjeriinga til museum.

Stova er lafta, og bordkledd, men med ein smal, rettskoren kledning, som har fått eit strok grå beis for å sjå gamal ut. På taket er det plast og torv, med vindskier på gavlane. Ei tid var det lagt boks i kross over gavlane, slik det er på mange av husa. Opphavleg var det stein på gavlane.

Huset er i god stand, bortsett frå at glasa burde kittast og målast.

Litlestova

Litlestova er også eit treromshus, men noe mindre enn stovehuset. Kova har vore brukt til matrom. Her er det gjort mindre endringar, men det var ein brann som gjorde at det er bygt ny peis i eine hjørnet av stoverommet. Det har vore opplyst at huset skal vera frå starten på 1800-talet.

Huset er kledd med den same typen reparasjonskledning som stovehuset, og med plast og torv på taket. Det er i god stand. Også her er det glasa som har mest trong for pleie, men det er og noen torvhaldsstokkar som har ligge ei stund, og som snart vil vera modne for utskifting. Da må heile taket takast.

Løa

Løa er det dominerande huset i tunet. Det er ei stavløa med seks reis, eit stort rom i kvar ende, låve på midten, nærmare 18 meter lang, og snautt 8 meter brei. I underetasjen fjøs, smalehus og hevdaskut. I austre enden er det ein do, som er oppgradert til vassklosett med vask etter at museet overtok ansvaret og måtte legge betre til rette for publikum.

Løa står på ein høg tørrmur, men på grunn av stigninga i terrenget er det ein flat inngang i løa frå oppsida. Det er panner på taket. Denne taktekkinga er det kjeldebelegg for at løa kan ha hatt ganske lenge. Det meste av løa er kledd med kledning som ser ut til å ha stått på ei stund, men det er ny kledning i austre gavlen.

Løa er i god stand.

Andre hus i tunet på Li

Sauhuset står lengst vest i den nedre husrekka. Det er lafta og med ei blanding av ny og gamal bordkledning. Plast, torv og krysslagte boksar på taket. Veggene mot nord heller utover. Eine hjørnet mot nord er stiva av meg ein kraftig firkantboks på innsida, og gjennomgåande boltar. Huset er elles i god stand.



Sauhuset er eit døme på korleis husa er restaurerte med ny og smal kledning, med plast og torv på taket, avslutta med krysslagde boksar på gavlane.

Grishuset er, som vi har nemnt ovanfor, truleg ei opphavleg badstove som også er brukt som hønehus. Det er lafta og bordkledd, med plast, torv og boksar på taket. Huset ser ut til å vera i god stand.

Ovanfor grishuset står stallen, eller **hesthuset**. Det er eit lite hus, 2,5 x 2,5 meter, med eit lite tilbygg i bindingsverk. Huset er nykledd med smale bord. Plast og torv på taket. Ingen synlege skader sjølv om kledning går heilt ned i bakken på sørsida.

Det står to buer i tunet, **øvre bua** og **nedre bua**. Begge er lafta, med skutar i reisverk. Plast og torv på taka. Riksantikvaren trur den øvre bua kan vera frå kring 1840. Under bua er det ein tørrmur som er i ferd med å gli ut, men elles ingen synlege skader. Mye vegetasjon på taket. Bør også vurdere betre sikring av bygget. Det er ein del utstyr og reiskap i huset. På døra heng ein kraftig lås på ei nokså svak hespe.

Riksantikvaren trur den nedre bua kan vera eldre, truleg frå 1760 – til -70-åra. Denne er også lafta, og har svalgangar både på inngangsgavlen og begge langsiden. I første høgda har det stått to kronesenger etter einannan, nå står det berre ei der. Huset er kledd. Kledningen er festa med trenaglar. Plast og torv på taket. Huset er i god stand bortsett frå at glaset manglar kitt.

Midt opp for stovehuset står **stabburet**. Det er nokså lite, lafta og bordkledd, og med ei svol i gavlen som vender inn mot tunet. Taket er lagt om med never og torv i 2013. Gavlsteinar manglar. Huset er i god stand.

Aust for stabburet står eit hus som blir kalla **endebua**. Har vi forstått det rett må dette vera restane av ei røykstove, eller ei bu som sto inntil ei tidlegare røykstove. Det ser ut til at røykstova sto her da Peder Heskestad var på besøk i 1938, men at ho hadde ramla ned da Halvor Vreim kom i 1946. Alt som er att etter røykstova nå er omnsbrikja, eller kallhovudet, som blir oppbevart i sidesvola på nedre bua. Taket blei lagt om i 2013 med nye sperr og tett tro med never og torv til tekking.

Gamle løa, også nemnt som løa og fjøs, står i austre enden av den øvre husrekka. Det er bygt på ein høg tørrmur, men delvis med sement i fugene mot aust. Fjoset er lafta, skuten mot vest og løa mot aust i reisverk. Bordkledd. Plast og torv på taket. Det er ein del vegetasjon på taket, men ingen akutte problem med noen del av bygningen.

Midt i tunet mot vest ligg **eldhuset**, plassert over bekken som renn gjennom tunet. Huset er lafta og bordkledd mot vest. Det er rester av brannskade i nordveggen. Plast og torv på taket. Torvhaldstre i ferd med å rotne. Dette er eit varsel om at taket snart må leggast om.

Naustet

Nede med Hylsfjorden ligg naustet som ikkje er med i fredinga av tunet. Det må vera ei mistyding, ettersom vegen til sjøen og naustet må ha vore ein viktig del av føresetnadane for å kunne bu på Li.



Naustet er i dårleg stand. Det skuldast delvis mye vegetasjon, og at det er stabla panner inntil veggen. Nedste omfaret må truleg skiftast.

Naustet er lafta og ligg på eit svaberg. Naustet har vore forsømt lenge, det er mye vegetasjon inntil og over bygningen, og han er i dårleg stand. Vi har sett bygningen i tiltaksklasse 3. Det betyr at det er behov for omfattande inngrep, og at ein må vurdere tiltak nokså snart om bygningen skal kunne bergast. Men det er ein utfordrande jobb, både i forhold til staden, og truleg også i forhold til materialautentisiteten.

Ved hjelp av frivillig innsats er stien forsøkt gjenoppretta, truleg med nokså vellukka resultat. Men det er ei bratt li, med mye vegetasjon, og ved synfaring hausten 2015 var det såpass mange nye vindfall at det somme stader både var vanskeleg å finne att stien, og komma fram. Det er såleis ei krevjande oppgåve også i å halde stien i brukbar stand.

Andre byggverk på Li

Vi har nemnt sjøvegen ovanfor. Vedlikehald av den, og tilrettelegging for bruk, må vera ein del av prioriteringa av oppgåver på Li.

Vi må heller ikkje gløyme området mellom husa, inntunet på Li. Det hellelagde tunet med fine støttemurar og velfriserte grasbakkar er ein del av opplevinga av tunet. Både medan Valborg og Liv budde der, og da systersonen Egil overtok, blei svaberga, grasbakkane og blomsterbede haldne fine. Valborg og Liv gikk over svaberga med ein utrangert bordkniv for å få bort mosen. Skal garden framstå med det velstelte inntrykket han ga, må tunet stellast.

I tillegg til dette kjem bilvegen, grinder og gjerde, og den nye parkeringsplassen aust for tunet. Ingenting av dette har kulturhistorisk verdi, men er viktig for funksjonen.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til følgjande vurdering av husa på Li:

PRIORITERING LI				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Løa	A	A	A	1
Stabbur	A	A	A	2
Endebua	A	A	A	3
Nedre bua	A	B	A	4
Øvre Bua	A	B	A	5
Eldhus	A	B	A	6
Gamle løa	A	B	A	7
Hesthus	A	B	A	8
Sauhus	A	B	A	9
Grishus	A	B	A	10
Litlestova	A	B	B	11
Naust	A	B	D	12
Stovehuset	A	C	A	13

Som eit freda tun, med den historia det har, og med den karakteristikken som er tildelt Li, er det vanskeleg å tenkje seg anna enn at tunet som heilskap må plasserast i kategorien A, som betyr at det har høg relevans, og altså er sentralt for måla, planane og verksemda til museet.


Når det gjeld kulturhistorisk verdi har vi likevel markert ein liten tvil. Vi har plassert dei tre husa som det er gjort minst med, eller som er tilbakeført i tråd med tradisjonen i kategorien A for kulturhistorisk verdi, som betyr at vi vurderer desse til å ha svært høg kulturhistorisk verdi. Dei fleste bygningane elles er det gjort ein del ting med som vi førebels har dårleg oversikt over. Her krevst det nærmare studier både av bygningane sjølve, og av det kjeldematerialet som ligg føre, for å komma fram til ei nærmare grunngitt prioritering.

Stovehuset har vi plassert i kategorien C for kulturhistorisk verdi, av middels verdi, fordi det i stor grad framstår som eit modernisert bustadhus.

Dei fleste husa er i god eller nokså god stand, med små behov for nærståande tiltak, men med behov for vedlikehald av glas og oppfølging av utviklinga av torvtaka. For eitt hus, naustet, er det behov for å vurdere omfattande tiltak nokså raskt.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Meir fortid enn på Li skal ein leite lenge etter i Ryfylke. Det er gammalt, det er eksotisk, og det er fin utsikt over Hylsfjorden, Sølvkannestronno og fjella bakanfor. Dette har kanskje vore grunnen til at mange ville til Li. Etter å ha handtert førespurnadar om utveggar til å koma til Li i 30 år, trudde vi at interessa ville vera stor når dørene endeleg blei opna på vid vegg. Vi trudde på ein effekt om lag som den vi såg da Rennfast blei opna, og det berre var å setta seg i bilen og reise til Utstein Kloster. Der blei det såpass til kaos at fylkeskonservatoren måtte rykke ut som parkeringsvakt. Slik blei det ikkje på Li. Det registrerte besøket så langt har vore slik:



Dette er resultatet av ei ganske sterk satsing der det har vore faste opningstider inntil seks dagar i veka i sommarferien, og noen helger i tillegg. Men besøket blei ikkje meir enn vel halvparten av det vi har registrert på Røynevarden i til dels same tidsrom, utan å ha annonserte opningstider.

Det har også vore gjort forsøk med særlege arrangement og aktivitetar, utan at det har ført til noen trengsel på den nye parkeringsplassen.

Vi er undrande til at interessa for å besøke Li ikkje har vore større. Men forsøka på svar må berre bli gjetting. Kanskje er det for langt? Det tar ein halvtime å kjøre frå riksvegen på Steine. Og vegen er smal og han er bratt. Kanskje noe av eventyret og mystikken blei borte da det ikkje lenger var fast busetting på Li? Kanskje er det ikkje nok å tilby eit hyggeleg vertskap med nysteikte vaflar og nøklar til alle dører?

Erfaringane så langt gjer at vi har kome til eit punkt der vi, saman med eigarane, må tenkje nøye gjennom kva Li skal vera, og kva som skal gå føre seg der.

Det opplagte er at Li er eit freda kulturminne. Eigarane og Riksantikvaren har ansvaret for å ta vare på bygningane. Ryfylkemuseet har fått 500.000 for å ta i ferde med oppgåvene. Så langt har desse pengane i hovudsak gått til investeringar (vasstilførsel, toalett, kjøkken), vedlikehald, faste utgifter (straum, forsikring) og oppstart av restaureringsarbeid.

Vi har argumentert for at den løyvde summen er for liten til å kunne gjennomføre eit fullgodt vedlikehald og ei aktiv drift på staden. På den andre sida har vi knapt nok brukt opp dei pengane som førebels er løyvde. Det kan vera grunn til å vurdere om noe av pengane kan brukast til å kjøpe inn hjelp til å få etablert eit tilfredsstillande dokumentasjonsgrunnlag for vidare arbeid på Li. Dette måtte omfatte nærlesing og systematisering av den dokumentasjonen som finst hos Riksantikvaren, og kanskje hos Fylkeskommunen, samanhalde med nøye studium av bygningane slik dei står. På eit slikt grunnlag ville ein kunne få fram eit grunnlag for framtidig vedlikehald og eventuelle restaureringar.

Dernest ligg det eit potensiale på Li til formidling av kunnskap og opplevingar av fortidige drifts- og levemåtar. Korleis vi gjer det har vi ikkje heilt funne ut av. Det kan vera uheldig om vi eksperimenterer med for mange tilfeldige idear om bruk, utan å ha tenkt gjennom kva profil formidlinga på Li, og i Ryfylkemuseet, skal ha. Summen av mange eksternt initierte tilbod kan skape ein uklar profil. Røynslene så langt tyder dessutan på at kostnadane ikkje står i forhold til resultatet. Men det er små midlar som er brukte på formidlinga, og ein del av utgiftene er dekkja inn att med bilettinntekter

Vi prøver oss nedanfor på ei oppstilling av det vi trur er nødvendige tiltak for å gjera Li så vitalt som vi og eigarane ønskjer. Vi held likevel utvegen open for at Li kanskje ikkje skal vera mellom dei anlegga som har den mest omfattande opningstida.

Konklusjon

Det er svært store oppgåver som ligg føre for å gjera Li til eit aktivt og attraktivt museumstun. Med bakgrunn i dei erfaringane som er gjort kan det vera tida for å vise kor langt ein kjem med dei pengane som er løyvde til formålet så langt, og kva som trengst for å gjera jobben fullnøyande. Her er noe av det som må vurderast:

- Det bør vera eit strakstiltak å sikre bygningane betre. I dag heng det solide lås på alle dører, men besлага dei heng i kan truleg fjernast med ein lommekniv. Det er ei utfordring å finne beslag som er solide utan at dei skjemmer ut dører og bygningar.
- Eit anna strakstiltak er å vurdere naustet nøye. Det er behov for å vurdere skadane, lage ein plan for restaurering, og vurdere kor lenge ein kan vente før ein gjer noe med det.

- Bygningane på Li er i ganske god stand, men dei står i eit undersolt og fuktig klima, og det er mange andre oppgåver under oppsegling enn berre på naustet. Mye av det vedlikehaldsarbeidet som er gjort tilfredsstillar ikkje dei krava vi vil stille til slikt arbeid i dag. Vi vil foreslå at det blir utarbeidd ein generalplan for reparasjon, restaurering og vidare vedlikehald. Denne må omfatte ein nøye gjennomgang både av bygningane og av den dokumentasjonen som finst, slik at ein får så god kunnskap som muleg om opphavleg utsjånad og kva som er gjort undervegs. Planen må munne ut i ein kostnadsrekna handlingsplan som må føreleggast eigarane for forhandlingar om finansiering. Dette vil vera ei relativt omfattande arbeid som det anten må settast av noen vekeverk til, eller det må leigast inn folk til å utføre jobben.⁵⁷
- Historia om Li bør skrivast slik at vi får samla den kunnskapen som måtte finnast. Det har vore vurdert å lage ei temanummer av Folk i Ryfylke om Li. Dette bør prioriterast. I tillegg vil vi vonleg ha nytte av bygdebokarbeidet til Ernst Berge Drange.
- Sjølv om stovehuset ikkje er tenkt som eit publikumslokale, har det vore ei uheldig utvikling av innreiinga sidan Valborg og Liv flytta frå Li. Det bør lagast ein plan for innreiing av stova som bygger på ei tradisjonell innreiing av ei slik stove. Dersom museet ikkje sjølv rår over høveleg inventar, bør dette skaffast til vegar.
- Noen må ta ansvar for tilbakeføring, skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet. Museet bør ta eit initiativ for å laga ein handlingsplan for dette i lag med eigarane, og deretter få organisert og finansierte nødvendige tiltak.
- Det manglar generelle opplysningsskilt på Li. Ein bør vurdere om det kunne vera tenleg å få til noe liknande det som er gjort på Hustveit.
- Med grunnlag i dei erfaringane ein har hatt med dei første driftsåra, må ein vurdere nøye kva slags drift som er aktuell. Framhald av nåverande drift ser ikkje ut til å føre til noen publikumssuksess. Dersom publikumssuksess er eit mål, ser det ut til at det er nødvendig med ei mye meir aktiv drift. Men kan hende må ein ta konsekvensen av den lange og vanskelege vegen til Li, og seia at Li er for spesielle høve.

⁵⁷ I samband med eit estimat av kostnader med drift og vedlikehald av Li blei det laga ei skisse til ein forvaltingsplan. Sjå <G:\Alle\SAKARKIV\38110147.09r.docx>. Det går gjerne an å bygge vidare på denne.

Sand

Det var ikkje sjølvstyk at museet skulle ha hovudsete på Sand da det blei gjort om frå fylkesomfattande bygningsmuseum til regionmuseum for Ryfylke. Det blei lokaliseringsdebatt. Tale- og skriveføre folk i Suldal meinte hovudsetet burde vera på Kolbeinstveit. På Bjørkeneset, der Ulla-Førre-anlegga hadde hatt mellombels brakkeleir, eller i haugane på nordsida av riksvegen. Frå Sauda blei det meldt at det ville vera naturleg å legge hovudsetet til museet til Sauda, som var eit av regionsentra i Ryfylke. Men fylkeskommunen var klare på at det var Suldal som var kommunen. Det var der Rogaland folkemuseum hadde dei største samlingane.

Men det var ingen eigna lokale på Kolbeinsteit, eller i nærleiken. Løysinga blei i første omgang eit lånt kontor på landbrukskontoret på Sand, seinare leige av Rasmussensjøhuset, fram til museet kunne flytte den vesle administrasjonen sin inn i eige hus i Nesasjøhuset i 1991. Der var det og stelt til eit brannsikkert arkiv og magasin, og det var plass til utstillingar og arrangement.

Etter kvart som verksemda voks, blei det behov for meir plass. Etter mye strev lukkast vi med å få reiste eit kombinert verkstad-, magasin- og kontorbygg på Neset. Det var klart for innflytting på nyåret 2009. Dette ga rom for omlokalisering av ein del funksjonar, og meir plass for publikum i Nesasjøhuset.

Same året fekk vi reist ein verkstad- og lagerhall på industriområdet i Gåsavikja, rett aust for Sand sentrum.

Dermed sit vi med tre store bygg på Sand. Berre det eine, Nesasjøhuset, har kulturhistorisk interesse, men i oversynet over oppgåver må vi også ta med dei to andre.



Museumssenteret på Neset utgjer eit harmonisk miljø som legg verdi til opplevinga av strandstaden.

Nesasjøhuset

Nesasjøhuset er reist som lager for sjøbruk, tønner og handelsverksemd. Seinare blei det brukt som tønnefabrikk og til ulike lagerfunksjonar.⁵⁸ Sjøhuset er eit viktig minne om ei bygningsform som tidlegare dominerte det meste av sjøsida på Sand. Nå er det berre Nesasjøhuset og Rasmussensjøhuset att, begge i Nordenden som er verna gjennom regulering til spesialformål. Vi meinte såleis at sjøhuset var eit kulturminne som var viktig å ta vare på, samtidig som det ga gode høve til rehabilitering til våre formål, utan at det i vesentleg grad skulle gå ut over eksteriøret.

Da museet overtok huset i 1986 var det ikkje lenger i bruk til noe formål, og det såg nokså dårleg ut, men den innvendige konstruksjonen var i god stand. Prinsippet for rehabiliteringa var at eksteriøret skulle vera som det var. Det er ikkje gjort endringar på plasseringa av glas eller dører, men dei store dørene for inn- og uttransport av utstyr og varer er erstatta av glastruter. Den innvendige konstruksjonen er brukt vidare, og er for ein stor del synleg. Ny, isolert yttervegg er sett utanpå konstruksjonen. Vi tykte såleis vi lukkast med å ta vare på eit viktig bygningselement på strandstaden, samtidig som vi fekk tenlege lokale til våre formål, og til ein pris som låg langt under det eit nybygg med tilsvarende kvadratmeter ville blitt. Men på eitt punkt ville vi nok tenkt annleis i dag. Sjøhuset sto opphavleg på eit bolverk i sjøen, men dette var allereie da vi overtok dekkja av ei støypt plate. Denne løysinga blei vidareført. Sjøhuset blei heva 30 cm., det blei lagt strekkfiskar på heile fundamentet, og oppå dette blei det støypt ei solid betongplate. Korleis det står til med bolverket under veit vi ikkje så mye om, men vi merkar at det er sprekkar i golvet, og at rullereolane i arkivet har ein tendens til å ville rulle mot sjøsida.

Nesasjøhuset er godt dokumentert gjennom planlegginga av rehabiliteringa, og ved teikningar og dokumentasjon av dei endringane som er gjennomført seinare.

I mangel av anna kulturhus, kom Nesasjøhuset til å fungere som eit kulturhus fram til kommunen bygde eige kulturhus. Attåt dei utstillingane og arrangementa som museet sjølv sto for, var det såleis ei rekke arrangement i huset som var organisert av andre. Dette endra seg da Suldal kulturhus blei opna i 2002. Det var ikkje lenger behov for så store areal til arrangement. Vi kunne nytte meir av arealet i huset til utstillingar, og tanken var at våre eigne arrangement kunne finne plass i kafeen i første høgda.

Den maritime, eller sjøretta delen av bygningsarven er relativt svakt representert i museet. Kvitsøy humpermuseum held til i eit sjøhus frå 1950-talet, og i Forsand er delar av museumsverksemda knytt til eit leigd sjøhus i Bergevik. Men det er sjøhus av ulike slag i samlingane både til Haugalandmuseene, Museum Stavanger, Jærmuseet og Dalane folkemuseum. Nesasjøhuset er såleis ikkje eineståande, men som del av eit strandstadmiljø er det viktig.

⁵⁸ Det står meir om Nesasjøhuset i Drange, Ernst Berge: *Sand, gardar og folk III*, Suldal kommune 2000, særleg side 188-191. Det står og litt i Folk i Ryfylke 2/1984, side 58-59.

Det er noe etterslep på vedlikehald av Nesasjøhuset, og det er plassert i tiltaksklasse 2. Det er ein del skader i ytterveggen mot sjøen, og dei fleste av glasa må kittast og målast. Det er skader på taket av vindehuset. På lengre sikt ligg det føre planar om skifting av taket.

Sjølv etter den hevinga som blei gjennomført da huset blei rehabilitert ligg det lågt, og det er utsett for vasskadar ved springflo og ekstremver. Dette kan bli verre i framtida. Etter ekstremver på nyåret 2015 blei det sannkjent at museet har behov for ein beredskapsplan for slike situasjonar. Utarbeiding av beredskapsplan er tatt inn i handlingsprogrammet for 2016.

Som det einaste huset i eiga til museet er Nesasjøhuset sikra mot brann gjennom sprinkleranlegg, og med direkte varsling til brannvesenet ved utløysing av brannalarm.



Sjøsida av Nesasjøhuset blir utsett for tøffe møte med ver og båtar. Vi er usikre på tilstanden under vasslinja, og inne i den lågaste delen av veggen.

Nybygget

Etter tomteavtale med Suldal kommune kunne museet bygge nytt verkstad-, magasin- og kontorbygg inn mot fjellveggen i bakkant av Hydrokaaien i 2007-2008. Bygget er teikna av Kon-Sul AS, og var innflyttingsklart på nyåret 2009.

Bygget er eit dominerande bygg i den smålåtne sjøfronten på Sand, men vi tykkjer det har fått ei vellukka utforming som fell godt inn i heilskapen, samtidig som det avsluttar busetnaden i Nordenden mot vest på ein god måte. I forhold til det lagerskuret som sto på plassen frå før, er nybygget til museet eit løft. Nybygget legg på denne måten verdi til opplevinga av



Det er meir synlege slitasjeskader i nybygget etter 7 år, enn det er i Nesasjøhuset etter 25 år.

Nordenden. Men det var kanskje litt synd at kranen, som var reist i samband med utbygginga av Røldal-Suldal kraft, og som noen meiner symboliserte at den nye tida blei løfta inn i lokalsamfunnet, blei riven. Men det hadde ikkje museet noen kontroll over.

Nybygget er berre sju år gammalt, men det er alt i ferd med å melde seg vedlikehaldsoppgåver. Taket er tekka med gammal tegl, som er noe utsett for vind og frostsprenging. Det er bulkeskader på eit taknedlaup og lekkasjar i andre nedlaup. Det er rote i golvet på takterassen. Innvendig begynner det bli slitasjespor i golv og tropp. Dette er forhold ein må ha under observasjon. Ein må ikkje sleppe ned bygget slik at det får preg av slitasje. Sjølv om det er eit bygg primært til internt bruk, blir det og brukt av publikum i samband med møte og avtalar med tilsette.

Stålhallen

Stålhallen i Gåsavikja er enda lengre frå eit kulturhistorisk bygg. Det er for det meste rein funksjon, og står i eit miljø med tilsvarende bygg. Det er bygt på ein måte som skal krevja lite vedlikehald. Så langt er det ikkje registrert behov for vedlikehaldsarbeid på bygget.

Andre byggverk på Sand

Ved Nesasjøhuset eig museet eit lite uteområde med plen, rosebed, tre, benkar og brygge. Det er i periodar utfordrande nok å få stelt bedet og klypt plenen, men den største utfordringa er knytt til brygga. Det har vore skader på ho i samband med ekstremver, men det er teikn som tyder på at ein må vera oppmerksam på dei pålane som held brygga, og vurdere kor lenge dei held som fortøying for «Brødrene af Sand». Dette er kreosotimpregnerte lysstolpar som blei støypte ned i ei betongtønne før dei blei gravd ned i sjøbotnen. Sett frå oversida, ser det ut som kjerneveden er i ferd med å rotne. Da er det kanskje snart brygga som held stolpane på plass, og ikkje omvendt, slik det var meininga.

Tenestebilane til museet står parkert utafor nybygget når dei ikkje er i bruk. Ein bør sjå til at desse står pent oppstilte vest for inngangen til nybygget, og at dei blir vaska av og til, slik at det jamne inntrykket ikkje blir at museet køyrer rundt i skitne bilar. Skader skal utbetrast etter kvart som dei oppstår. Dette må vera ein liten lekk i ei omdømmebygging som handlar om at orden på utsida også kan avspegle orden og seriøsitet på innsida.

Tilsette bør også parkere på vestsida av inngangen så langt det er plass, slik at biloppstillingsplassane nærmast Nesasjøhuset kan brukast av gjestene.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til ei slik prioritering av bygningane på Sand:

PRIORITERING SAND				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Nesasjøhuset	A	A	C	
Nybygget	B	C	A	
Stålhallen	B	D	A	

Som ein bygning som står på sine opphavlege tufter, som er ein del av ein verna busetnad, og som i hovudtrekk har si utvendige form intakt, vil vi argumentere for at Nesasjøhuset er ein bygning med høg kulturhistorisk verdi. Og at bygningen er viktig for verksemda til museet kan det ikkje vera tvil om.

Nybygget har avgrensa kulturhistorisk verdi ut frå dei kriteria som blir tillagt størst vekt, sjølv om det har ein arkitektonisk verdi som kanskje kunne godtgjort at bygningen blei gikk karakteren B (høg verdi – den gode delen av samlinga).


Både nybygget og stålhallen har høg relevans for museet, men meir i form av sine funksjonar, enn som del av formidlinga. Vi har derfor gitt dei karakteren B for relevans (relevant).

Samla sett kanskje ei vel nøktern karaktersetting, mest med bakgrunn i at det er det som skjer inne i bygningane som er viktig, ikkje bygningane i seg sjølv.

Nesasjøhuset får ut frå dette høgaste verdi, nybygget noe lågare. Men vi må hugse på at for mange er Nesasjøhuset synonymt med Ryfylkemuseet. Omdømmet vårt vil i stor grad bli vurdert ut frå korleis vi steller med bygningane på Neset på Sand, og korleis det ser ut rundt dei. Vedlikehaldet av bygningane, og området, må derfor ha høgaste prioritet. Også korleis dei elementa vi elles bruker i og omkring huset (blomar, lys, plakatkukkar, juletre), må inngå i ein heilskap.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Nesasjøhuset er det best besøkte av anlegga våre. Det har sjølvsagt samanheng med at det er ope heile året, at det blir drive turistinformasjon i huset om sommaren, og at det er her det er flest arrangement. Besøksstatistikken ser slik ut:



Sjølvs med noe variasjon i besøket, som kan skuldast mange forhold, er det, med gode besøkstal i 2015, råd å tolke ein stigande tendens i besøket. Det ser ut til å vera to hovudgrupper av besøk: Turistar i sommarsesongen og besøk av folk frå nærområda på arrangement resten av året. Men her er også ein del familiebesøk, og besøk av barnehagar og skular i vinterhalvåret. Turistsesongen er lengre på Sand enn på dei andre anlegga, da vi både har sesongtilsette i lengre tid, og ved at fast tilsette fungerer som vertskap i skuldersesongane og om vinteren. Utfordringa er at mange av dei som er innom Nesasjøhuset berre brukar tilbodet i turistinformasjonen. Det bør vera eit potensiale i å få fleire til å besøke utstillingane og handle i butikken.

Det er vanskeleg å seia om det kan vera potensiale for større besøk, og kva som skal til for å få til det. Dette er vel først og fremst ei utfordring for formidlarane ved museet. Det er lettare å sjå ei utfordring. I november 2015 opna Sandsfjord bru. Denne vil føre til mindre trafikk på Sand. Det kan bli spennande å sjå om dette fører til nedgang i besøket på Nesasjøhuset.

Aktivitet og nye tilbod ser ut til å vera noe av oppskrifta på godt besøk. Dei arrangementa museet har på museet ser jamt over ut til å bli godt besøk. Fleire arrangement skulle såleis kunne gi enda meir besøk. For det tilfeldige besøket vil innhaldet i utstillingar og butikk vera viktig for interessa. Utstillingar blir fort gamle. «Kvitebjørnen» har nå stått sidan 2011, «Mitt

Ryfylke» sidan 2013. Begge utstillingane er påkosta, og blei finansierte med omframme tilskott, og dei er førebels ikkje katastrofalt gamle. Men på eit tidspunkt i ikkje altfor nær framtid må dei fornyast. Det må planleggast og finansierast i god tid på førehand.

For å styrke bruken av uterommet er det planlagt eit arrangement med utveg til å strekke seil over uteplassen vest for Nesasjøhuset. Som uterom, og i kombinasjon med «Brødrene af Sand» ved kai, er dette ein triveleg arena for konsertar og bevertning.

Det har ved noen høve vore behov for eit større rom for arrangement der ein reknar med stort besøk, og gjerne med utveg til å arrangere dans. Ved noen få høve er atelieret i nybygget brukt til slike formål, men det er ikkje planlagt for slike formål, og dei tilliggande fasilitetane er ikkje dimensjonerte for store grupper. Nå blir det dessutan nødvendig å ta dette området i bruk til kontorfunksjonar, dermed blir det enda mindre aktuelt å bruke det til publikumsformål.

Alternativet kunne vera å rydde andre etasje i Nesasjøhuset til slike formål, men da blir det ikkje noe utstillingstilbod til eit alminneleg publikum att på Sand, og det er tvilsamt om det vil vera riktig å rydde bort eit vedvarande formidlingstilbod for å gi plass for noen få arrangement gjennom året. Lokalet vil da bli ståande tomt det meste av året, og museet har neppe kapasitet eller økonomi til å produsere fleire mellombels utstillingar for å fylle tomrommet mellom dei store arrangementa. Kanskje må ein sannkjenne at dette er ein type arrangement ein ikkje kan ha på Sand, men heller tenkje om dei kan leggast til ei årstid der ein kan nytte løene på Hustveit eller i Viga, eventuelt på Kolbeinstveit når løa der blir sett i stand til å tole ein dans.

Det har vore ei utfordring knytt til parkering på Hydrokaaien. Hydrokaaien er i utgangspunktet ei industrikai som blir brukt til lossing av varer, og til lasting, særleg av tømmer. I tillegg har Suldal kommune funne på å drive campingplass for bubilar på kaaien, med varierende interesse for å legge til rette for campingturistane. Bubilane konkurrerer med museet om parkeringsplassar til tenestebilar og gjester, og kommunen føreset at museet, som nabo, stiller opp gratis med dei tenestene som gjestene deira etterspør. Nå skal det byggast ny kloakkpumpestasjon ved vestenden av nybygget, med toalettfunksjonar for campingturistar og badegjester, det kan lette noe av etterspurnaden hos museet, men parkeringa er framleis eit problem. Museet må følgje nøye med på kva som skjer med campingdrifta frå år til år, og passe på at interessene til museet blir ivaretatt på rimeleg måte.

Konklusjon

Vi meiner å kunne slå fast at drifta av Nesasjøhuset har vor ein suksess. Det synest opplagt at ein bør bygge vidare på, og styrke det som virkar godt. Ettersom Nesasjøhuset, og verksemda kring Neset blir oppfatta som synonymt med Ryfylkemuseet, må vedlikehaldet av dei to husa, uteområdet og båten ha høg prioritet. Desse tiltaka ser ut til å vera aktuelle innafor eit rimeleg tidsrom:

- Istandsetting av Nesasjøhuset med etterfølgjande ambisjon om å halde nivået høgt (årleg husvask, kitting og måling når behovet oppstår, ettersyn med lyssetting).
- Mindre reparasjonar på nybygget.
- Gode rutinar for stell av rosebed, plen og uteområde elles.
- Gjennomtenkt parkering og stell av bilparken.
- Vurdere å utarbeide ein designmanual for pynting og plassering av dekorative element, inventar og utstyr i og kring husa på Sand.
- Vurdere styrking av arrangementskalenderen for Nesasjøhuset.
- Iverksetting av plan for seil på vestsida av huset.
- Igangsette planlegging av nye utstillingar.

Håland

Håland kom inn i saga til Rogaland folkemuseum i 1960. Da fekk museet «Målastova» og «Røykstova med Håmann-stova» til gjevandes av Hadle Haaland.⁵⁹ Det var venteleg den sjeldne Målastova som vekte størst interesse. Lenge var det desse to bygningane museet hadde ansvaret for, og det gikk ikkje i så mye anna enn å prøve og halde dei ved like, noe som var krevjande nok, og sjå til dei ved eit og anna høve.

Etter at museet var gjort om til regionmuseum i 1981, og det nye regionmuseet hadde tatt på seg ansvaret for gjenstandssamlinga til Erfjord bygdemuseum i 1984, strevde vi med å sameine ambisjonane for eit regionalt museumsstell med utilstrekkelege ressursar. I 1986 ga Per Haaland, son til Hadle, som nå var eigar av garden, tilsegn om å få kjøpe hovudhuset. Det opna utveggar til å samle museumsverksemda i Erfjord på ein stad. Den store tanken, som også blei heftig støtta av ei bygdeutviklingsnemnd, var å gjera Håland til «kulturtun».

Det hadde sjølvstøtt vore andre bygningar på garden. M.a. ei løe. Men den var sterkt til nedfalls da vi kom inn i bildet, og forsvann etter kvart sporlaust frå jordas overflate.

Så gikk det ti år med planlegging, søknadar og samtalar, før museet i 1996 kunne skrive avtale om overtaking av stovehuset, hovudbygningen på Håland. Dermed hadde museet eit museumstun også i Erfjord, med tre bygningar samla kring ein gardsplass. Med på kjøpet følgde ei tomt på to mål, som blei skilt ut frå hovudbruket. Tomtegrensa følgjer fjellfoten mot sør-aust, gardsvegen mot aust, og så ei rett linje 6 m nord for Håmannsbua fram til ei rett linje 10 m nedanfor hovudbygningen mot vest. Tomta omfattar såleis det nærmaste området kring husa, ein liten del av hagen på framsida (vestsida), men ikkje parkeringsplassen på nordsida. Om denne heiter det i avtalen at museet får rett til «bruk av nødvendig parkeringsareal på rydda løegrunn nord for tunet».

Museet har og rett til å plante ut og stelle gamle fruktslag i den gamle hagen på vestsida av tunet. Dette kom inn i avtalen som ein lekk i strevet med å finne areal til vidare utvikling av den frukthistoriske hagen i Viga (sjå nedanfor).

Med på kjøpet følgde også rett til vassstilknytting og rett til bruk av gardsvegen. Men med det siste følgde også ei plikt til å vera med og vedlikehalde vegen.

Da huset var klart for overtaking sommaren 1997, var det klart at vi måtte til med eit omfattande vedlikehalds- og restaureringsprosjekt. Først i 2002 var vi klare for innflytting og stor opning.

I mellomtida hadde det laga seg slik, eller skore seg slik, alt ettersom ein såg det, at den store arvegåva frå Barkeland, inventaret i hovudbygningen på Barkeland, var blitt huslaust. Det passte som hand i hanske på Håland. Attåt samlinga frå Erfjord bygdemuseum var det grunnlag for å etablere eit rikt interiør som, om det ikkje var autentisk, både hadde eit sosialt

⁵⁹ Det er fyldig omtale av Håland i Folk i Ryfylke 2014, årboka til Ryfylkemuseet, som dette året hadde Håland som tema.

og lokalt opphav som ikkje kunne vore betre, når ein først måtte rekonstruere eit interiør. Hovudbygningen på Håland blei ein av dei best møblerte heimane i samlinga til Ryfylkemuseet, og ein bygning som på ein framifrå måte formidla storgardskulturen i Ryfylke, og sambandet den hadde med stilkjensla i byen.⁶⁰

Håland er blitt storgardsmuseet i samlinga til Ryfylkemuseet. Det hadde sjølvsagt vore enda kjekkar om også uthusbygningane hadde vore bevarte, men stovehuset og Målastova, saman med inventaret frå Barkeland og Christian IIIs bibelutgåve frå 1550, gir oss rikeleg høve til å formidle ein kultur som var annleis enn den vi finn på dei meir jamne gardane, eller på husmannsplassane.



Det er stilige stover på Håland, men det spørst om vi kan tillate oss å bruke museumsgjenstandane som sittemøblar og til servering i framtida. Foto: Lise Bjelland.

Vi skal sjå nærmare på dei enkelte husa.

Stovehuset

Vi reknar at stovehuset er bygt i 1825, men påbygt til den forma det har i dag i 1890. Det er eit stort hus, det største våningshuset museet forvaltar. Ein kan i utgangspunktet kjenne att ei opphavleg form med stove i eine enden, bu i andre, og kjøkken og gang på midten, men så er det bygt på rom inn mot gardsrommet som gjer både planløysinga og funksjonane meir

⁶⁰ Sjå meir om møbleringa i Holmboe, Grete: *Historismen på Håland*, Folk i Ryfylke 2015, s. 136-153.

kompliserte enn det ein finn andre stader. I andre høgda er det både fine soverom, og sovesalar for gutar og jenter.

Storleiken på huset, rominndelinga og innreiinga er med på å formidle kunnskap om korleis dei innretta seg på ein stor gard.

Huset gjennomgikk omfattande restaurering etter overtakinga i 1997. Som bakgrunn for desse arbeida blei det gjennomført eit omfattande kjeldesøk for å dokumentere funksjonar, innreiing og overflatebehandling.

Håland er ein verutsett plass, og det har vore mye arbeid med vedlikehald. Tilbakevendande lekkasjar har gjort at ein hausten 2015 starta arbeid med omlegging av taket, og betre sikring mot lekkasjar. Men det er og problem med å få malinga til å stå på veggane. Sjølv om det i ein periode har stått avfuktar inne i huset, er det framleis teikn til aktiv mit. Det er spor etter mus som har gått laus på møblar. Vintersikring av tekstiler ser såleis ut til å vera eit høgt prioritert oppgåve.

Målastova

Målastova er ein av dei meste interessante bygningane i samlinga til museet. Dei måla buene var statussymbol på velstående gardar. Ernst Berge Drange har funne sjå måla buer i gamle Jelsa kommune i sitt arbeid med lokalhistoriske kjelder, og fleire lenger inne, m.a. i Hylsfjorden.⁶¹


Berge meiner Målastova på Håland kan ha kome frå Jelsa prestegard. Den innvendige dekormålinga er frå første halvdel av 1600-talet. Det meste av den målinga som er bevart frå denne tida finn ein i kyrkjene. Målastova på Håland er eit sjeldant godt døme på slik måling utanom kyrkjene.⁶²

Men sjølv om Målastova var påkosta statussymbol frå 1600-talet, har ein sett meir pragmatisk på bruken av rommet seinare. Røff bruk, så vidt vi forstår m.a. som vedbod, har gjort at mye av målinga på veggane er slite bort. Men i taket er målinga intakt. Generelt dårleg tilstand gjorde likevel at også denne målinga var truga, og i 1981-1982 blei taket tatt ned og frakta til konserveringsatelieret på Arkeologisk museum i Stavanger for konservering. Arbeidet blei støtta med særleg løyving frå Norsk kulturråd.

Målastova er ikkje i så god stand som ein kunne ønskje. Vi har plassert ho i tiltaksklasse 2. Den undersolte plasseringa er forsterka av tilvekst av skog på kollen sør for tunet, noe som skaper eit fuktig mikroklima. Det er soppangrep, sprekkdanning, avflassing av måling og begynnande rotning i kledningen, terrenget går opp på veggen på sør- og nordsida, det er spor av mitangrep i takbjelkene i svola. Det er plater, never og torv på taket. Dette virkar tett, men må følgjast nøye.

⁶¹ Drange, Ernst Berge: *Erfjord I-II, Jelsa I og Sand I*, Suldal kommune 2000-2014

⁶² Anne Ytterdal skriv utførleg om målinga i Målastova i sin artikkel i *Folk i Ryfylke* 2014.



Målastova er mellom dei mest interessante bygningane i samlinga til Ryfylkemuseet. Vi må legge stor vekt på å bevare bygningen slik at den innvendige målinga ikkje blir skadd. Foto: Jarle Lunde, Suldal Foto.

Håmannsbua

Håmannsbua og Røykstova ligg under same tak, men er å sjå på som to bygningar. Håmannsbua er ei tømra bu, med same fine rundtømmer som i Målastova. Stova har inngang i gavlen mot nord. Røykstova ligg vegg i vegg med Håmannsbua, og har inngang mot gardsrommet. Dette er ein tredelt bygning med gang og kove i søre enden, og eit stoverom innafor. Nå er det berre eit tomt rom med jordgolv, men det skal ha vore ein eldstad her, tregolv, og heller rundt grua. Stova har vore brukt som eldhus i manns minne. På eit måleri frå 1885 står bygningen umåla og er tekt med tegl. Nå er han kvitmåla og har torvtak.⁶³

Bygningen har hatt ein noe uavklart bruk som del av museet. Nå står det noe hagereiskap og ved i røykstova, medan Håmannsbua er lager for større gjenstandar.

Håmannsbua og røykstova er i betre stand enn dei andre bygningane, men også her er det problem med den utvendige overflatebehandlinga.

⁶³ Grete Holmboe skriv utførleg om bygningane på Håland i sin artikkel i Folk i Ryfylke 2014.

Andre byggverk på Håland

Det er ei inntun med gras og grus mellom husa, ein hage med stakitt rundt på vestsida, ei flaggstong, og ein parkeringsplass på nordsida, som museet har rett til å bruke. Det er utfordringar knytt til vedlikehaldet av alle elementa.

Stakitten treng vask og måling. Flaggstonga må målast, eventuelt skiftast ut med tre eller fiber. Ein gjeng med frivillige, med utgangspunkt i Erfjord grendautval, har gjort ein innsats for å få til ei beplanting på framsida (vestsida) av bygningen, men det krevst meir jamt vedlikehald for at det skal halde seg fint. Parkeringsplassen gror til.

Vegen opp til tunet er eit felles ansvar for oppsittarane. Museet har tatt sin del av vedlikehaldet.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til ei slik prioritering av bygningane på Håland:


PRIORITERING HÅLAND				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Våningshuset	A	A	B	
Målastova	A	A	C	
Håmannsbua med Røykstova	B	B	B	

Målastova og våningshuset på Håland hører utan tvil til mellom dei bygningane som må prioriterst høgt i samlinga. Dei er begge unike i sitt slag, og utgjer delar av ein dokumentasjon av storgardskulturen som elles er svakt representert både på Ryfylkemuseet og andre museum i nærleiken.

Det er vanskeleg å setta Håmannsbua/Røykstova i same stjerneklasse som Målastova og våningshuset. Samtidig er bygningen viktig for heilskapen i tunet, særleg ettersom uthusa som hørte garden til er borte. Med tilgang til nye kjelder, kan det vera eit spørsmål om det er råd å komma fram til ny kunnskap om korleis denne bygningen kan ha sett ut på ulike tidspunkt, og om det kan vera eit grunnlag for ei restaurering, og ei innreiing og ein bruk som kan gjera han meir interessant.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Etter at våningshuset blei ein del av museumstilbodet på Håland, har det vore gjort ulike forsøk på bruk av huset. Det har vore faste opningstider, aktivitetsdagar på dagtid, og gilde arrangement på kveldstid. Men ingenting har ført til store besøkstal. Slik ser statistikken ut:



Etter eit visst engasjement dei første åra etter opninga, dabba besøket av fram til dei gode registreringane i perioden 2009-2012. Tala for desse åra er nok eit resultat av ordninga med ambulerande vert og måten statistikken blei ført på, men vi må bruke tala med ei klype salt. Det beste året, 2012, var det ope på Håland 10 fredagar frå klokka 12 til 17 i sommarsesongen. Det noterte dagsbesøket varierte frå 9 til 27. Skulle vi ha kome opp i over 800 besøkande ville det ha betydd at dagsbesøket i sommarsesongen måtte ha ligge på 60 – 70 om dagen. Her er det grunn til tvil om statistikken gir eit rett bilde av besøket. Det er større grunn til å rekne med at det årlege besøket har ligge på pluss/minus 200 i heile perioden etter opningsåra.

Uansett har det vore vanskeleg å få volum i besøket på Håland. Det mest vellukka har vore kveldsarrangementa med foredrag, forteljingar, konsertar eller allsang. Da har vi tatt stovene og møblane i bruk, fyrt opp på grua, tent levande lys og servert kaffe og noe å bite i. Det har vore varmt og gildt og vi har reist heim att med gode bilde i hovuda våre.

Det har også vore gjort forsøk med privat utleige, men det slutta vi med nokså fort. Vi oppdaga raskt at risikoen for skader på bygningar og inventar var altfor stor i forhold til dei inntektene utleiga ga.



Det er hyggeleg å koma til Håland ein kveld når det lys i alle glas, faklar i tunet, varme på grua og stearinlys i alle staker, men det kan vera grunn til å stille spørsmål ved risikoen og slitasjen ved bruken av huset. Foto: Jarle Lunde, Suldal Foto.

Det er lagt godt til rette for bruk av Håland. Tilkomstvegen er ganske god, sjølv om det knip med å få ein stor buss opp dit, det er ein ganske god parkeringsplass, det er innretta moderne toalett i hovudbygningen, og det er eit lite kjøkken med koppestell og utstyr, der ein kan førebu enkel servering og få vaska opp.

Det er ei stor utfordring å finne ut kva ein kan gjera for å auke besøket på Håland. Så langt ser det ut til at arrangement er vinnaren, men det betyr stor risiko (fyring, faklar, levande lys), og stor slitasje (det er museumsgjenstandane som blir brukt som sittemøblar, bord og tekstilar). Samtidig som arrangement er lite kostnadseffektivt. Det er mye arbeid for å nå ei avgrensa gruppe.

Bruken av Håland reiser eit viktig spørsmål om bruk av museumsgjenstandar som bruksmøblar. Dette er eit spørsmål som er aktuelt fleire stader, men særleg her på grunn av at det her er møblert med stoppa møblar med plysjtrekk. Musea er generelt svært restriktive med bruk av museumsgjenstandar som bruksgjenstandar.

På Håland vil det vera plass til ei forsamling utan at ein bruker stovene. Det er alt kjøpt inn klappstolar som supplementsstolar, og det er eit relativt stort areal i kjøkkenet. Dette kan gjerast enda større ved å flytte ut kjøkkenbordet. Ei løysing for å skjerme museumsgjenstandane kan såleis vera å seia at stovene er utstillingsrom, og at bruken av huset til arrangement må avgrense seg til kjøkkenet. Det blir ikkje så stor stas, men når det er fyr på grua, vil det ikkje vera så verst heller.

Konklusjon

Håland, særleg Målastova og Våningshuset, utgjer ein viktig del av dokumentasjonen av bygningskulturen i Ryfylke, og byr på store opplevingar for publikum. Vedlikehaldet av desse bygningane må derfor ha høg prioritet.

Det har vore vanskeleg å finne eit publikum som kan gi volum til besøket. Det beste vil truleg vera å halde fram med den type arrangement som ein har erfaring for at er populære, men ein bør vurdere om bruken av stovene kan avgrensast.

Desse tiltaka bør prioriterast:

- Vedlikehald av husa i samsvar med tilstandsvurderingar og avviksmeldingar.
- Vurdere grunnlaget for tilbakeføringar i samsvar med nye kjelder. Kan særleg gjelde Håmannsbua med Røykstova, der det nå har kome fram kjelder som viser eit umåla hus med teglstein på taket i den perioden hovudbygningen er tilbakeført til.
- Vidareføre programaktiviteten, men vurdere om ein kan bruke kjøkkenet i staden for museumsgjenstandane i stovene som sittemøblar og til servering.
- Gjenoppta dialogen med grendautvalet om stell av hagen.

Skulemuseet på Jelsa

Skulehuset på Jelsa er bygt i 1774, og er med det eit av dei eldste skulehusa som framleis står i Ryfylke. Kor eineståande det er i ein større samanheng har vi ikkje oversyn over, men vi registrerer at Vik i Sogn skryt på seg å ha det eldste skulehuset i Norge. Det blei bygt i 1741, berre to år etter at den første lova om den norske ålmennskulen kom.⁶⁴

Det var først med Lov om almueskolevæsenet paa Landet i 1860 at det kom krav om faste skulehus. Før denne tid var det berre eit fåtal bygder som hadde faste skular. Det er såleis grunn til å sjå på skulehuset på Jelsa som ein viktig del av skulesoga her i landet.⁶⁵

Det var eit privat initiativ som gjorde at Jelsa fekk fast skulehus så tidleg. Og ikkje berre skulehus for folkeskulen, men her blei det og gitt undervisning for ungdom som ville utdanne seg til ungdomsskulelærarar.⁶⁶

Skulehuset er ein del av eit lite strandstadmiljø med bygningar frå 1700-talet kring kaien og det gamle sentrum på Jelsa. Like ved står kyrkja, som var nybygt i 1647, og langs stranda nordetter frå kyrkja ligg små strandsittarhus på rad og rekke. Skulehuset på Jelsa er ein del av ein større heilskap der skulehuset, kyrkja og handelshuset Bjergsted er viktige hjørnesteinar.

Skulehuset var i bruk som skule heilt til det blei bygt nytt skulehus på Jelsa i 1900. Etter det blei huset i mange år brukt som bedehus, seinare som kontor og bibliotek, heilt til biblioteket blei flytta til enda ein ny skule i 1974. Da tok personalet ved Jelsa skule, saman med Suldal lærarlag, initiativ til å gjera skulehuset til skulemuseum. Og slik blei det.

Hans Risa Johnsen, som sjølv hadde vore elev i skulehuset, og som seinare hadde første lærarposten sin på det kateteret som står i skulehuset, var primus motor i arbeidet med restaurering av huset, og innsamling av inventar og utstyr. I 1983 var arbeidet ferdig, og det kunne opnast som skulemuseum.

Ryfylkemuseet var ein periode spurt om å hjelpe til med rådgiving og administrative gjeremål. Etter at museet var opna tok museet på seg ansvaret for vedlikehald og drift av huset. I 2006 blei eigedomsretten overført frå Den Riibergste Stiftelse til museet.

Huset var brukt til ulike formål i over 70 år, og hadde vore gjennom ulike ombyggingar da arbeidet med tilbakeføring til skulestove tok til. Restaureringsprosessen er dårleg dokumentert. Vi veit såleis lite om korleis det har sett ut før, eller korleis det såg ut da restaureringsprosessen starta. Dei som arbeidde med huset kjente likevel godt til det, og arbeidet med det blei i ein viss grad utført av folk med god kunnskap om tradisjonshandverk (m.a. Vilhelm Tveitarå). Vi må såleis tru at resultatet ikkje er veldig langt frå det som kunne vore eit utgangspunkt.

⁶⁴ <http://www.allkunne.no/framside/fylkesleksikon/skular/forste-skulehuset-i-landet-i-vik/1910/83129/>

⁶⁵ Mydland, Leidulf: *Fastskuleloven 1860 og bygging av skulehus*, http://www.skulehuset.net/pdf/Fastskuleloven_1860_og_bygging_av_skulehus.pdf

⁶⁶ Høibo, Roy: *Jelsa kyrkje*, Jelsa 1989, og *Innblikk*, s 98-101, Ryfylkemuseet 2013

Huset har behov for vedlikehald. Vi har plassert det i tiltaksklasse 1. Det er sopp- og sprekkdanning og avflassing av kledning, rote i hjørnet mot søraust, ein del vegetasjon i naboskiljet mot aust. Terrenget går opp på kledning mot søraust, og det er dumpa hageavfall inn mot kledningen på baksida.

Det siste handlar om at det er eit lite uteområde (plen) rundt huset som blir slått av lokale folk. Av uforståelege grunnar såg det ved synfaring hausten 2015 ut til at oppsamla gras frå grasklypping er dumpa inn mot veggjen på baksida av huset.



Skulemuseet (til venstre) ligg i eit fint sentrumsmiljø på Jelsa. Brodersenhuset nærmast, Bjergsted (det raude i bakgrunnen), og bakarhuset midt i bildet. Til kai ved sjøhuset i bakgrunnen ligg "Brødrene af Sand". Foto: Jarle Lunde, Suldal foto.

Prioritering


Det gir gjerne ikkje så mye meining å prioritere eit enkelthus, men for systematikkens skuld set vi også dette inn i systemet vårt, og plasserer huset slik:

PRIORITERING JELSA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Skulehuset	B	B	B	

Når vi plasserer det i katogien B for relevans og kulturhistorisk verdi er det fordi skulehistoria ikkje er mellom dei prioriterte tema i Ryfylkemuseet, og fordi vi er usikre på kor autentisk skulebygningen er. I Rogaland finst eit skulehistorisk museum som har oppgåva med å dokumentere skulehistoria, og det finst andre bevarte skulehus i Rogaland, om ikkje så gamle. På den andre sida er huset både interessant i seg sjølv, og som del av strandstadmiljøet på Jelsa.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Skulemuseet på Jelsa har vore ein av vinnarane i besøksstatistikken ved Ryfylkemuseet. Det skuldast nok mye at tilbodet på Jelsa også har omfatta besøk i kyrkja, og at vi ein lang periode hadde ein særleg gåverik omvisar som gjorde omvisingane på Jelsa til ei stor oppleving. Slik er besøksstatistikken for skulemuseet og kyrkja på Jelsa:



I tillegg til omvisingane i dei faste opningstidene har det vore ein del besøk av gruppereisande med buss på Jelsa, og det er ei lokal gruppe som brukar skulehuset fast til songkveldar gjennom vintersesongen.

I 2015 var det eit avgrensa tilbod, med to omvisingar på søndagar i sommarsesongen.

Det er heilskapen som gjer Jelsa verd å besøke: 1700-tals busetnaden kring den gamle handelsstaden, strandsittarbusetnaden i Noresjøen, og med kyrkja som ei sentralt høgdepunkt. Skulemuseet er ein del av dette, men ingen stor attraksjon i seg sjølv. Ei vellukka omvising er

dessutan avhengig av ein omvisar som både har gode kunnskap om historia til strandstaden, og som kan legge verdi til omvising ved si eiga framføring. Nedprioriteringa av skulemuseet i 2015 er ein konsekvens av at skulehistoria ikkje har vore noe satsingsområde i formidlinga ved museet, og fordi det er vanskeleg å oppnå ein rimeleg balanse mellom utgifter til bemanning og inntening frå publikum.

Ein kunne tenkje seg at skulemuseet fekk ein meir sentral plass i verksemda ved museet dersom museet lukkast med å utvikle barn og unge som eit satsingsområde. Men å gjenreise Jelsa som ein publikumsvinnar utan Laurentsa Wigestrands (1928-2013) synest vanskeleg.

Konklusjon

Skulemuseet på Jelsa er eit viktig kulturminne, både i kraft av alderen det har, og i samanheng med sentrumsbusetnaden på Jelsa. Huset er i god stand, og som ein godt synleg del av strandstaden bør ein legge stor vekt på å halde nivået på vedlikehaldet frametter.

Ei revitalisering av dei åra publikumstenesta på Jelsa nådde relativt høge besøkstal bør ikkje vera noe høgt prioritert mål nå, men ein bør sjå utvegane til vidare utvikling av skulemuseet i samanheng med ei styrking av arbeidet med oppvekstvilkåra til barn og unge.



Baksida er prega av vegetasjon og uvettig dumping av gras inn mot kledningen. Dette har ført til algevekst og rote.

Andre bygningar i Suldal

Da pionerane prøvde å etablere eit friluftsmuseum i Stavanger var det ein plan for kva slags bygningar som burde samlast inn, og korleis dei skulle plasserast på det området som var sett av til formålet. Men da planen om det store museet i Stavanger blei gitt opp, ser det også ut til at det planmessige med innsamlinga gikk tapt. I alle fall var det ein periode der museet tok på seg ansvaret for ei stor mengde kvernhus og korntørker, utan at det er råd å sjå korleis ein tenkte å nytte desse, utanom som miljøelement der dei sto.

I ettertid har det lukkast å avhende noen av desse bygningane. Men samtidig har ulike initiativ tilført museet nye bygningar som heller ikkje var del av noen gjennomtenkt plan for korleis museet skulle utvikle seg. I det følgjande skal vi omtale dei delane av bygningssamlinga i Suldal som ikkje er del av noen større heilskap.

Naustet i Båtsvikjo



Naustet i Båtsvikjo fotografert frå vatnet i 1982.

I 1982 fekk museet tilbod om å overta kyrkjebåten i Hamrabø. Båten låg i eit naust i Båtsvikjo, litt vest for brygga i Lalid. Naustet hadde veggjar av tørrmurt stein, med eit sperretak med bølgeblikk oppå. Vi kjenner ikkje til noe byggeår for naustet. Museet sa ja takk til båten, og flytta han nokså snart frå Båtsvikjo til nedre delen av Suldalsvatnet, der han lenge låg i eit naust som hørte Tjordal til, seinare har båten fått plass i det rekonstruerte naustet på Kolbeinstveit.

Naustet i Båtsvikjo har såleis ikkje vore brukt av museet, og heller ikkje av andre. Det var i dårleg stand i 1982. Ved ei synfaring i 2003 var det sterkt prega av forfall⁶⁷. Det er seinare ikkje utarbeidd noen ajourført tilstandsrapport.

Det ligg ikkje føre noen avtale om naustet. Den munnlege avtalen var at vi kunne bruke stien og naustet ettersom det høvde, som ei vidareføring av den retten som kverven hadde erverva seg gjennom lang tids bruk. Av dette kan følgje at vi verken har noen rettar eller plikter knytt til naustet når vi ikkje lenger brukar det.



Konstruksjonen var i nokså dårleg stand ved ei synfaring i 2003.

Ein kunne tenkje seg at naustet hadde ein plass i formidlinga av historia om kyrkjebåten og ferdsla på Suldalsvatnet. Det har vore tenkt tankar om å utvikle både dokumentasjonen og formidlinga av denne historia i tilknytning til arbeidet med å ta vare på «Suldalsdampen». Ei tid var det m.a. framme tankar om å gjera den gamle handelslagsbygningen på Nes til ein sentral for formidling av historia om livet på og kring vatnet. I dag (2015) er det på nytt framme tankar kring eit bygdeutviklingsprosjekt på Nes, der historia til vatnet og kvervane ikring kan vera delar i ein heilskap. Det er likevel ingen aktuelle tiltak under utvikling, og naustet i Båtsvikjo er såpass vanskeleg tilgjengeleg at ein neppe kan forsvare å bruke store ressursar på å restaurere det.

Ein nærliggande konklusjon er at naustet i Båtsvikjo forblir i gløymsla.

⁶⁷ Voll, Erik Walter: *Naust og naustmiljø langs Suldalsvatnet*, prosjektarbeid, Bygningsvern og Tradisjonsbyggeri, Høgskolen i Sør-Trøndelag/Ryfylkemuseet 2003

Kvednahåla

I 1973 skreiv Rasmus Vasshus under på ein avtale som ga Rogaland Folkemuseum «råderett (ikkje eigedomsrett) over kvernhus og tørkehus som høyrer garden til og står i Kvednahålo på Ritland, mot at museet set bygningane - m/karmar og utstyr elles - i stand og held dei ved like i framtida». Det går vidare fram av avtalen at «museet sin råderett over anlegget ikkje skal gjere innskrenkning i den bruk av bygningane som eigaren sjølv måtte ynskje å gjere seg av dei». Ein noe enklare avtale blei inngått med eigaren av kvernhuset og saga som hørte Ritland til.

Det var ein nokså dårleg avtale for museet. Museet tok på seg ei plikt til å setta i stand og vedlikehalde husa, men med avgrensa råderett over dei. I mangel av ressursar har det ikkje alltid vore lett å gi desse husa høgast prioritet, og forholdet mellom museet, eigarane og enkelte av naboane har delvis vore konfliktfylt.

Ein kan likevel forstå begeistringa for Kvednahålo. Sjølv etter at halvparten av bygningane i Kvednahålo var rasert etter utbetringa av riksvegen, utgjorde restane eit rikt kvernhusmiljø som låg midt i synet på folk.



Kvednahålo var opphavleg ei rik samling av bygningar som utnytta fallet i elva frå Ritlandsvatnet til ei rekke ulike formål.

Her var fleire kvernhus og tørkehus, sag, stampe og smie. Og sikkert eit sinnrikt system av vassrenner som førte vatnet fram til eit stor tal kvernkallar. Det måtte vera fort gjort å bli begeistra for dei som var begeistra for fortida frå før.

Det er fire hus som i dag inngår i porteføljen til Ryfylkemuseet: Ei kvern og eit tørkehus på nordsida av elva, som hører Vasshus til, og eit kombinert kvernhus og tørkehus og ei sag som hører Ritland til, på sørsida av elva. Det er vassrenner på begge sider av elva. Alle bygningane, unntatt kverna på Vasshus, der taket nyleg er skifta, er sette i tiltaksklasse 2. Det er altså ein del å gjera med husa, både med tak og veggar, vegetasjon og terreng. Miljøet gjer vedlikehaldet krevjande.



Ritlandselva er ei flaumelv som kan bli ganske stor. Bildet er tatt under ekstremveret "Synne" i desember 2015. Riksvegen er også ein uheldig miljøfaktor, og han gjer tilkomsten til anlegget farleg.

Tilgjenge til staden er vanskeleg. Det er ei lita avkøyring på vestsida av anlegget, der det er plass til eit par bilar. Derifrå er det greitt å gå opp til dei to husa på nordsida av elva. Så er det god parkering ved den gamle butikkfilialen på austsida av anlegget, ved innkøyringa til Vasshus. Men herifrå må ein ut på riksvegen for å komma fram til kvernhusa. Alternativt kan ein gå over osvadet ved utlaupet av Ritlandsvatnet, dersom vatnet ikkje står for høgt her.

Det er såleis ikkje lett å legge til rette for publikum. Det har vore arrangert aktivitetsdagar ved anlegget. Og det har vore populært. Da har det vore gjort avtale med Vegvesenet om fartsbegrensing og varsel om fare. Anlegget er i såpass god stand at det er råd å demonstrere korleis kvern og tørke fungerer.

Husa i Kvednahålo er eitt av fleire kvernhusanlegg som museet har ansvar for. Vi har andre anlegg som har betre tilknytning til gardsanlegg enn dette Vi har autentiske anlegg på Hustveit i Sauda, og i Viga i Hjelmeland, og eit rekonstruert anlegg ved Kolbeinstveit i Suldal. Det er såleis vanskeleg å rangere dette som særleg viktig for museet.

Så blir spørsmålet kva følgjer det får for forvaltinga av anlegget. Som miljøelement er anlegget viktig, og det er ein del av opplevinga ved å køyre opp gjennom Suldal. Med god planlegging, og god førebuing er det også råd å arrangere aktivitetar ved anlegget. Men museet har andre anlegg der dette er enklare, og der kvernhusmiljøa inngår i ein større heilskap.

Det er ein nærliggande konklusjon at museet kunne greidd seg godt utan husa i Kvednahåla. På stutt sikt må museet, både av omsyn til inngåtte avtalar, og omdømmet til museet, halde husa vedlike. På lengre sikt bør ein leite etter utveggar til å avslutte ansvaret for vedlikehaldet av husa.

Stampa på Kvæstad



Ingemund Kvæstad demonstrere stamping av vadmål da det blei gjort filmopptak av prosessen i 1970.

På Kvæstad står ei vadmålsstampe, med tilhøyrande vassrenne, og ei halvtekja over ein eldstad som blei brukt til å varme vatn til stampinga. Det var mange slike stamper den gongen folk gikk i vadmål. I dag er stampa på Kvæstad ei av ei handfull stamper i heile Norden.⁶⁸

⁶⁸ Sjø meir om stampa og om stamping i Hoffmann, Marta: Stampe vadmål, Folk i Ryfylke 2/88, s. 6-19.



Det blei lagt nytt tak på stampa i 2011. Sven Hoftun på taket.

Stampa er såleis eit svært viktig minne om ei tid og ein produksjonsmåte som for lengst er gløymt.

Stampa er truleg frå tidleg på 1800-talet, og ho var i bruk til i 1958. I 1970 blei ho restaurert i samband med eit filmopptak. Museet har kopi av filmen som blei tatt opp da, og dessutan ein del stillbilde frå stampinga.

Det var tilfeldig at museets ansvar for stampa kom fram. På eit tidspunkt hadde styret for Rogaland folkemuseum, truleg ved Julius Bårdsen, gjort avtale om at museet kunne få overta stampa mot å halde ho ved like. Det blei ikkje skrive noen avtale. Da vi blei klar over at det låg føre ein avtale, om enn berre munnleg, blei bygningen vurdert som så interessant at det blei tatt initiativ til å få på plass ein skriftleg avtale. Slik avtale blei inngått i 1991. Avtalen gir museet eigedomsrett til

stampa med tilhørande vassrenne, eldstad, vinde og skylleplass, og med rett til tilkomst og bruk av området mellom

stampa og «tilbehøret». Det blir betalt leige for dei rettane museet har til bruk av området. Avtalen er tinglyst som hefte på garden.

Problemet er at stampa ligg isolert og langt frå andre delar av samlingane til museet, og at ho ikkje er så lett å koma til. Tilkomsten går gjennom det gamle tunet på garden, gjennom eit tilvakse le, og gjennom eit beite som er i aktiv bruk til storfe. Det har vore eit par vellukka arrangement ved stampa, som er gjennomført i samarbeid med grunneigaren. Det går an å arrangere fleire slike stunt. Stampa burde også kunne gå inn i undervisningsopplegg for skulen. Men det ligg ikkje til rette verken for faste opningstider eller for mottak av grupper som kjem med buss.

Det verdfulle med stampa er at ho er ei av svært få som er bevart, og at ho, gjennom film og foto, er godt dokumentert. Men elles veit vi lite om stamper i Ryfylke. Det kunne vore eit prosjekt å finne meir ut om kor dei sto, og om bruken av dei.

Bygningen er i relativt god stand, men det er ein sårbar konstruksjon, og det er noen mindre skader som bør utbetrast før det blir nødvendig med større utskiftingar.



Sjølvsom stampa er i god stand er det små skader som kan føre til større skader. Her ligg ei helle (lengst framme til høgre på bildet) på hell slik at vatnet renn inn mot staven.

Øystad

På Øystad i Kvilldal finn vi ytterlegare to bygningar utafor alle rimelege tankar om korleis eit friluftsmuseum kan fungere, same kor positiv ein måtte vera til økomuseumstanken. Tilliks med stampa på Kvæstad blei vi også tilfeldig gjort merksame på at museet også hadde tatt på seg ansvaret for desse. Det hadde skjedd gjennom munnleg avtale mellom styreleiar Peder Heskestad og eigarane på 1960-talet.

Begeistringa for dette anlegget ligg truleg i den sjeldne konstruksjonen med at det er plassert tre kverner inne i same hus. Øystad, Sukka og Steinbru hadde her gått saman om å bygga ei kvern, men altså med kvar sine kversteinar. I tillegg står det altså eit tørkehus på staden, og det har vor slipesteinar og eit arrangement med ein stor kall som har overført kraft til eit trøskeverk på Øystad ved hjelp av ein lang streng. Til anlegget hører ein nokså forseggjort kanal for framføring av vatn, og det har vore eit sinnrikt rennesystem for å få vatnet fram til dei ulike kvernkallane.

Anlegget var i dårleg stand da museet tok på seg ansvaret for det på 1960-talet. Peder Heskestad tok eigenhendig i ferde med vøling av taka. Og det var i dårleg stand da museet oppdaga at det hadde eit ansvar for det i 1988. I dag er husa i rimeleg god stand, og det er laga

nye kvernkallar, men det er plast og torv på taket, og det er begynnande svikt i torvhaldskrokar. Eit takomleggingsprosjekt er såleis under oppseiling.



Synfaring med kultursjef, fylkeskultursjef og fylkeskonservator i 1988.




Det er arrangementet med tre kverner på rekke inne i eit hus som gjer kvernhuset på Øystad spesielt.

Da arbeidet med utgreiing om eit muleg vassdragsmuseum i Suldal gikk føre seg, kom tanken opp om å gjera kvernhusanlegget i Øystad til ein stasjon på vegen til eit besøk i Norges største kraftstasjon i Kvilldal. Det blei laga plan for rekonstruksjon av rennestystemet, og det blei søkt om pengar til å realisere planen. Men det kom ingen pengar, og Kvilldal kraftstasjon blei stengt for publikum av sikringsomsyn. Så der står husa og er ei vedlikehaldsoppgåve, utan at det er muleg å sjå korleis dei kan brukast.

Tilgjenge er heller ikkje så enkelt. Husa ligg i eit beite, og ein må over eit gjerde eller gjennom eit le for å komma til. Det er ingen tilrettelagt parkering, men det er heller ikkje så vanskeleg å finne ein plass å setta frå seg bilen i nærleiken.

Det har aldri vore noe arrangement på Øystad, men det har vore sporadiske omvisingar, og det har vore arrangert dugnadar for å rydde vegetasjon og utføre anna vedlikehald.

Når ideen om å knyte anlegget til besøk i Kvilldal kraftstasjon glapp, er det vanskeleg å sjå korleis dette anlegget kan nyttast av museet. På lang sikt bør ein truleg også her søke å koma fram til ei avhending.



Det var eit sinnrikt system med renner frå ein mura kanal vest for bygningane og fram til tørke, kvern, kall for trøskeverk og slipestein. Rekonstruksjonsteikning: Grete Holmboe, Kon-Sul AS, 1989.

Båthus Strandanes

Båthuset på Strandanes er eit hus under oppføring hausten 2015. Huset er eit vernebygg for M/B Suldal, og er bygt over ny slipp for båten. Det er ikkje ein antikvarisk bygning på den måten at det er eit hus med stor aldersverdi, men det er bygt med grunnlag i ein høghustradisjon som ein periode blei brukt i løebygningar, og det har såleis ein verdi som vidareføring av tradisjonskunnskap.

Båthuset er uløyseleg knytt til bevaring og drift av båten. Slik båthuset nå blir liggande, med tilhørande snu- og parkeringsplass, og ny kai, vil forholda bli gode for lett tilkomst til båten for passasjerar.



1Båthuset på Strandanes reist i høghustradisjon. Bilde tatt ved kranselag 12. november 2015.

M/S Suldal

M/S Suldal, også kalla D/S Suldal, Suldalsdampen, eller berre Dampen⁶⁹, blei sett inn i trafikk på Suldalsvatnet i 1885. Det var den veksande turisttrafikken som ga grunnlag for

⁶⁹ Vi har merka oss at dei nye eigarane av «Knatten», det tidlegare ungdomsherberget på Nesflaten, har tatt namnet «Dampen» i bruk på huset, som nå skal vera serverings- og overnattingsstad. Vi antar at det er for å dra nytte av dei positive assosiasjonane som er knytt til M/S Suldal. Vi tykkjer det er uheldig, og at det kan føre til forvirring, men opphavsretten til den folkelege nemninga på båten er neppe sterk nok til å laga noen sak av, og ei sak vil neppe tene omdømmebygginga verken for museet eller båten. Det er dessutan dei same folka vi ønskjer å få med på eit driftsopplegg for båten.

investeringa i dampskip på ruta mellom Suldalsosen og Nesflaten, med mellomliggande kvervar. Båten var det viktigaste kommunikasjonsmidlet på vatnet fram til det blei sett i drift ei bilferje i 1939. Men «Suldal» var framleis i drift, og det var båten ein måtte stole på da isen la seg på vatnet, og ferja, som hadde skrog av tre, måtte gi opp. Like til Suldalsvegen var nesten ferdig⁷⁰, var båten i drift.⁷¹

Når nemninga på båten har endra seg frå dampskip til motorbåt, er det fordi dampmaskina blei skifta ut med dieselmotor i 1953.

Da det ikkje lenger var bruk for båttrafikk på Suldalsvatnet blei ferja, M/F Suldalsporten, søkt på Bråtveitfjorden i nattens mulm og mørke, medan eit lokalt initiativ hadde ført fram til skiping av ei foreining som ville ta vare på «Suldal». Foreininga fekk overta båten i 1979, og gjorde eit stor arbeid med istandsetting, vedlikehald og drift i mange år. Mye av arbeidet måtte gjerast på dugnad, da det viste seg vanskeleg å oppnå tilskott til båten. Noen av problema skuldast at foreininga ville tilbakeføre båten til dampskip, medan Riksantikvaren meinte ein måtte bevare han som motorbåt.



Det er mange som ser fram til at M/S Suldal skal ta opp att farten på Suldalsvatnet. Men når det skjer blir det som motorbåt frå 1953, og ikkje som "dampbåt" med høg skorstein.

Ryfylkemuseet blei tidleg engasjert som rådgjevar i arbeidet med å ta vare på båten, og utførte også sekretæroppgåver for foreininga. Frå midt på 1990-talet og fram til båten fekk seglingsforbod i 2011 samarbeidde museet med foreininga om seglingar frå Kolbeinstveit. Da

⁷⁰ Suldalsvegen blei offisielt opna i 1980, men hadde vore køyrbar ei stund før det.

⁷¹ Det er nærmare omtale av båten og ferdsla på Suldalsvatnet i Folk i Ryfylke 2/85. Årboka blei og gitt ut som særtrykk under tittelen «Suldalsdampen».

hadde foreininga alt skjønt at det blei ei for stor oppgåve å vedlikehalde og drive båten på dugnad. På årsmøtet i 2008 bestemte foreininga seg for å be Ryfylkemuseet om eit tettare samarbeid, eventuelt at museet overtok eigarskapet til båten.

Dette var ei stor oppgåve, og museet brukte ein del tid på å kartlegge føresetnadane for å ta på seg oppgåva. Det var viktig å finne ut av kva ressursar foreininga representerte, korleis Suldal kommune og Rogaland fylkeskommune stilte seg, og, ikkje minst, om det var muleg å få båten inn på fartøyvernlista til Riksantikvaren. Ein føresetnad for det siste var ein god dokumentasjon av båten, så det blei sett i gang eit samarbeid mellom foreininga og museet om å få fram den dokumentasjonen som måtte vera tilgjengeleg.

I 2013 meldte Riksantikvaren at «Suldal» hadde fått formell status som verna skip. Riksantikvaren uttalte dess meir at «Suldal» var ein særleg interessant båt, som den einaste seglande innlandsbåten på Vestlandet. Samtidig løyvde Rogaland fylkekommune 90.000 til sikring av båten, og seinare 300.000 til konsolidering med Foreininga Suldalsdampen. Suldal kommune ga tilsagn om 1,2 mill. kr. til restaureringsarbeida. Det er desse løyvingane, saman med erstatningsslipp betalt av Statnett, som har gjort det muleg å føre opp det båthuset som er omtala ovanfor. På dette grunnlaget blei det i 2014 inngått avtale om overføringa av eigarskapet til båten til museet.

Det har alt i fleire runder vore søkt Riksantikvaren om midlar til å komma i gang med restaureringsarbeida, førebels med 1.164.000 kr. til ein grundig tilstandskontroll, demontering av hovuddekk og innreiing, og sandblåsing av skroget. Men vi har førebels ikkje nådd opp. Det er slått fast at det er eit omfattande restaureringsarbeid som må gjerast. Kostnaden med dette er førebels ukjent. Med den interessa som Riksantikvaren har vist for båten reknar vi med at vi vil få støtte til restaurering når tida er inne for det. I første omgang har vi sett det som viktig å sikre båten. Det skjer gjennom oppsetting av båthuset.

På stutt sikt er det sikring, planlegging og finansiering av dei nødvendige restaureringsarbeida som er jobben med Suldal. Tidshorisonen er usikker.

Når båten ein gong er klar for sjøsetting att, står det nye utfordringar i kø. Det er krevjande å halde eit flytande fartøy vedlike. Her har vi likevel den store fordel at båten kan stå under tak om vinteren. Det vil redusere vedlikehaldsoppgåvene betydeleg. I arbeidet med «Brødrene af Sand» (sjå nedanfor), har vi hatt eineståande hjelp av ei venneforeining. Det er ikkje sikkert at ein kan rekne med så stor dugnadsinnsats i arbeidet med «Suldal».

Det vil også utfordre drifta av båten. «Suldal» er dessutan sertifisert for passasjerfart. Det krev dekksoffiserskompetanse på eit visst nivå. Organiseringa og drifta av båten vil vera ei stor utfordring som ein kanskje kan sjå i samanheng med drifta av «Brødrene af Sand». Vi vil drøfte dette nærmare nedanfor.

Det vil vidare vera naturleg å sjå drifta av «Suldal» i samanheng med ei større vektlegging av dokumentasjon og formidling av ferdsla på Suldalsvatnet, og livet i kvervane kring vatnet. Her kan både Foreininga Suldalsdampen, og bygdeutviklingsprosjektet på Nesflaten, Liv på Nes, vera mulege samarbeidspartar.

Dokumentasjon, vedlikehald, drift og formidling av «Suldal» er som forvaltning av ei ganske stor museumsavdeling i seg sjølv. Museet har kome langt når båten er sikra under tak i båthuset på Strandanes, men båten har eit potensiale, kanskje også kommersielt, som det vil vera nødvendig å utvikle om dei relativt store investeringane ein må sjå føre seg skal kunne forsvarast.

Brødrene af Sand

«Brødrene af Sand» er ei av dei aller siste jektene som er bygt i Ryfylke, og som framleis er sjødyktig. Det har vore diskusjon om alderen, men vi held oss til ei analyse som tilseier at byggeåret er 1867.⁷²

Jekta var i fart, og hadde heimehamn på Eide ved Sand like til 1967. Da blei ho selt. Etter eit lite mellomspel blei ho overtatt av Tryggen Larsen, Nesodden, som var ein primus motor i ei gryande interesse for å ta vare på kystens kulturminne. Men han hadde verken økonomi eller arbeidskraft nok til å ta vare på jekta. I 1993 let han det gjera kjent at han vurderte å selja fartøyet, og at han gjerne såg at det kom tilbake til Sand og Ryfylke. Det var ein ide som slo godt an i museet, men det var langt fram til å realisere han.



Brødrene på slipp på Karmøy. Medlemmer i venneforeininga deltar i vårpussen. Jekta ligg hausten 2015 ved Ryfylke trebåtbyggeri og skal m.a. få ny mast og nytt dekk.

⁷² Historia til «Brødrene af Sand» er utførleg behandla i Folk i Ryfylke 1999.

Vi starta med å invitere interesserte personar til samtalar. Interesse var stor, og i 1996 blei Venneforeininga til «Brødrene af Sand» stifta. Det var viktig for å kunne gå vidare, og det har vore heilt avgjerande for arbeidet med setta i stand, vedlikehalde og drifte jekta. Venneforeininga til «Brødrene af Sand» er eit eineståande døme på omfattande og vedvarande dugnadsinnsats i museet. Foreininga har tatt ansvar for vesentlege delar av både vedlikehaldet og drifta av fartøyet.


Så kom Suldal kommune på banen med ei løyving på 750.000 kroner, deretter Rogaland fylkeskommune, og Riksantikvaren bladde uvanleg raskt opp dei pengane som trongst for å gjennomføre nødvendige restaureringsoppgåver. Avtale om kjøp blei gjort i 1997. Etter to år ved Hardanger fartøyvernssenter, og 5,5 mill. kr. segla jekta nyrestaurert og fin inn på Sandsvikja i 1999.

Sidan da har jekta veksle mellom å ligge ved kai på Sand om sommaren, vera ute på tokt, og ligge i vinteropplag på Eide. Det har vore såpass mange betalte oppdrag at inntektene har gitt vesentlege bidrag til det jamne vedlikehaldet, men ikkje nok til å dekke dei store utfordringane med å ha eit fartøy som er bygt av tre liggande i sjøen heile året. Det har etter kvart bygt seg opp behov for større tiltak, og fartøyet er hausten 2015 segla til Ryfylke trebåtbyggeri for omfattande reparasjonar. Arbeida er finansierte med midlar frå Riksantikvaren, Rogaland fylkeskommune, Stiftelsen UNI og KLP. Det siste er forsikringsutbetaling etter ein skade i ein nyttårsstorm 2014.

Det var ein tanke om at «Brødrene af Sand» skulle vera ein lekk i eit breiare arbeid for å dokumentere og formidle fjordafarten i Ryfylke. Det har vi berre delvis lukkast med. Vi prøvde oss med ein søknad om finansiering av eit ferjeprojekt da vi såg at omlegginga til eit ferjefritt Ryfylke hadde kome så langt at det var på tide å dokumentere både den ferjetrafikken som framleis var att, og følgjene der ferjene var erstatta av tunnelar og bruer. Men vi nådde ikkje fram i konkurransen om midlane.

«Brødrene af Sand» er ikkje sertifisert for passasjertrafikk. Dei som er med om bord blir derfor rekna som «medseglarar», og såleis definerte som mannskap. Dette gjer at det heller ikkje er formelle krav til sertifisering av dekksmannskap, men det er innført interne reglar for sertifisering, bemanning og internkontroll. Dette har gitt grunnlag for drift av fartøyet på dugnad, men det er eit sårbart system i forhold å oppretthalde eit ståande tilbod til publikum.

Talet på medseglarar varierer frå år til år, også i forhold til varierande praksis for føring av logg og statistikk. Statistikken gir likevel eit haldepunkt for vurdering av bruken av båten:



Statistikken gir uttrykk for at talet på besøkande om bord er om lag på linje med ein av dei andre, mindre avdelingane til Ryfylkemuseet. Det er likevel grunn til å tru at besøket har vore høgare enn statistikken gir uttrykk for. Det blir ikkje så store tal av dei som er med på tokt, der grensa for talet på medseglarar er 20. Men ved deltaking på stemne og byggedagar kan det vera svært mange som tar turen om bord, sjølv om det ofte blir vanskeleg å telje dei.

Talet på tokt kunne gi eit anna uttrykk for bruken av fartøyet, men vi har ikkje utan vidare tilgang til loggen, da denne blir oppbevart hos Venneforeninga. Dei siste åra har talet på tokt på oppdrag ligge på 6-7. I tillegg kjem turar som Venneforeninga gjer med eigne medlemmar.

Betalte oppdrag er prisa slik at det utgjer ein terskel. Filosofien har vore at vi må prioritere få, men godt betalte oppdrag. Med god marknadsføring kan det hende at det hadde vore grunnlag for fleire tokt, og betre inntening. Men den største marknaden ligg i byane, og det er ikkje noe mål for Ryfylkemuseet å ha fartøyet liggande der. Dessutan er det grenser for kor mange tokt ein kan få til når mannskapet må stille opp på dugnad.

Sjølv om dugnadsinnsatsen på «Brødrene af Sand» har vore eineståande stor, er han her, som på «Suldal» sårbar i forhold til skiftande interesser. Det er ei relativt lita kjerne av folk som gjer den største jobben, og det har vore store utskiftingar i denne kjerna frå starten til i dag. Skulle ein ha skifta ut dugnadsinnsatsen med betalt arbeid, ville ein både ha stått overfor ei utfordring med rekruttering av mannskap, og ei utfordring med økonomi til å lønne dei.

Kan hende ligg ei framtidig løysing i eit driftsselskap for både «Suldal» og «Brødrene af Sand», der kommersielle reiselivsinteresser også er representert. Det er muleg ei samdrift

kunne gi grunnlag for eit lønna mannskap, sjølv om det er vanskeleg å sjå for seg at innteninga skulle bli så stor at ho dekkar både drift og vedlikehald av to fartøy.

Prioritering

Sjølv om dei bygningane som er med i dette oversynet over andre bygningar i Suldal er av nokså ulike slag, har vi gjort eit forsøk på å setta dei inn i prioriteringssystemet vårt. Da ser det slik ut:

PRIORITERING ANDRE HUS I SULDAL				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Brødrene af Sand	A	A	C	1
M/B Suldal	A	A	D	2
Stampe, Kvæstad	A	B	B	3
Båthus, Strandanes	B	C	B	4
Kvern, Vasshus	C	B	A	5
Kvern/tørke, Ritland	C	B	B	6
Sag Ritland	C	B	C	7
Tørke, Vasshus	C	B	C	8
Kvern, Øystad	C	C	B	9
Tørke, Øystad	C	C	B	10
Naust, Båtsvikjo	D	D	C	11

Begge fartøya er plasserte som «stjerneobjekt». Det hjelper på denne vurderinga at dei begge er med på lista til Riksantikvaren over verna skip. Det har ikkje same status som freding, men det set fartøya inn i ein nasjonal samanheng. Det same har vi gjort med stampa på Kvæstad, mest fordi ho er eit svært sjeldan eksemplar av ein bygningstype som var nokså vanleg da folk kledde seg i vadmål. Stampa har ikkje berre nasjonal, men nordisk betydning.

Båthuset på Strandanes er eit nybygg som kanskje ikkje høyrer heime her. På den andre sida representerer det ein tradisjonell byggemåte, samtidig som det er av avgjerande betydning for å ta vare på «Suldal».

Samlingane av kvernhus, tørker og saga på Ritland, har vi alle plassert som C-objekt. Etter karaktersettinga til Kulturrådet betyr dette at bygningen er «delvis relevant», altså bygningar «som samsvarer med museets mål og planer, men som per i dag har begrenset betydning for museets virksomhet». Vi meir det er dekkande. Ein kunne også vurdert om dette er D-objekt,

«lite relevant», «som har liten betydning for virksomheten», men vi har reservert denne karaktersettinga for nausteti Båtsvikjo, som vi meiner vi utan vidare åtgjerder kan gløyme.

Utfordringa er at det i begge kvernhusmiljøa er vedlikehaldsoppgåver som krev middels eller høge ressursar. Vi kan ikkje godt sleppe bygningane ned, før vi har ei anstendig avgjerd om kva som skal skje med dei på lengre sikt. På den andre sida er dette bygningar der vi kanskje kan akseptere eit platetak, i staden for eit kostbart tak med never og torv, i påvente av ei avklaring.

Konklusjon

Dei to fartøya museet forvaltar er anten under arbeid (Brødrene), eller er i ferd med å bli sikra (Suldal). Sjølv om vedlikehald og restaurering må ha stor merksemd også frametter, er det ikkje der skoen trykker mest nå. Dei største utfordringane knytt til fartøya er dokumentasjonen av den farten dei var ein del av, og den langsiktige drifta av fartøya.

For båthuset på Strandanes er utfordringa i skrivande stund (seinhausten 2015) å gjera det ferdig.

Dei frittståande kvernhusmiljøa må sikrast mot vidare forfall. Ut over det er det andre bygningar i samlingane til Ryfylkemuseet som må prioriterast. På lengre sikt bør ein søke avhending av desse samlingane.

Viga

I utgangspunktet gikk planen for Rogaland Folkemuseum ut på å ta vare på eit tun frå Ryfylke, eit frå Jæren, og så noen byhus frå Stavanger. Da den planen gikk i vasken skaffa museet seg Grødaland på Jæren og Røynevarden og Kolbeinstveit i Ryfylke. Så kunne ein tru at mye var gjort. Men vi har sett ovanfor at det var ei rasande interesse for å ta på seg ansvaret for vedlikehald av eit utal kvernhus og tørkehus kring om i bekkar og elver, og samtidig med transformasjonen frå ideen om eit friluftsmuseum i byen til bevaring av bygningar på landet, ser det ut til at ideen om bygdetun kring om i kommunane blei ein berande ide. Slik sett passar det godt at styreleiaren tok til å engasjere seg i jakta på eit bygdetun i Hjelmeland.

Nå var det nok ikkje tilfeldig at det blei Viga. Alt i 1933 blei Valdemar Hansteen sendt til Viga for å måle opp hovudbygningen. Valdemar Hansteen var ein arkitekt som utførte ein del oppdrag for Fortidsminneforeningen, og det ser ut til å vera fleire interessante gardstun som blei målte opp på denne tida. Viga må ha vore kjent som ein gard med bygningar av antikvarisk interesse før Valdemar Hansteen blei sendt dit, men vi har ikkje lukkast med å finne spor etter den første interessa for tunet.

I arkivet til museet dukkar Viga for alvor opp i 1970. Da får medlemmane og årsmøtet melding om at museet om hausten sette i stand taket på uthusbygningen (må ha vore løa) i Viga. Same året kjøpet Hjelmeland kommune bygningane i tunet, og kvernhuset, tørkehuset og naustet, av Sven Randa. Føresetnaden var at eigedomsretten skulle overførast til Rogaland Folkemuseum. Det skjedde fire år seinare. Styreleiaren hadde alt eit par år før dette vore engasjert i arbeidet med å skaffe hus til eit bygdetun i Hjelmeland, men det er lite nedfelt i møtebøker eller arkiv om eit arbeid for å pådra seg vedlikehaldsansvaret for eit gardstun med ei nokså stor og nokså krevjande bygningsmasse. Ansvaret skal rett nok, etter avtalen, delast med Hjelmeland kommune, men utan noen spesifikasjon av kva dette skulle bety.⁷³

Grunnlaget for å overta bygningane var at Sven Randa hadde bygt nytt bustadhus på garden. Den gamle hovudbygningen var såleis ledig, men uthusa var framleis i bruk, og har vore det meir eller mindre fram til ganske nyleg. Etter Sven Randa er det dottera Oddbjørg som har overtatt garden, som 6. generasjon i same slekta. Ho har bygt nytt bustadhus i lag med ektemannen Tor Helge Heggland. Det er såleis tre generasjonar bustadhus i Viga, og to generasjonar løer.

Det var åtte hus som blei rekna opp i kjøpekontrakten: Røykstova, altså hovudbygningen, Sisselastova, stabburet, eldhuset, løa, kvernhuset, tørkehuset og naustet. I tillegg står det eit vetlehus i tunet, og eit lite hus som blir kalla fyrhuset, etter den funksjonen det hadde før det blei flytta til Viga. Nyleg har vi også kasta augene våre på «Nye skuten», eit lagerbygg på vestsida av løa, som vi tenkjer kan vera utgangspunkt for eit servicebygg.

Den tidlege interessa for tunet kan vera knytt til hovudbygningen, som etter utskiftinga i 1821 blei sett saman av ei eldre røykstove og eit tilbygg, og som fekk ein nokså særmerkt utsjånad.

⁷³ Historia om Viga er utførleg omtala i Folk i Ryfylke 2007.

Men også andre bygningar i tunet er i seg sjølv interessante, og til saman utgjer dei eit tettstående og opplevingsrikt bygningsmiljø. Dei fleste av husa er tekte med heller, som truleg har hatt ei utbreiing med grunnlag i lokale hellebrot. Dette er eit tekking som skil seg frå det som er vanleg andre stader i Ryfylke.



Eit av særprega ved husa i Viga er at dei er tekte med heller. Berre stabburet (til venstre) har panner på baksida. Løa (nede til høgre) var under restaurering da dette bildet blei tatt.

Hovudaktiviteten i Viga dei første åra gikk ut på å halde husa ved like. Dette arbeidet heldt likevel ikkje tritt med forfallet. Det har derfor vore eit par rundar der vi har tatt i ferde med større vedlikehaldsoppgåver, den mest omfattande i åra 2007-2015, da det blei gjennomført ei grunnleggjande restaurering av alle bygningane i tunet. Bygningane som ligg utanom tunet står att.

Grunnlaget for søknadane om pengar til restaureringsarbeida var ein prosjektoamtale som også skisserte framtidig bruk av tunet. Vi kjem tilbake til denne nedanfor.⁷⁴

Sidan 1982 har museet vore engasjert i dokumentasjon av frukt- og bær dyrkinga i Hjelmeland. Dette førte fram til at det i 1990 blei etablert ein frukthistorisk hage innafor murene til den gamle hagen i Viga. Etableringa skjedde i samarbeid med det som den gongen heit Nordisk Genbank, og er ein del av eit nasjonalt prosjekt for å bevare gamle fruktslag.

⁷⁴ Prosjektomtalen er justert i fleire omgangar, her er siste versjon frå januar 2012:
<G:\AlleSAKARKIV\62211201.11r>

Stovehuset

Vi veit ikkje sikkert kor gammal røykstova er, men tradisjonen seier at ho skal vera frå 1600-talet. Røykstova blei bygt saman med ei ny stove i 1821. Denne har lem med soverom oppe. Mellom stovene er det ein gang i reisverk, med eit avdelt spiskammers, men ikkje grue og kjøkken, slik ein finn i dei fleste tre-delte Ryfylke-hus. Her er det ein stor kokomn i daglegstova, og så eit romsleg eldhus rett utom kjøkkendøra. I kvar ende av huset er det ein skut.

Dette har gitt stovehuset i Viga ei særeigen form. Den gamle røykstova er i ei høgde, og det er ope heilt opp til den gamle ljoren. Den nye delen er i to høgder. Det er lagt heller på taket på begge delar av huset.



Det meste av det opphavlege inventaret i stovehuset er bevart. Stovehuset i Viga er såleis eit av dei mest autentiske husa vi kan vise fram. Foto: Lise Bjelland.

Det som gjer stovehuset i Viga dess meir interessant er at ein stor del av det opphavlege inventaret framleis står i huset. Det var med i kjøpeavtalen frå 1970 at «ein del gamle bruksting» skulle bli ståande i husa, og at seljaren skulle «deponera ein del av det gamle innbuet i bygningane». Spesifikasjonen av kva dette galdt skulle komma seinare, men det tok tid før det var avklart kva museet eigentleg hadde disposisjonsrett over. I 2011 blei det inngått avtale om at dei gjenstandane som ved underteikning av avtalen sto i bygningane skulle inngå i deponeringa. Gjenstandane er registrerte, og omfattar i alt 1850 nummer.

Vi veit ikkje heilt kor komplett inventaret er i forhold til korleis det var da familien budde i huset og brukte bygningane. Ein del inventar er nok tatt med til dei nye stovehusa på garden, men inntrykket er at stovehuset er godt møblert. På den måten er stovehuset i Viga det eine av to stovehus i eiga til museet der vi kan vise fram eit noenlunde autentisk interiør. Det andre er stovehuset på Hustveit (sjå meir om dette nedanfor).

Åse Jensen, tidlegare kulturvernmedarbeidar i Hjelmeland kommune, og frivillig medarbeidar i Viga, har arbeidd ein del med tekstilene i Viga. Gardiner og sengeklede er såleis også i rimeleg god stand.

I sum framstår stovehuset i Viga langt på veg som det gjorde da den siste familien budde der, og dess meir nå enn den første tida etter overtakinga, da det i samband med restaureringsarbeida også er gjort eit arbeid for å finne betre grunnlag for innreiinga.⁷⁵

Huset er i god stand, det er berre behovet for måling som bør overvakast. Glasa ser ut til å vera særleg utsette for verslitasje. Det har vore problem med våt grunn og vatn i kjellaren. Etter drenering ser dette ut til å fungere godt, men det bør overvakast i dårleg ver.

Det må innarbeidast gode rutinar for vinterlagring av tekstiler.

Eldhuset

Eldhuset i Viga er uvanleg stort, og det er bygt av stort og finhogge tømmer. Det er knytt tradisjon til huset som tilseier at det både har vore flytta fleire gonger, at det har vore brukt til andre formål tidlegare, og at det er gammalt.

Dette var det første huset vi tok i ferde med da restaureringsarbeida starta i Viga. Den store utfordringa var at grua var på hell, og at ho tok med seg heile endeveggen mot aust. For å berge både hus og grue, måtte ho plukkast heilt ned. Problema synte seg å ligge i grunnen under grua. Gjenoppbygginga gjorde at det blei behov for å hente inn kunnskap om muring med leirmørtel. Eldhuset blei såleis ein lærearena for tradisjonskunnskap som heilt var gått i gløyma. Vi måtte til Setesdalen for å finne ein tradisjonsberar som kunne lære oss kunsten.

Nå er det ikkje berre ei grue som det går an å fyre på i eldhuset, men også ein eldstad ved sida med ei takke. Utfordringa er at vi ikkje er så gode på fyring. Vi har prøvd oss på å få pengar til eit prosjekt som både skulle hente fram att kunnskap om ved og fyring med ved, men har ikkje lukkast. Dette er likevel kunnskap som vi må gjera meir for å tileigne oss. Vi burde og ha granska nærmare korleis eldhusa blei brukte.

Trass i manglande fyringskompetanse, og ei viss røykplage, har vi brukt eldhuset til mottakingar, til servering, og som ein miljøfaktor i tunet når det er arrangement der. Eldhuset bør vera ein ressurs i arbeidet med utvikling av publikumstilbodet i Viga.

⁷⁵ Sjå meir om stovehuset i Holmboe, Grete: *Bygningane i Vigatunet*, Folk i Ryfylke 2007, s 33-36.

Eldhuset er i god stand.



Grua, med eldstad for takke, er restaurert ved bruk av tradisjonelle materialar, og etter tradisjonelle arbeidsmetodar. Anna Sæbø steiker potetkaker.

Sisselastova

Ved sida av stovehuset, aust i tunet, står Sisselastova. Huset har namn etter Sissela Faltinsdotter som sette opp huset i 1840-42. Det er sett opp som eit enkelt bustadhus, eit tre-roms hus med gang og spiskammers og ei daglegstove med lem. Vedaskut i eine enden. Historia knyter huset til eit familiedrama, og truleg eit tidleg døme på separasjon.

Eigarane av Viga på denne tida var Sven Ormson Husstøl og Marta Larsdotter. Dei var ein del av den store haugianarflokken i Hjelmeland. Det kan sjå ut til at Sissela Faltinsdotter fann ei trygg hamn der.⁷⁶

Etter noen år, da mannen døydd, flytta Sissela frå Viga, og huset blei da brukt som skulestove. Seinare har det vore brukt som gjestebu.

I museet si tid har bruken av huset vore noe varierende. Ei tid var det plassert noen utstillinggjenstandar i huset, saman med ein nokså stor vev. Nå er det bordet som var i bruk da

⁷⁶ Sjå meir om folka i Viga i Brandal, Trygve: *Gard og folk i Viga*, Folk i Ryfylke 2007, s 20-27.

huset blei brukt som skulestove sett inn att, og det er rigga til eit bildespel på endeveggen. Det framstår såleis mest som ei skulestove, og eit rom der ein kan informere om tunet og historia som er knytt til Viga.

Huset er i god stand, men ein bør vera merksam på dryppskader på inngongsdøra. Ein bør vurdere å legge om att troppa. Det kan virke som dørhella har glidd ut, noe som gjer at trinna ikkje er så gode.

Løa

Løa er den største bygningen i Viga. Det er ein stavkonstruksjon med seks reis, 20 meter lang og 10 meter brei, i to høgder.

Innreiinga av løa er langt på veg intakt. Her er m.a. eit fjos med innreiing, den einaste autentiske fjosinnreiinga vi har i Ryfylkemuseet, stall og hevdaskutar. Oppe er det høyløe, kornløe og treskjegolv. Treskjeverket skal ha vore vassdrive ein periode.

Løa er nå sett i stand slik ho var, så langt vi har hatt kunnskap om korleis ho var. I eine rommet opp er det sett opp ei utstilling om frukt- og bær dyrking. Det andre rommet har vore brukt til arrangement av ulike slag.

Før restaureringa var løa i så dårleg stand at vi fann å måtte stenge ho for publikum. Det var ein omfattande, men også lærerik jobb, å legge om helletaket. Det er også gjort omfattande restaureringsarbeid på andre delar av løa. Her er det lagt stor vekt på prosessuelle arbeidsmetodar. Alle golvbord og all kledning er m.a. handhøvla. Løa er nå i god stand, og er eit godt døme på vidareføring av den immaterielle bygningskulturen.

Naustet

Som del av ei lita naustrekke står eit naust som hører Viga til. Det er bygt som ein stavkonstruksjon med fire reis.

Naustet var ein del av den bygningsmassen som følgde med overføringa til museet. Med naustet følgde og ein åtring som framleis ligg der.

Eigaren av garden har rett til å bruke naustet til båt og reiskap. Det fører til at naustet er overfylt med båtar, reiskap, rot og utstyr, og lite eigna til publikumsformål.

Naustet er i dårleg stand. Det er skader både i konstruksjon og kledning, og det er fylt masse inntil eine hjørnet på sørsida. Det er truleg behov for eit større restaureringsprosjekt. Skal museet ta i ferde med det bør ein også søke å avklare bruken av naustet, slik at det kan vera eigna til framvising.



Naustet i Viga er i dårleg stand, og det er eit einaste rot inne i det. Skal museet bruke pengar på istandsetting bør det bli noen avgrensingar på den private bruken av huset.

Den frukthistoriske hagen

Det var ein gammal hage i Viga. Han låg i sørhellings framfor stovehuset, og var gjerda inne med ein enkel tørrmur. Mot sør er han avgrensa av ein bekk. I hjørnet nærmast tunet står ei flaggstong. Det var dette arealet som var utgangspunktet da det blei etablert ein frukthistorisk hage i Viga i 1990.

I første omgang blei det ikkje lagt så stor vekt på utsjånaden til hagen. Dei innsamla fruktslaga blei poda inn på sterktveksande stammer. Tanken var at dei skulle skjerast på moderne vis. Men dette fungerte ikkje så godt. Etter ei tid blei det derfor bestemt at hagen skulle tynnast, og at trea skulle sleppast opp og få ei form som frukthagane hadde tidlegare, da ein let trea vekse seg nokså høge. For å få plass til alle dei slaga ein ønskte å ta vare på blei det i staden leigd eit tilleggsareal på sør-austsida av tunet.

Arbeidet med hagen skjer i samarbeid med det som i dag heiter Norsk genressurscenter. Trea i Viga er såleis ein del av eit program som har til oppgåve å sikre ei berekraftig utvikling av nasjonale genressursar. Det praktiske arbeidet med hagen blir delvis utført av eige personale, dels i samarbeid med Rogaland fruktdyrkarlag. Det samla talet på frukttre er 133, fordelt på 62 sortar eple, 12 sortar pære, 9 sortar plomme og 3 sortar moreller.



Frukta heng søt og etemoden på trea i Viga, men vi har førebels ikkje kome i gang med noen aktivitetar knytt til bruken av ho.

Arbeidet har til nå handla mye om å få trea opp og fram, og berge dei mot beiting av hjortedyr. Etter kvart som trea veks til bør dei gi grunnlag for ulike slag publikumsaktivitetar knytt til stell av frukttre, og bruk av frukta.

Dei bygningselementa som er knytt til hagen, gjerdet, portar, flaggstong er i ganske god stand. Men det er utglidingar i muren, ein portstolpe har sige, og det er groing på flaggstonga. Det er altså vedlikehaldsoppgåver i hagen også utanom stell av trea.

Andre bygningar i Viga

Midt i tunet står **stabburet** og er ein viktig del av dokumentasjonen av bygningsstrukturen på ein gard som Viga. Det er ei ganske stor samling av ilåt i bygningen. Dette gir eit grunnlag for formidling av kunnskap om oppbevaring av mat. Bygningen har ikkje hatt behov for noen omfattande reparasjonar, men det er observert begynnande roteskader. Det er dessutan frisk tilvekst av vegetasjon i fjellveggen bak bygningen. Det vil vera behov for vedlikehaldsarbeid på bygningen på middels lang sikt.

Vetlehuset er eit nyare hus utan antikvarisk verdi. I mangel av andre fasilitetar er det dette vi har å tilby publikum inntil vidare. Huset er i god stand, men slagregn slår inn på golvet.

Fyrhuset er ei rotebu/verkstad, som har namnet etter sin opphavlege funksjon. Det er altså eit hus som sto ved ei fyrlykt, og som på eit tidspunkt blei flytta til Viga. Huset er ein bordkledd reisverkskonstruksjon. Dryppskader, groing og rote på baksida. Det bør ryddast i inventaret.

I Hauskjeåna står eit kvernhaus og eit tørkehus. Det er ingen avklart tilkomst til desse husa, men i kjøpekontrakten har kjøparen rett til fri ferdsel til og frå kvernhuset «langs oppmerkt gangsti». Det er førebels ikkje merka opp noen gangsti.

Kvernhuset er lafta og bordkledd på ei side. Sjølv om det blei rydda i området for noen få år sidan, er det frisk tilvekst av ny vegetasjon. Huset er i dårleg stand, og har behov for omfattande restaurering. Det manglar vasskall og –renner.

Tørkehuset er reist som ein stavkonstruksjon. Det hadde ramla ned ved synfaring hausten 2015. Det bør vera aktuelt å vurdere rekonstruksjon av huset som ein del av eit kvernhusmiljø som høyrer tunet til. Det var lagra ein del gjenstandsmateriale i huset. Ein må vurdere om noe av dette kan reddast.



Tørkehuset i Viga har falle saman. Ein bør vurdere gjenreising av huset som ein del av kvernhusmiljøet på garden.

Det har vore to hønsehus i tunet. Det gamle hønsehuset sto attmed Sisselastova. Det nye står langs vegen sør-austover frå tunet. Dette er ikkje ein del av den bygningsmassen som blei overført til museet. Huset blir brukt som lager og er i dårleg stand.

Det skal og ha vore smie, badstove og stampe i Viga. Det er berre stadnamna på garden som minner om desse bygningane i dag.

Prioritering

Oppsummert har vi kome fram til følgjande prioritering av bygningane i Viga:

PRIORITERING VIGA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Eldhus	A	A	A	1
Løe	A	A	A	2
Sisselastova	A	A	A	3
Stabbur	A	A	A	4
Stovehus	A	A	B	5
Frukthistorisk hage	A	B	A	6
Naust	B	C	C	7
Kvern	B	C	C	8
Tørke	B	D	D	9
Vetlehus	C	C	B	10
Fyrhus	D	C	B	11

Viga er eit av dei store tuna til Ryfylkemuseet, det ligg i ein annan kommune enn vertskommunen, det er eit tun med bygningar av stor bygningshistorisk interesse, og vi har satsa mye på å setta husa i god stand. Vi finn det rett å plassere alle bygningane i det sentrale tunet i klasse A.


Vi har også sett den frukthistoriske hagen i denne klassa. Hagen er ein del av eit nasjonalt dokumentasjonsprosjekt, og han er ein del av den viktige historia om frukt- og bær dyrkinga i Ryfylke. Når vi set den kulturhistoriske verdien i klasse B, er det fordi det er lagt meir vekt på dei naturhistoriske enn dei kulturhistoriske sidene ved utforminga av hagen.

Naustet, kverna og tørka ligg i noe avstand frå tunet, men er viktige element i dokumentasjonen, og vonleg også formidlinga av livet i og kring husa. Men her er det altså ein jobb å gjera før desse er så tilgjengelege, og kan visast fram i ein slik tilstand som vi ønskjer.

Vetlehuset og fyrhuset er perifere bygningar som ikkje kan tilleggast noen stor verdi.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Viga har aldri vore noen publikumsmagnet. Det har vore vanskeleg å finne fram til ei driftsform som trekker folk, og tilbodet har vore varierende. Ei tid dreiv vi tunet med faste opningstider med særleg støtte frå Hjelmeland kommune. Da den fall bort har det vore gjort forsøk med ulike opningstider. Dei åra vi heldt på med restaureringsarbeida har tilbodet til publikum vore nokså avgrensa. Etter at arbeida var ferdig har vi gjort forsøk med ulike slag arrangement i tunet, men vi har ikkje lukkast med å trekke noe stort publikum. Statistikken for besøk i tunet dei siste 15 åra ser slik ut:




Også denne statistikken må ein ta med ei klype salt. I toppåret 2010 var det ope i Viga berre tysdag og søndag, i 2012 berre torsdagar, og det var ingen arrangement. I 2015 var det ope torsdag til søndag, og det var utstillingsopning, konsertar, aktivitetsdagar og nissekveld i tunet. Det er litt urovekkande at dette ikkje har gitt større uttelling.

Eit nivå på kring 500 besøkande er truleg eit realistisk utgangspunkt i forhold til det tilbodet som er i Viga nå. Det er for lite i forhold til dei investeringane vi har gjort i tunet, og det potensialet vi trur ligg her. I prosjektplanen som blei utarbeidd før søknadane om midlar til restaurering, ga vi uttrykk for ein ambisjon om at Viga skulle bli det best besøkte anlegget til Ryfylkemuseet. Grunnlaget for dette meinte vi kunne ligge i at Viga ligg nærmare store befolkningskonsentrasjonar enn noen andre av våre anlegg. Når Ryfyast kjem blir det heller ikkje så lang veg frå byen. Men det er ei stor utfordring å gjera Viga så attraktivt at folk kjem dit, og få gjort det kjent at det er verd eit besøk.

Det har vore sonderingar mot reiselivet om bruk av Viga-tunet som tilbod om aktivitetar til hotellgjester. Vi har fått positiv respons på dette, men tilbodet må konkretiserast og prøvast ut. Tilbodet føreset kvalifiserte museumsvertar som kan ta i mot grupper etter bestilling.

Ein nødvendig lekk i arbeidet med å legge betre til rette for publikum er å få reist eit servicebygg. Det er gjort avtale med eigarane om at «Nya skuten», eit reiskapshus/lagerbygg vest for løa kan vera utgangspunktet for eit slikt bygg. Vi har bedt Kon-Sul AS om hjelp til planlegging. Hovudplanen for bygget er tenkt slik:



Skisse til hovudplan for servicebygg. Kon-Sul AS, 2015.

I første etasje blir det plass til eit publikumsmottak med stolar og bord, kjøkken og toalett. På loftet kan det innreist kvilerom for museumsvert, lager eller anna det måtte vera behov for.

Bygget er kostnadsrekna til 2,2 – 2,5 mill. kroner. Det er m.a. kostnadane med vatn og avlaup som er usikre, og som vil variere, avhengig av kva løysing ein vel. Realiseringa av tiltaket er avhengig av tilskott frå ulike kjelder.

Det er også utfordringar knytt til tilkomst og parkering. I dag er det ei noe ulagleg avkøyning som fører inn til tunet. Grunneigaren har bygt ei ny avkøyning som går forbi den nye løa på garden, men vi har ingen avtale om å bruke denne vegen.

Langs hagemuren opp mot tunet er det sett av plass til parkering, men plassen er utilstrekkeleg, og grunneigaren brukar mye av plassen i gardsdrifta. Det er behov for ei nærmare avklaring av, og avtale om tilkomst til og parkering i tunet.

Det er tidlegare gjort avtale om omlegging av jordbruksvegen. Den gikk tidlegare mellom stovehuset og hagen, til skade for begge delar. Nå har museet bygt ny jorbruksveg langs grenseskiljet mot naboen.

Dersom ein får lagt forholda betre til rette for publikum, bør det vera grunnlag for utvikling av eit attraktivt tilbod i Viga. Det er dessutan ein potensiell marknad mye nærmare anlegget enn det vi er vane med andre stader.



Det bør vera råd å diskutere bruken av parkeringsplassen i Viga.

Konklusjon

Viga er eit av dei viktigaste anlegga til museet. Det bør ha eit stort potensiale for vidare utvikling, men det krev både stort engasjement frå museet, og mye velvilje hos dei som det er aktuelt å søke støtte hos.

Desse oppgåvene bør ha prioritet:

- Overvaking, pleie og vedlikehald av dei bygningane som er sette i stand i tunet.
- Utviding og utvikling av publikumstilbodet (sesongopning, arrangement, skule, kommersielle aktørar)

- Vitalisering av publikumspotensialet i den frukthistoriske hagen
- Finansiering av servicebygg.
- Avtale om tilkomst og parkering.
- Restaurering/rekonstruksjon av kvernhusmiljøet.
- Vedlikehald av naustet (etter revidert bruksavtale med grunneigar).

Industriarbeidarmuseet i Åbøbyen

Rogaland folkemuseum var berre så vidt omgjort til regionmuseum, og det nye hovudsetet på Sand knapt etablert, før vi blei kalla til Sauda for å drøfte framtida til Åbøbyen, også kalla Amerikanarbyen. Bakgrunnen var at smelteverket hadde begynt å selja husa. Noen såg at dette var ein vel bevart industristad, og at det var grunn til bekymring når smelteverket ville sleppe kontrollen med det.⁷⁷

Vi kasta oss inn i arbeidet med å berge Åbøbyen, og etter kvart arbeidet med å etablere eit museum der. Det handla i første omgang om å ta vare på Håkonsgate 51-53, eit firefamiliehus for arbeidarar, og innreie dette med utstillingar, kontor og magasin. I tillegg til hovudhuset, er det eit lite sykkelskur i hagen. Slike skur var vanlege før det blei meir behov for garasjer.

Dette skulle vera starten på eit breitt engasjement for å ta vare på historia til industristaden. Det breie har for det første handla om å etablere og ordne eit lokalhistorisk arkiv, for det andre om å skape interesse for å gjera Søndenaåhavn kraftstasjon, Stasjon III, til eit senter for dokumentasjon og formidling. Men det har gått trått. Det lokale engasjementet har vore for smalt. Dei som har skapt historia har ikkje særleg syn for å ta vare på ho.

Men arbeidet med Håkonsgate 51-53 var vellukka. Det er for det første eit hus som ligg svært lagleg til. Det er det første huset ein kjem til når ein følgjer hovudaksen, Håkonsgate, frå fabrikk og opp i byen. I øvre enden av gata ligg direktørbustanden. Håkonsgate er ikkje berre ein geografisk akse gjennom Åbøbyen, det er også ein sosial og økonomisk akse gjennom industrisamfunnet. For det andre var det stor interesse for å vera med og skape museet. Vi fekk inn ei god samling gjenstandar, til dels inventar som hadde vore i huset tidlegare, og kunne skape ei innreiing som låg nokså nær den opphavlege på dei tidspunkta vi valde å vise fram. For det tredje var det ein integrert del av eit byanlegg med 120 godt bevarte bygningar, reiste for å huse arbeidarar og funksjonærar ved smelteverket gjennom 80 år. Ideen var at Industriarbeidarmuseet skulle bli eit nav i formidlinga av historia til den einsidige industristaden og dei som hadde budd og arbeidd der.

Det var dessutan romslegare holdningar på smelteverket. Vi fekk hjelp med ein del av arbeida. Og det var dårlege tider i samfunnet, så det var råd å engasjere folk som arbeidde for trygd.

Med den nyvakna interessa for industri- og teknologihistorie som bakteppe, var engasjementet i Sauda så museumspolitisk korrekt som det kunne bli. Lars Klevstrand og Jack Fjeldstad kom og song arbeidarssonger i bakhagen. Det blei sett opp industriarbeidarskulptur ved innkjøringa til Åbøbyen. Sauda ville ha eigen konservator på staden, og vi prøvde å selja industristadshistoria som ein tilleggsverdi til den snøprofilen Sauda satsa mest på.

⁷⁷ Arbeidet til Ryfylkemuseet i Sauda, og saga til Åbøbyen og Industriarbeidarmuseet er utførleg omhandla i Folk i Ryfylke 2012, som var eit temahefte om industristaden.



Med god hjelp frå tidlegare bebuarar og interesserte naboar fekk vi samla eit svært godt materiale for innreiing av husvera i Håkonsgate 51-53. Her frå sekstitals-husveret. Foto: Lise Bjelland.

Vi hadde eit styremedlem med god kontakt med kommunestyret. Det førte til auka tilskott til drifta. Optimismen, engasjementet og pågangsmotet har i periodar vore stor.

Nå er realitetane i ferd med å innhente oss. Det har vore vanskeleg å få publikum til å besøke museet, det har vore vanskeleg å finne pengar til vedlikehald og utvikling av arbeidet med dokumentasjon, forskning og formidling av industristadshistoria. Noe av det arbeidet som blei gjort da huset blei sett i stand har ført til ei tragisk utvikling. Den originale kledningen blei sandblåst, og dermed øydelagt. Nå må han skiftast.

Vi strevar og med hagen kring huset. På baksida handlar det mest om å få slått graset. På framsida har vi hatt hjelp av hagelaget med å rekonstruere eit bed langs huset, men vi har ikkje greidd å vedlikehalde det. Det er også ein stakitt mot gata som treng jamleg vedlikehald.

Vi meiner det er riktig å klassifisere Håkonsgate 51-53 som ein særleg viktig bygning for museet. Ryfylke har to industristader, men dette er den einaste bygningen som har tilknytning til industristadshistoria som er verna som museumsbygning. Det er dessutan ein godt bevart bygning, og ein bygning som er representativ for arbeidarbustadane i Åbøbyen. I systemet vårt ser prioriteringa slik ut:


Prioritering

PRIORITERING SAUDA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Industriarbeidarbustaden	A	A	C	1
Sykkelboden	A	A	C	2

Begge husa er i dårleg stand, men mest kritisk for sykkelboden, der takpappen har blåst av, og der det lek kraftig inn i huset. Kan hende sykkelboden er på grensa til å bli plassert i tiltaksklasse 3, som i Kulturrådet sitt system betyr D («store inngrep basert på diagnose»/»bygninger som har svært høyt ressursbehov».

For hovudbygningen står vi føre eit større arbeid med skifte av kledning og dei følgjene det får.


Det er også behov for vask og måling av stakitten.



Det ser ikkje bra ut i sykkelboden i Håkonsgate 51-53. Lekkasje i taket gjer ikkje situasjonen betre.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Det har vore gjort forsøk på faste opningstider i museet, utan at det har vore noen stor suksess. Det meste av tida har det vore eit opplegg for omvisingar til faste tider om dagen i samarbeid med turistinformasjonen i Sauda. Vi har og tenkt at museet måtte vera ein naturleg stoppestad for byvandringar i Åbøbyen, men det har ikkje lukkast å få dette riktig til. Utviklinga av besøket må likevel seiast å vera positiv:



Det gode resultatet for 2015 skuldast at det var eit stort kulturarrangement i Sauda som inkluderte Industriarbeidarmuseet. Da var det 578 innom museet på ein dag!

Dei mest nærliggande utfordringane i Sauda er å få sett husa i stand att, og få til ei ordning for betre vedlikehald av plen og blomebed. Kan hende må ein sjå om det er muleg å få til avtale eller finne pengar til ein innsats som både omfattar plen, kantslått og stell av bed.

Det er vanskeleg å sjå for seg tiltak som kan auke interessa for, og besøket i Industriarbeidarmuseet aleine. Ein ekstern faktor som kan påvirke besøket er opninga av turistveganlegget ved sinkgruvane i Allmannajuvet. Her er det investert ufatteleg mange millionar for å formidle gruveanlegget. Anlegget skal opne i 2016. Sinkgruvane var forlauparen til industrialiseringa av Sauda. Kan hende marknadsføringa av sinkgruvane kan føre til auka interesse også for industristadshistoria i sentrum av Sauda. Skal ein lukkast med å profitere på anlegget i Allmannajuvet, må ein truleg oppnå ein eller anna form for samarbeid med dei som skal drifte dette anlegget.

Den store tanken har elles vore at Stasjon III kunne bli eit nav i formidlinga av industristaden, og at Industriadarmuseet i Håkonsgate 51-53 kunne vera ein av dei stasjonane, eller satelittane, som gikk inn i ei større tilbod om kunnskap og opplevingar knytt til industristadshistoria. Realismen i trua på ei slik løysing kan virke noe svak.

Konklusjon

Håkonsgate 51-53 er eit viktig minne om historia til industristaden. Vedlikehaldet av hus og hage må ha høg prioritet. Formidlinga må skje i samarbeid med andre aktørar i Sauda. Turistinformasjonen (Sauda ferie og fritid), og sinkgruvene i Allmannajuvet framstår som aktuelle samarbeidpartar.

Desse tiltaka må ha høgast prioritet:

- Istandsetting av bygningane.
- Avtale om stell av hagen.
- Samarbeid om formidling av museet.

Hustveit

Hustveit er bygningssamlinga Ryfylkemuseet ikkje ville ha. Da vi likevel fekk ho, hadde det ei forhistorie.⁷⁸

Det er to bruk på Hustveit, bruk nr. 1, Jonegarden, og bruk nr. 2, Olagarden. Da Jone, siste eigaren av Jonegarden, døydde i 1986, ville Staten nytte forkjopsretten sin. Bakgrunnen for dette var ønskja om å sikre garden som naturreservat. Ein del av edellaavskogen ned mot sjøen var tidlegare verna. Det var utsikt til at innbuet i husa ville bli selt på auksjon. Dette skapte bekymring. Noen visste at innbuet i stovehuset hadde stått nesten urørt sidan foreldra til Jone gifta seg i 1890, 100 år tidlegare.⁷⁹ Det blei ein akutt sak å berge inventaret. Men det lukkast ikkje. Museet kom for seint på banen. Innbuet blei selt på auksjon. Berre heroisk innsats frå ein av slektningane gjorde at ein stor del av innbuet blei verande samla, og seinare kunne kjøpast tilbake til huset.

Men museet var på banen. Både lokale interesser, og Staten, ved Fylkesmannen i Rogaland, ønskte at museet tok på seg ansvaret for husa. Etter synfaring og drøfting kom styret i møte 23. september 1987 til denne konklusjonen:

Styret for Ryfylkemuseet har, etter synfaring på Hustveit og brei diskusjon av tilbodet om å overta husa, funne tunet svært interessant og av stor verdi å ta vare på. Ein vil derfor sterkt beklage at ein ikkje ser økonomisk utveg til å ta på seg ansvaret for det.

Styret heldt likevel døra på gløtt. Dersom det var muleg å komma fram til forpliktande avtalar og tilsegn som sikra tilførsel av tilstrekkelege økonomiske midlar til musealt vern av husa, ville museet kunne vurdere spørsmålet om å ta på seg ansvaret på nytt. Og museet let seg kjøpe. Fylkesmannen la 120.000 på bordet. Sauda kommune løyvde 50.000. Det kom dessutan pengar frå Landbrukets utviklingsfond og Friluftsrådet. Startpotten var til slutt på 320.000 kroner.

Motførestellingane var openbare: Enda eit gardsbruk var feil bruk av ressursar. I Sauda hadde dei dessutan alt tatt vare på Tveit-tunet. Museet hadde berre 2 ½ stilling, eit budsjett på 1 mill. kr., og 50 hus å ta vare på frå før.

Det som blei tunga på vektskåla var det sterke lokale engasjementet, og kombinasjonen av naturvern, kulturvern og friluftsliv, som opna utvegen til eit naturhistorisk engasjement (som var i ferd med å segle opp som eit nytt satsingsområde for musea).

I desember 1988 gjorde styret, på visse vilkår, vedtak om å ta på seg ansvaret for bygningane. Vilkåra blei drøfta med samarbeidspartane Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune og Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd (nå Friluftsrådet Vest). Utpå våren 1989 blei det vedtatt og underskrive ein høgtideleg avtale om ansvars- og oppgåvefordeling mellom desse partane. Fylkesmannen skulle ta seg av forvaltning og skjøtsel av kulturlandskapet, museet

⁷⁸ Historia om Hustveit har fått utførleg omtale i Folk i Ryfylke 2005.

⁷⁹ Bryllaupsåret er gjetting. Året for bryllaupet mellom Siri Johannesdotter (1864-1955) og Torger Jonsson Hustveit (1865-1950) er ikkje oppgjitt hos Lillehammer.

skulle ha hovudansvaret for bevaring av bygningane og formidling av kulturhistoriske informasjon, friluftsrådet skulle legge til rette for tilkomst, søppelhandtering, toalett, stiar o.a. Sauda kommune skulle gi tilskott til restaurering, vedlikehald og drift av husa på garden og vedlikehald av tilkomstvegen. Vi kan merke oss at det er Staten som eig bygningane, og at Sauda kommune har forplikta seg til å støtte vedlikehaldet av dei.

Det var klart for å setta i gang med det praktiske arbeidet. Utgangspunktet var ikkje det beste. Husa var i dårleg stand. Dei hadde bokstaveleg tala måtte spa Jone ut av stovehuset da han ikkje lenger kunne ta vare på seg sjølv.

I ein plan ført i pennen av Fylkesmannen var det stovehuset, her kalla heimehuset, og bygningane ved fossen som blei prioritert.⁸⁰ Ved innleigd hjelp, og engasjement av naboen, Ola Hustveit, kom ein greitt i gang med dette. I august 1990 blei det invitert til opning. Vi kjem tilbake til nærmare omtale av arbeidet med bygningane nedanfor.



Bygningane på Hustveit var ikkje i god stand da museet tok på seg ansvaret for dei. Slik såg saga i Kvednafossen ut.

Dei forfalne bygningane, skiten og soten er eit vitnemål om ein dysfunksjonell familie. Siri, mor til Jone, var sinnssjuk, og sat innelåst på loftet mye av tida. Jone var eldstemann i ein søskenflokk på 9. Både nest eldste søstera, Marta, f. 1894, og broren Johannes, f. 1899, døydde av tuberkulose i 1920. Noen år seinare, i 1938, døydde broren Torggrim, f. 1902, av tuberkulose. Ein yngre bror, Inge, f. 1907, døydde av lungebetennelse i 1923. Yngstejenta,

⁸⁰ Bruks- og informasjonsplan Hustveit, Fylkesmannen i Rogaland, Sauda kommune, Ryfylkemuseet, Nord-Rogaland og Sunnhordland friluftsråd 1989

Arna Maria, f. 1909, drukna seg i Stølsvatnet i 1956. Lars og Ludvig arbeidde på fabrikk i Sauda. Olaf budde heime på Hustveit til han døyddde i 1982, altså berre noen få år før Jone. Det er særleg skjebnen til mora, Siri, og Arna Maria som kaster ein mørk skugge over Hustveit, sett i samanheng med det forfallet som Jone let skje etter at han overtok garden. Ingen av søskena stifta familie eller fekk etterkomarar.

Det som likevel vekte interesse for garden var ei kjensle av å gå inn i ei anna tid. Det var som gå inn i 1800-talet. Det var det eksotiske, det framande, det sjeldne, som skapte eit engasjement for å ta vare på husa.

Stovehuset

Generelt har bygningane på Hustveit ei form og ein funksjon som var svært vanleg på ein middels god gard i Ryfylke på 1800-talet. Stovehuset er eit typisk eksempel på det som kan kallast eit Ryfylkehus. Det er eit tre-delt hus, som er sett saman av ei eldre bu og ei nyare stove. Mellom bua og stova er det gang og kjøkken. Bak stova finn me eit spiskammers, og bak bua ei vedbu. Det går tropp frå gangen og opp på lemen. Huset skal vera bygd på 1860-talet, men bua kan vera ganske mye eldre.

Det meste av inventaret som hørte til i stovehuset blei berga under auksjonen etter at Jone var død, og er nå sett tilbake på plass der det hørte til. Det var Haldis Rørvig som kjøpte det. Seinare løyvde Sauda kommunane dei pengane som måtte til for å løyse ho ut.

Det er også vaska ut, etter beste evne, etter at Jone døyddde. Men huset var ille medfare, og stova godt nedsota. Sjølv om innreiinga er som på 1800-talet, er det minnet om ein som ikkje greidde å ta skikkeleg vare på verken seg sjølv eller husa sine, som sit sterkast att i vegg og tak. Dette gjer at vi står over for noen vanskelege val om kva historier vi vil fortelja på Hustveit. Målar vi opp att og gjer det strøkent, vil det vera ei bokstaveleg tala skjønning av ei tragisk fortid. På den andre sida: Korleis kan vi formidle historiene om ein dysfunksjonell familie, og ei yngstejente som det kviler ein mistanke om misbruk over?

Førebels har vi ikkje kome lenger med desse spørsmåla enn å halde huset noenlunde ved like. Det blei lagt eit moderne tak på huset straks avtalen om ansvars- og oppgåvefordeling var gjort (sutaksplater og panner), og det blei mura opp ei moderne pipe. Men huset er ikkje i god stand. Det er fukt i grunnen, ei dørhelle som heller inn mot veggen, soppangrep og oppsprekking i målinga, dårleg omn i stova, grue som manglar puss, skitne golv og dårleg reinhald. Det altså ein jobb å gjera. Men først må museet finne ut kva det vil med huset. Og det bør avklarast kva ansvar eigaren og Sauda kommune har for vedlikehaldet.



Slik såg det ut i bua i stovehuset før dødsbuauksjonen.



Slik ser det ut nå. Så godt som alt det vesentlege inventaret blei berga ved resolutt handling under dødsbuauksjonen. Foto: Vidar Lunde, Suldal foto.

Husa i Kvednafossen

Etter stovehuset var det husa i fossen som skulle prioriterast. Der står det eit kvernhus og eit tørkehus med tilhørande vassrenner, ei sag, og eit buhus som var omgjort til verkstad. Over elva var det ei bru. Alt var i dårleg stand, men Ola Hustveit, naboen, gjorde ein god jobb med å setta i stand kvernhuset og tørka. Brua tok friluftsrådet seg av.



Det er sterke krefter i sving når Hustveit elva kastar seg ut i Kvednafossen etter styrtregn. Bildet er tatt under ekstremveret Synne i desember 2015.

Buhuset er eit vitnemål om den tekniske interessa til Jone. Her er det sett opp ulike snikkarmaskinar som fekk kraft frå ein streng som førte bort til kvernhuset. Ved å setta vatn på kvernkallen, fekk han kraft til drift av maskinane. Buhuset er bygd i stavkonstruksjon med fire reis. Det er plast og torv på taket. Torvhaldsstokken på framsida er på hell. Kledningen står ned i bakken på baksida. Det er mye vegetasjon kring huset. Tiltaksklasse 1 – 2.

Saga står på vestsida av fossen. Ho blei flytta dit frå nabogarden Ilstad i 1901. Dette er også ein stavkonstruksjon, men med bordtak. Elles har alle hus på Hustveit torvtak. Saga og rennene var ferdig reparert i 1995, og var da i ein slik stand at ho kunne brukast. Men det er eit tøft miljø i Kvednafossen. Både vassrenna og vasshjulet er nå defekte. Sjølv om det har vore aksjonar med rydding i området er det mye skog og vegetasjon tett innpå bygningen.

Tørkehuset og kvernhuset står på austsida av fossen. **Tørka** er ein stavkonstruksjon med to reis. Ho skal vera sett opp i 1914 som ein følgje av tvangsdyrking av korn under første

verdskrigen. Istandsettinga var ferdig i 1992, da med plast, torv og pyntenever på taket. Taket held enda ei stund, men vassrenna er på hell.

Det er likeeins med **kvernhuset**. Tilkomsten til vassrenna på øversida av huset er i kritisk tilstand. Denne kan utgjera ein sikringsrisiko.

Bygningane i Kvednafossen er element i ei spektakulær oppleving av fossekraft. Vassdraget er ikkje regulert, og kan bli voldsomt i kraftig nedbør og snøsmelting. Dei inngår dessutan i ei muleg forteljing om korndyrking og mekanisering, der løa og hjulhuset er andre element (sjå nedanfor).

Løa

Løa på Jonegarden låg i ei dyngje inne i murverket som danna fundament for løa da museet kom til Hustveit. Vi var lenge i tvil om korleis vi skulle angripe saka, men før vi hadde kome oss til med noen form for oppmåling, hadde ein handlekraftig kultursjef rekvirert gravemaskin og fjerna bosset. Att sto ein fin tørrmur og vitna om ei tid da løa hadde ein sentral plass på garden. Den løa som hadde stått på garden var sett opp i 1875, og hadde seks reis, der tre par sto på murane til hevdaskuten, og tre stavpar sto på ein lågare mur, rundt eit lafta fjøs. 20 meter lang og 8 meter brei.

Og slik kunne det ha blitt, med ein mur som måtte få hjelp av evna til visuelle førestillingar om ein skulle sjå for seg korleis det hadde sett ut. Men så skulle naboen på Tysseland bygge ny løe, og han spurte om museet ville ha den gamle. Det viste seg at ho var som skreddersydd for muren, og det blei sett i gang ein omfattande flytteprosess. Den einaste flyttinga av hus som har skjedd etter at museet blei etablert som regionmuseum i 1981.

Eldste delen av Tysselandsløa kan vera frå 1695. Den yngste delen av den løa som nå er gjenreist på Hustveit er to nye reis som blei lagt til for å fylle plassen etter gamleløa.

Prosjektet blei nytta som eit læreprosjekt i stavkonstruksjon. Det blei også lagt stor vekt på å hente fram kunnskap om riving av never og spading av torv da løa skulle tekkast. Taket måler heile 210 m², og er det største torvtaket museet forvaltar.

Etter at løa var gjenreist, blei fjøset rekonstruert med ei lafta fjøskasse og innreiing etter rettleiing frå Ola Hustveit. Det var eit stort arbeid, som tok lang tid, og der mange var med. Planlegginga starta i 2003. Først i 2007 kunne gjenreisinga feirast med fest og låvedans.

Dessverre var ikkje kvaliteten på taktekinga like stor som viljen til å vera med på arbeidet. Det er nå (hausten 2015), berre 8 år etter, store lekkasjar i taket, og det er nødvendig å ta i ferde med dette før det fører til skader på resten av bygningen. Men dette er eit stort og krevjande arbeid. Løysinga på problemet må vurderast nøye i forhold til andre oppgåver museet har, og den prioriteten Hustveit skal ha i den framtidige forvaltninga av bygningsmassen til museet.



Glade museumsfolk og dugnadsfolk etter at taket var tekt i 2007.




Åtte år etter er det store lekkasjar fleire stader i taket.

Folgehusa

Dei viktigaste husa i tunet, utanom stovehuset og løa, var folgehuset og folgeløa. **Folgehuset** sto ennå, med eit naudskrik, da museumsarbeidet starta. Det var sett opp i 1889, da Liva og Pål overlet garden til Torger, far til Jone. Det var eit såkalla firedelt hus. Det hadde to stover på framsida, kjøkken, spiskammers og gang på baksida. Frå gangen gikk det trapp opp til lemen. I den enden av huset som vende mot stovehuset var det ein vedaskut. Jone budde i dette huset til mor hans døydde i 1956. Etter det sto det til forfall, og det var ikkje til å redde, i alle fall ikkje med den økonomien museumsprosjektet hadde.

Men i strevet med å utvikle Hustveit til ein attraktiv plass å besøke, hadde det vokse fram ei sannkjenning av at det var behov for eit servicebygg. Tanken oppsto om å bygge eit servicebygg som ein replika av folgehuset. Kon-Sul AS fekk i oppdrag å utvikle eit skisseprosjekt. Kalkylen kom på 1,25 mill. kr., men det var ikkje muleg å oppnå støtte til å realisere bygget. Vi må derfor leva vidare med vannhuset og ein hovudbygning utan straum.



Det blei utarbeidd eit skisseprosjekt for reising av ein replika av folgehuset som servicebygg med garderobe, toalett, tekjøkken og sitteplassar. Det var planlagt ytterlegare toalettfasilitetar i underetasjen. Teikning: Kon-Sul AS.

Folgeløa sto vest for hovudløa på garden, men med gavlen mot sør. Den var det ingen restar att av, og det har ikkje vore aktuelt å drøfte rekonstruksjon av bygningen.

Nå er det berre murane etter folge husa som står. Dei er i god stand, og viser godt korleis husa i tunet på Hustveit var organiserte.

Dei andre bygningane i tunet

Attåt stovehuset sto det to andre bygningar i, eller i nær tilknytning til tunet, da museet kom til gards. Det eine var **vannhuset**, ein do som er plassert over ei utsprengt hule i fjellet. Gjødsla blei samla i denne hola, og så pumpa opp og ut i eit sinnrikt system av veiter, som førte gjødsla både frå doen og frå hevdaskuten, ut på bøen. Under rettleiing av Ola Hustveit blei veitene ein gong gravd opp att, men dei er nå attgrodde. Vannhuset er ein enkel stavkonstruksjon som nå er tekt med bølgeblikk. Noe av bordkledning er roten i den enden som står ned i bakken. Bygningen ser ut til å helle noe mot sør, men det er ingen synlege skader i konstruksjonen. Huset er delvis brukt som lager for reiskap og utstyr. Det burde har vore rydda i dette materialet.

Den andre bygningen som sto der var **jordkjellaren**. Han står inn mot berget nord-vest for tunet, har veggjar av tørrmur, med gavlar i tre. Sperretak med never og torv. Etter tradisjonen skal jordkjellaren vera sett opp ein gong mellom 1810 og 1820, og er såleis den eldste bygningen på garden. Som type er bygningen sjeldan. Det er den einaste jordkjellaren vi har i museet, samtidig som han fylte ein viktig funksjon i naturalhushaldet. Det sig vatn inn i bygningen, men det gjer ingen stor skade.

Smia var ein ruin, men med god innsats av Ola Hustveit er ikkje berre bygningen gjenreist, men inventaret er også rekonstruert, med esse, ambolt, blåsebelg og anna utstyr. Smia er i god stand.

Ola Hustveit gjenreiste og eit **hjulhus** frå 1914 som sto i ein bekk nord for tunet. Dette hadde hatt kraftoverføring til treskjeverk inne på løa, men kraftoverføringa blei ikkje rekonstruert. Det har vore ein del problem med å halde hjulhuset i orden, og vasshjulet har nå falle ned. Vassrenna er også borte, og det er rote i taket. Det er altså behov for nokså omfattande reparasjonar for å få hjulhuset i sviv att.

Bak løa sto det og eit **eldhus**. Dette er det berre ei låg steinsetting att etter. Men Kjell Johnsen, handverkar ved Ryfylkemuseet, har med grunnlag i restar av bygningsdelar og informasjon frå Ola Hustveit rekonstruert ein modell av eldhuset i to utgåver i målestokk 1:5. Modellane står utstilte i løa. Det har vore eit mål å få rekonstruert eldhuset i full målestokk.

Bak løa er det også restar etter **løypestrengar**. Det var mange løypestrengar på Hustveit. To av dei kom ned i tunet. Desse førte frå utslåtter oppe i liane, og dei kunne løype høyt like fram til låvebrua.

Husa i heia

Det hadde hørt **støl** til garden. Den låg ved Stølsvatnet, ein halvannan times tur, eller noe slikt, opp i heia, i retning Hustveitsåta. Turen til Hustveitsåta er ein populær tur i Sauda, så friluftsrådet unnfanga ideen om å gjenreise stølshuset som ei kvile- og overnattingsbu på vegen. Det var Ola Hustveit som også fekk denne oppgåva, og stølshuset kunne opnast av sjølvaste fylkesmann Tora Aasland i 1997. Stølshuset er seinare drive som ubetjent turisthytte av friluftsrådet. Museet har ikkje noe ansvar for denne bygningen.

På vegen opp til stølen, halvveges eller så, låg eit anna minnesmerke tett att med stien. Det var ei høyløe, kalla **Eikelauvsløa**. Museet blei sterkt oppfordra til å bidra til å ta vare på denne, men ho hørte ikkje Jonegarden til. Løa låg på naboeigedomen, på grunnen til bruk nr. 2. Museet fekk noen midlar som kunne brukast til formålet, og valde å skrive ei leigekontrakt på 40 år med Dorteia Hustveit. Hausten 2014 blei løa sett i stand.



Eikelauvsløa ligg tett att med stientil Hustveitstølen og Hustveitsåta, og tilbyr ein lagleg pauseplass med kulturhistorisk innhald. Frå restaureringa i 2014.

Prioriteringar

Nedanfor følgjer eit samla oversyn over bygningsmassen på Hustveit, med eit forsøk på vurdering og prioritering:

PRIORITERING HUSTVEIT				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Våningshus	B	A	B	1
Tørke	B	A	B	2
Kvern	B	A	B	3
Vannhus	B	A	B	4
Smie	B	B	A	5
Jordkjellar	B	B	A	6
Sag	B	B	C	7
Hjulhus	B	B	C	8
Løe	B	B	C	9
Buhus	B	C	B	10
Eikjelaavløa	C	B	A	11
Løypestreng	C	B	D	12
Eldhus	C	D	D	13
Folgeløe	C	D	A	14
Folgehus	C	D	B	15

Bygningane på Hustveit er ikkje stjerneobjekta i samlingane til Ryfylkemuseet. Vi har svak dokumentasjon av korleis bygningane såg ut før forfallet hadde gjort sitt og istandsettinga blei sett i gang. Dei er likevel gode uttrykk for den forma og den funksjonen husa hadde på ein mellomstor gard, og er ut frå dette stort sett karaktersette som B-objekt, d.v.s. «bygning som samsvarer med museet mål og planer». Vi har også tatt med dei meir perifere bygningane kvern, tørke og hjulhus i denne kategorien, da dei er ein del av føresetnadane for å drive med kornproduksjon og produsere mjøl. Smia og jordkjellaren er sjeldne bygningar, medan saga og buhuset/verkstaden er viktige vitnemål om utnytting av skogen på ein skoggard som kan føre historia si tilbake til den store trelasteksporten på slutten av 1500- og starten på 1600-talet. Hustveit var ein av dei beste skoggardane i Sauda. Nede ved fjorden i Hustveitfossen sto dei to Blankenborg-sagene.

Ved vurderinga av den kulturhistoriske verdien har vi lagt vekt stor vekt på autentisitet, ettersom mange av husa på Hustveit er prega av større eller mindre rekonstruksjonar.

Denne karaktersettinga gjer at husa på Hustveit kjem på eit nivå under mange av dei andre tuna til museet. I praksis kan det bety at ein, innafor dei økonomiske rammene museet arbeider under, må velja enklare løysingar enn dei som tilfredsstillar dei høgste krav til materiell og prosessuell autentisitet. Prioriteringa av vedlikehaldsoppgåvene på Hustveit bør drøftast med eigaren og Sauda kommune med bakgrunn i eit meir detaljert oversyn over utfordringane.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Etter opninga av Hustveit som museumstun var det ei viss interesse for å besøke staden. Vi hadde faste opningstider, og det kom ein del folk. I tillegg var det eit reiseselskap som i fleire år la inn besøk på Hustveit for sine gjester. I åra frå 1989 og fram til 2003 låg det årlege besøket på oppunder 400 gjester, med ein topp i 1999 med 744. Så falt reiseselskapet frå, og besøket dabba av.

Vi hadde tidvis ein museumsvert på denne tida, Oddwar Rønning, som gikk tungt inn i historia, og som utnytta dei lokale kjeldene, særleg overlevde dagbøker og stilbøker, til å formidle innsiktsfull kunnskap om dagleglivet på garden. Han interesserte seg og for dei mørke sidene ved livet på Hustveit, og meinte å ha funne grunnar til at Arna Maria valde å gå i Stølsvatnet.


Da besøket minka utarbeidde vi ei revidert utgåve av den Bruks- og informasjonsplanen som Fylkesmannen hadde stelt til i 1989. Vi prøvde å utfordre Fylkesmannen til å ta inn over seg dei oppgåvene han hadde etter avtalen om ansvars- og oppgåvefordeling, og sette opp tiltak som vi meinte friluftsrådet burde ta fatt i. For museet blei hovudmålet å få på plass utstillingar som kunne gjera det meir interessant å besøke Hustveit.⁸¹

Det lukkast å få regionale utviklingsmidlar til å realisere utstillingsplanen. Dette gjorde at det blei muleg å installere straum i løa, og i rask rekkefølge blei det produsert ei utstilling om garden og folka, ei utstilling om byggeskikken, ei om skog og sagbruk, og til slutt, i 2012, ei utandørs skiltutstilling om kulturlandskapet. Det har i tillegg vore noen arrangement i tunet, dei siste to åra m.a. nissekveld i desember.

Utstillingane er sett opp i løa, og som eit eksperiment har vi latt dørene til løa stå ulåste. Det er installert automatisk lys som slår seg på når folk går inn, og det er montert ein automatisk teljar i døra. Det har gått bra så langt. Ingen har øydelagt noe.

I publikumsstatistikken kan vi lese desse resultata:

⁸¹ Hustveit – Naturvern, kulturvern og friluftsliv, ligg på <G:\Alle\SAKARKIV\62313142.06r>



Statistikken viser altså gledeleg gode resultat. Men også her må vi lesa statistikken med eit kritisk blikk. Den automatiske teljaren er nokså kjenslevar. Og han tel folk både når dei går inn og når dei går ut. For å unngå dobbeltteljing, og kompensere for muleg feilteljing, delar vi dei registrerte passeringane på 3. Det kan hende resultatet framleis er noe for høgt, men vi veit at folk besøker anlegga våre utan at det er noe særleg tilbod der. Teljeapparatet på Hustveit kan gi ein indikasjon på at det er nokså mange.


Resultata på Hustveit, om enn med eit kritisk blikk, er ikkje dårlege. Men Hustveit er ikkje blitt den arenaen for kultur, friluftsliv og naturhistorie som vi hadde tenkt. Noe av dette skuldast at Fylkesmannen, eigaren, har hatt eit nokså halvhjerta forhold til staden, noe at Sauda kommune har trappa ned sitt engasjement i museet, noe at arbeidsoppgåvene til Ryfylkemuseet overstig kapasiteten. Etter det tunge løftet med gjenreising av låa har det vore vanskeleg å mobilisere nytt engasjement for Hustveit.

Museet står nå ved ein skiljeveg. Til nå er det museet, og i noen grad friluftsrådet, som i størst grad har følgt opp samarbeidsavtalen. Skal Hustveit prioriterast vidare må også dei andre partane utfordrast. Først og fremst Fylkesmannen, som kunne bidratt mye meir både fagleg og økonomisk om Hustveit hadde vore prioritert der. Dernest Sauda kommune. Ryfylkemuseet har vore med og utarbeidd ein plan for arbeidet med museumstiltak og kulturminnevern i Sauda, men han er aldri komen lenger enn til å bli presentert som orienteringssak i kommunestyret. Prioriteringane skjer på anna grunnlag enn planen.

Konklusjon

Jonegarden på Hustveit har eit potensiale. Det er lett vint å koma dit frå Sauda, det er heller ikkje langt frå nabokommunane i sør og vest, og det er innafor dagsreiseavstand frå Haugesund. Eit kraftfullt tilbod om kunnskap og opplevingar knytt til kulturhistorie, naturhistorie og friluftsliv burde kunne tiltrekke seg eit publikum. Skal ein få dette til må alle samarbeidspartane dra i lag. Det kan vera vanskeleg å få til. Vi foreslår følgjande tiltak:

- Museet vurderer hastetiltak for å stoppe taklekkasjane i løa.
- Museet utarbeider detaljert tilstandsrapport og prissett vedlikehaldsplan for bygningane som grunnlag for drøftingar med eigaren og Sauda kommune.
- Museet utarbeider plan for formidling og publikumstiltak som grunnlag for drøftingar med eigaren, friluftsrådet og Sauda kommune. Den store trelasttida i Ryfylke kan vera eit tema for formidling på skoggarden Hustveit.
- Tilbodet til publikum held fram som nå inntil vidare.



Slik såg det ut på Hustveit i 1972. Jonegarden til venstre. Vi ser både følgehuset, følgeløn og hovudløn som alle låg i ruin da museet kom til gards.

Utløa i Slettedalen

Da Sauda kulturstyre i november 1983 gjorde vedtak om å overføre Håkonsgate 51-53 til Ryfylkemuseet, var det eit vilkår at museet også tok på seg ansvaret for materiale innsamla av Kulturminnenemnda, og «restaurert utløa i Slettedalen». Museet var atterhalden til begge vilkåra, og det er ikkje sett i verk noen tiltak for å overføre eigedomsretten til utløa til museet. Vi antar såleis at det er Sauda kommune som er eigar av bygningen, men kjenner ikkje til kva formalitetar som måtte ligge til grunn for at Kulturminnenemnda tok ansvar for han. I praksis kan det sjå ut til at det framleis er privatpersonar som gjer seg nytte av bygningen til enkle oppbevaringsformål.



Det går an å ta meir idylliske bilde av utløa i Slettedalen, men slik ser det ut. Utbyggaren av hyttefeltet delar ikkje oppfatninga av løa som eit miljøelement.

Løa ligg langt inne i Slettedalen, men godt synleg for farande folk, og rett attmed skiløypa som går der om vinteren. Ved synfaring hausten 2015 var det gjort opptakt til etablering av eit hyttefelt i lia bak løa. Vegen opp til hyttefeltet er lagt såpass tett inntil bygningen, at fyllmasse har kome opp på svillstokken på baksida. På andre sida vegen inn i Slettedalen er det bygt ein diger parkeringsplass. Ein kan sjå at løa har ein miljøverdi, og at den parkeringsplassen som er anlagt kan vera ein attraktiv stoppestad for folk på tur inn i dalen. I så måte stiller utløa i same klasse som Eikjelaavløa på Hustveit.

Bygningen er i dårleg stand. Det er bekymringsfullt at svillstokkane ligg ned i molda på baksida. Dørene heng og sleng. Det er plast og torv på taket. Skal bygningen bevarast må han nok snart få litt pleie.

I systemet for prioritering har vi vurdert bygningen slik:

PRIORITERING SLETTEDALEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Utløe	C	C	C	

Vi tenkjer såleis at bygningen har ein viss relevans. Det er den eine av to bygningar som er knytt til heiebruken i museet. Og han er eit miljøelement mange kan ha glede av. Vi antar at det vil krevja relativt store ressursar å få sett huset i god stand.

Om museet skal gjera noe med bygningen må ein få ei betre avklaring av eigedomsforholda, og ein må få ein avtale med utbyggerane av hyttefeltet, slik at desse tar rimeleg omsyn til bygningen.

Konklusjon

Utløa i Slettedalen er ikkje utan verdi, verken for museet eller dei som brukar Slettedalen, men det er behov for ei avklaring i samspel mellom museet, Sauda kommune og utbyggerane av det nærliggande hyttefeltet, om kva ein vil med løa og dei nære omgjevnadane, og kven som skal betale for istandsetting av bygningen og terrenget rundt.

Sjøhuset i Bergevik

I 2002 blei det inngått avtale mellom Forsand kommune og Ryfylkemuseet om at museumsarbeidet i Forsand skulle vera ein del av det regionale museumsarbeidet. Heilt konkret blei «dei kommunale samlingane som i dag er magasinerte på kommunehuset og utstilte i Bergevik og i kulturhuset» deponert hos Ryfylkemuseet.

Ansvar for sjøhuset i Bergevik var ikkje ein del av denne avtalen.



Sjøhuset i Bergevik slik Lise Bjelland har sett det. Båten er i privat eige, men bur i sjøhuset om vinteren. Foto: Lise Bjelland.

Sjøhuset i Bergevik er eit sjøhus med ei interessant historie.⁸² Forsand kommune leigde huset for ein periode på 40 år i 1996 for å bruke det til museumsformål. Det blei rigga til ei utstilling om fiske i andre høgda. I første høgda blei eit rom brukt til utstilling av ein skomakarverkstad. Hovuddelen av første høgda blir brukt av ein privat interessent ut frå noe som framstår som ein uklar og uryddig avtale i forhold til museumsformålet.

Utstillinga i andre høgda er nå i dårleg stand, skomakarverkstaden er flytta etter at han tok stor skade av klimaet. Huset er i dårleg stand, særleg fordi det står så lågt at sjøen ofte kjem inn i det. Det er ein bygning som ikkje er eigna til museumsformål.

Ryfylkemuseet har ved ulike høve vore med på synfaringar i sjøhuset, men det har aldri kome til noen konkret avtale om

eventuell bistand til å planlegge vedlikehald av huset eller om revitalisering av inventaret. Det har i det heile vore vanskeleg å koma fram til

konkrete avtalar om oppgåver i Forsand, og ikkje minst å finansiere dei. Forsand kommune gir i dag ikkje driftstilskott til Ryfylkemuseet.⁸³

Det har vore drøftingar omkring eit engasjement i krafthistoria, knytt til kraftstasjonane i Flørli og Lysebotn. Det siste er at det såkalla Lensmannshuset, som ligg sentralt på Forsand,

⁸² Sjø Berge, Kristian: *Sjøhuset i Bergevik*, Forsand kommune 1996.

⁸³ Eit summarisk oversyn over engasjementet i Forsand ligg her: <G:\Alle\SAKARKIV\38150109.15>

kan bli høvelege lokale for samlingane til bygdemuseet, og altså dei samlingane som i namnet er deponerte hos Ryfylkemuseet.

Konklusjon

Ryfylkemuseet har ikkje ansvar for noen bygningar i Forsand. Dette kan endre seg, avhengig av kva slags ordning ein måtte komma fram til for oppbevaring og formidling av gjenstandssamlingane til bygdemuseet. Noen vidare utvikling av eit engasjement i bevaring, dokumentasjon og formidling av kraftstasjonane synest urealistisk ut frå dei tilbagemeldingane om økonomiske realitetar som kom etter utgreiinga om eit krafthistorieprosjekt.



Interiøret i andre høgda, velvillig fotografert av Lise Bjelland. Oppdraget var å ta bilde til ei praktbok.

Bakken

Husmannsstova på Bakken på Rennesøy er ein interessant bygning.⁸⁴ Det er eit samanbygd hus, med bustad i eine enden, og husdyrrom og løe i andre enden. Vi har sett andre slike løysingar på husmannsplassar, m.a. på Nedbøen i Hellandsbygd, Sauda, på Levik i Forsand, Amdal i Strand og i Ullaldalen i Suldal, men det er svært få bevart. Kanskje var dei ikkje så uvanlege i ei tid da ein måtte spare på ressursane, det veit vi ilite om. Her ligg ei oppgåve i å granske bygningskulturen på husmannsplassane nærmare.

Når Bakken på Rennesøy er bevart skuldast det eit personleg engasjement. Det var Kristian Hausken, daverande leiar i ei museumsnemnd i Rennesøy, som i 1964 orda frampå om å innlemme Bakken i samlingane til bygdemuseet. Og slik blei det. Rennesøy kommune fekk «huset med alt innbo – slik som folk flest bruka å ha det for 100 år og meir sia».⁸⁵



Dei som hadde noe med det: Bjørg Kristin Helland Bø og Tone Haugen frå kulturkontoret, Grete Holmboe frå Ryfylkemuseet, og Chr. O. Hausken. Det var samarbeidet mellom desse som gjorde at Bakken kunne presenterast i god stand i 2006.

Da Rennesøy bygdemuseum skulle konsoliderast med Ryfylke, blei Bakken ein del av dei samlingane som skulle deponerast i Ryfylkemuseet. Men museet ville ikkje overta huset i den tilstanden det var, så det tok litt tid før avtalen kom på plass. Men ved godt samarbeid mellom

⁸⁴ Det står meir om Bakken og husmannsvesenet i Folk i Ryfylke 2008, som var eit temahefte om husmannsplasset.


⁸⁵ Dette er opplysningar som går fram av brev frå dåverande eigar, Betzy Dalaker, til Kristian Hausken 8.10.1964, og brev frå Kristian Hausken til Rennesøy heradstyre 17.10.1964. Brevane er i kommunearkivet i Rennesøy.

daverande kultursjef, vår eigen bygningsavdeling og ein dyktig handverkar kunne alle i 2006 stå fram med glade smil, nyskriven avtale og med ein velhalden husmannsplass som bakgrunn.

Dermed rådde Ryfylkemuseet over to husmannsplassar. Ein i dei aller innerste bygdene, Røynevarden ved Suldalsvatnet, og ein ute mellom holmar og skjer. Ein etter måten god husmannsplass med mange hus, og ein meir fattigsleg med eit einaste hus, og ein potetkjellar. Det var gjevt, og det burde gi grunnlag for stor merksemd om fattig-Norge både i fortid og nåtid.

Stovehus med løe

Stovedelen er sett saman av to små, lafta stover, den eine frå Avaldsnes og den andre frå Austbøsjøen på Rennesøy. Bak den minste er det bygt til eit kammers. Mellom stovedelen og uthusdelen er det eit gjennomgåande rom som både er gang og kjøkken, med ei grue midt i på veggjen mot stova. I enden av huset er det hengt på ein do og ein vedaskut. I løedelen er det rom for dyr og fôr.



Planløysa på Bakken. Oppmålingsteikning: Helliesen og Waage arkitektkontor.

Bakken har vore husmannsplass sidan 1756, men det nåverande huset blei truleg sett opp i 1867 da Berta Karina Jørgensdotter og Knut Torson gifta seg. Berta var frå Dalaker, garden som plassen ligg under. Berta levde til 1926, men dei siste åra budde ho hos sonen i Stavanger. Etter Berta blei huset brukt som feriehus til Rennesøy kommune fekk det til museumsformål. Betzy, som ga bort huset, var kona til barnebarnet til Berta.

Huset har ei tilforlateleg innreiing, men vi har ikkje kunnskap om det er inventaret som hørte til i huset som står der, eller om det er møblert med andre møblar og husgeråd.

Huset er i god stand, men det er tid for å vurdere den utvendige målinga. Huset treng utvask, og det er behov for betre rutinar for å vintersikre tekstilane.

Andre byggverk på Bakken

Hovudbygningen er altså den einaste skikkelege bygningen på Bakken, men det er andre byggverk rundt bygningen som også bør ha merksemd.

På baksida, bak ein tørrmur, er det ein liten **kjøkkenhage**. Hagen er restaurert, men treng jamleg vedlikehald.

Rett utfør stoveglaset står ein **slipestein**. Anlegget for sveiva er noe på hell, men med enkle midlar kan dette settast i stand.

På sørsida av huset, utafor det gjerdet som avgrensar området rundt huset, ligg **potetkjellaren**. Han er ikkje ein del av museumsanlegget i dag, og er delvis utrast. Men med liten innsats kan potetkjellaren restaurerast. Han er ein viktig del av plassen, og burde innlemmast i museet.



Potetkjellaren (framme til venstre) er ein viktig del av Bakken, men han ligg i dag utafor det området som er gjerda inn som museumsområde. Foto: Lise Bjelland.

Midt i gjerdet mot nord-vest er den gamle **brønnen**. Det er vanskeleg å få oversikt over tilstanden til brønnen, men den burde også koma til heider og verde att, som ein del av museumsanlegget.

Prioritering

Vi har tatt med både stovehuset med løe, og potetkjellaren i vurderinga, og kjem da fram til ei slik prioritering:

PRIORITERING BAKKEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Stovehus med løe	A	B	A	
Potetkjellar	C	B	B	

Bakken, som museumsavdeling, har høg relevans i forhold til forteljinga om husmannsvesenet og fattig-Norge. Når vi har gitt potetkjellaren karakteren C er det fordi han i dag ikkje hører med innafor grensene til museumsområdet, og er vanskeleg tilgjengeleg (må klatre over eit gjerde og gå over eit beite for å komma ned til han).


I utgangspunktet burde plassen også fått karakteren A for kulturhistorisk verdi, men eit par av kriteria er tilgjenge og utviklingspotensiale. Her skårar ikkje Bakken høgt. Sjå meir om det nedanfor.

Bruksverdi og utviklingspotensiale

Bakken ligg tett inntil vegen til Østhusvik, men det er ingen parkeringsplass i nærleiken, berre eit par møteplassar. Det er såleis vanskeleg å finne parkering for publikum.

Det arealet som kommunen har lukkast med å gjerda inn som museumsområde kring bygningen er lite og trangt, og omfattar altså ikkje så vesentlege byggverk som potetkjellaren og brønneren. Det avgrensar både opplevinga av plassen, og utvegane til aktivitetar.

Det har ikkje vore lett å gjera Bakken til ein publikumsattraksjon, noe som avspeglar seg i besøksstatistikken:



Dei første åra etter at Ryfylkemuseet tok ansvar for plassen stilte frivillige opp som museumsvertar og vaffelsteikarar i helgene, men det ga altså ikkje stor utteljing. Tala for 2010 og 2011 er vi usikre på. I 2013 var det eit arrangement kring stemmerettsjubileet, som ga noe utteljing, i tillegg til eit par tilfeldige besøk. Elles har det vore vanskeleg å skape interesse for Bakken. Det største vonbrotet er knytt til at det ikkje har vore muleg å få skulen interessert, sjølv om det er gåavstand til den største skulen i Rennesøy.

I dei samtalane vi har hatt med Rennesøy kommune har ikkje Bakken vore prioritert etter at ansvaret for plassen blei overført til museet. Det har vore mange og store planar for museumsverksemda i Rennesøy, men utanom Bakken og utstillinga på kulturhuset, har dei ikkje ført fram til avtalar, vedtak og finansiering. Dei siste par åra er det eit ønskje om formidling av militærhistoria på Fjøløy som har vore sentralt.

Det har vore arrangert møte i Rennesøy i lag med Venneforeininga for å skape større interesse for frivillig arbeid, men det var svært få som møtte opp.

Ein føresetnad for å koma vidare med Bakken vil truleg vera at ein får til ein betre tilkomst, d.v.s. utveg til parkering i nærleiken. Det ville og gitt større spelerom om museumsområdet blei utvida, men dette vil også føre til at ein får eit større areal som må vedlikehaldast.

Ein bør ikkje gi opp arbeidet med å skape interesse for plassen i skulen.

Konklusjon

Framtida for Bakken bør inngå i dei samtalane ein har med Rennesøy kommune. Museet bør ta opp att spørsmåla om utviding av arealet kring bygningen, og utvegen til å få til ei parkering i nærleiken av plassen.

Museet bør vurdere om interessa for husmannsplassane kan aukast gjennom å plassere dei i ei større forteljing om fattig-Norge. Dette kan koplest til engasjementet i integreringsarbeidet, der vi ser tendensar til at vi er i ferd med å utvikle ei B-lag i det norske samfunnet av innvandrarar som ikkje får del i det velferdssamfunnet vi andre lever i.

Hummarmuseet på Kvitsøy



Hummarmuseet (nærmast) og fiskemottaket, med mellombygg som kom til ved gjenreisinga etter brannen i 2011. Foto: Lise Bjelland.


Hummarmuseet på Kvitsøy hadde ei lang forhistorie da det endeleg blei rigga opp og opna i rasande fart før kongebesøket i 2001. Etter ein periode med meir systematisk og fagleg basert arbeid, blei museet opna på nytt under Kvitsøydagane i 2006. Deretter følgde nye utstillingar i 2007 og 2009. Ambisjonane for museet strekte seg ut over dette, men blei brått avbrote av det vi trudde var ein katastrofal brann i 2011. Det førte til at vi måtte rykke tilbake til start. Først i 2013 kunne museet opnast att. I ny og fjong drakt. Gjenstandsmaterialet var delvis redda, delvis erstatta av nyinnsamla materiale. Men bygningen var ikkje lenger den same.⁸⁶

Huset som var tatt i bruk til museumsformål var eit sjøhus på Grøningen som var sett opp av hummereksportør Otto Ydstebø i 1959, og som hadde vore i bruk til 1977. Etter ei forsiktig rehabilitering, blei huset tatt i bruk mye slik det sto.

Huset var knytt saman med ein sidebygning mot vest, der det blei drive med klekking av hummer, og forsøk på oppdrett av porsjonshummer for sal til serveringsstader. På austsida sto eit fiskemottak, som kommune kjøpte noe seinare. Dette var ikkje vakre bygningar, men dei var gode minne om ei verksemd som hadde vore aktiv like til inn på 70-talet.

⁸⁶ Utfyllande materiale om Kvitsøy Hummermuseum finst i Folk i Ryfylke 2009.


Etter brannen blei det engasjert arkitekt til å sy saman bygningsmassen til ei samla eining, der ambisjonen var at ein på sikt kunne få til ei form for sambruk. Verken planlegginga eller utføringa av arbeidet la særleg vekt på å vidareføre bygningshistoria, slik at komplekset nå framstår meir som eit arkitektmonument enn som eit kulturminne.



Forholdet mellom bygningane. Fiskemottaket til venstre (grønt), mellombygget, hummarmuseet og klekkeriet. Teikning: Trodahl arkitekter.

Det er kommunen som eig husa, som har styrt med planlegging og gjennomføring av gjenreisinga etter brannen, og som har tatt på seg ansvaret for vedlikehaldet. Ryfylkemuseet har ikkje noe ansvar for den bygningen Hummarmuseet held til i, og har heller ikkje særleg innverknad på korleis bygningen blir forvalta. Det er likevel ei museumsavdeling som held til i eit hus som ikkje blir brukt til andre formål, og som må vera med i vurderinga av korleis museet skal prioritere sine samla ressursar frametter. Slik skil sjøhuset på Grøningen seg frå t.d. sjøhuset i Bergevik, der det ikkje er noen aktiv verksemd, og heller ingen planar om utvikling av slik verksemd.

Hummarmuseet har dess meir segla opp som ein publikumssuksess. I åra etter reopning i 2013 har museet oppnådd eit besøkstal på kring 2.000. Hummarmuseet er med det den nest mest besøkte avdelinga til Ryfylkemuseet, berre slått av hovudbølet på Sand. Her er besøkstala for museet:



Konklusjon

Ryfylkemuseet har ikkje ansvar for den bygningsmassen som er knytt til Hummarmuseet på Kvitsøy. Med bakgrunn i dei høge besøkstala for avdelinga er det likevel grunn til å ha ei særleg merksemd knytt til drifta av museet.

Del IV


PRIORITERINGAR

Ressursbehov

I dei vurderingane som det er gjort greie for i del III av denne rapporten er bygningane på kvart anlegg vurderte ut frå relevans, kulturhistorisk verdi og tilstand. I grunnlagsmaterialet er kvar bygning gitt ein tilstandsgrad, ein konsekvensgrad, og ei overordna tiltaksklasse frå 0 til 3⁸⁷, i Kulturrådet sitt opplegg omdefinert til bokstavklasser frå A til D. Dette har gitt grunnlag for ei førebels klassifisering av dei enkelte bygningane. Samla sett, og ut frå ei vurdering av bygningane som heilskap, fordeler klassifiseringa seg slik:

TILSTANDSVURDERING - OVERSYN						
	TG		KG		TK	
0 Ingen tiltak	18	22,0 %	20	24,4 %	10	12,2 %
1 Vedlikehold	27	32,9 %	39	47,6 %	33	40,2 %
2 Moderate r	25	30,5 %	15	22,0 %	27	32,9 %
3 Store inngr	12	14,6 %	8	9,8 %	12	14,6 %
	82		82		82	

For oversynets skuld kan fordelinga i tiltaksklasser framstillast slik:




⁸⁷ Norsk Standard NS-EN 16096:2012 *Bevaring av kulturminner. Tilstandsanalyse av fredete og verneverdige byggverk.*

I dette grove oversynet ser vi altså at nesten halvparten av bygningane museet forvaltar må plasserast i tiltaksklasse 2 eller 3, det vil seia at det er behov for «moderate» reparasjonar, eventuelt ytterlegare undersøkingar, eller store inngrep. På 40% av bygningane er det behov for ordinært vedlikehald, medan berre 12% av bygningane er i så god stand at det ikkje er registrert behov for tiltak på stutt sikt.

Vi har kome eit stykke på veg ved at halvparten av bygningane nå er i så god stand at det anten ikkje er behov for å gjera noe med dei, eller det berre er behov for ordinært vedlikehald. Men det er eit stort etterslep. Vi har ikkje ressursar både til å pleie den halvdelen av bygningsmassen som er i god stand, samtidig som vi skal løfte den andre halvdelen opp på eit tilsvarande nivå.

Ressursbehov pr. anlegg

Det vil naturleg nok vera mest å gjera på dei anlegga der det er mange bygningar. Men ettersom det i dei fleste tilfelle vil vera nødvendig å sjå tilstanden til anlegga under eitt, kan det vera nyttig å gjera eit forsøk på å vekte ressursbehovet pr. anlegg. For å få fram eit tal for vekting av ressursbehovet har vi enkelt lagt saman tiltaksklassifiseringa for dei enkelte anlegga. Da får vi fram eit resultat som grafisk kan illustrerast slik:



Dette illustrerer i alle fall at det ligg føre omfattande oppgåver på Kolbeinstveit. Dersom vi kjem til at Kolbeinstveit også i framtid skal vera eit høgt prioritert anlegg, noe som det er god grunnar til, må det settast inn store ressursar på å komma ajour med vedlikehaldet der.

Gruppa «andre Suldal» er noe misvisande. Denne gruppa omfattar både båtane, Kvednahola, stampa på Kvæstad, kvernhusanlegget i Kvilldal og naustet i Båtsvikjo. «Brødrene af Sand» er allereie under reparasjon, for «Suldal» ligg det føre planar som ventar på finansiering. Det er elles eit par av husa i Kvednahola som er i dårlegast stand. Naustet i Båtsvikjo treng vi neppe bekymre oss for.

Men så er det store oppgåver både på Hustveit og i Viga. Dei største utfordringane på Hustveit er løetaket og våingshuset. I Viga er det naustet og kvernhusanlegget som gjenstår.

Røynevarden er eigentleg i god stand, men det er noen av bygningane som bør overvakast tett slik at det ikkje oppstår nye skader.

Bortsett frå naustet er bygningane på Li i god stand, men her er det gjort mye dårleg restaureringsarbeid. Dersom ein her skal tilbakeføre bygningane i samsvar med tradisjonane i Suldal ligg det føre store oppgåver med skifting av tak og kledning.

På Håland er det sett i gang arbeid med skifting av tak på hovudbygningen. Målastova er dessutan i dårleg stand.

I Håkonsgt. 51-53 i Åbøbyen blir reparasjonsarbeid på hovudbygningen truleg igangsett våren 2016. Sykkelskuret er dessutan i ein kritisk tilstand.

På Sand er det Nesasjøhuset som treng ei overhaling. I Slettedalen må ein avklare kven som skal ha ansvar for bygningen, og kva brukarane av området vil med han. På Jelsa handlar det delvis om drift av bygningen.

Husmannstova på Bakken er i god stand. Det som det burde vore gjort noe med var potetkjellaren og brønnen, men begge delar ligg utafor gjerdet rundt plassen.

Registrerte avvik

Det samla talet på registrerte avvik, altså oppgåver det er nødvendig å ta i ferde med på stutt, mellomlang eller lang sikt er 133 fordelt på 69 bygningar.

Kulturrådet angir to måtar å stipulere omfanget av oppgåvene på, enten «relativt» (samanlikning mellom bygningar), eller «faktisk», basert på kostnadsoverslag. Vi har ikkje funne det tenleg å setta i gang med kalkulering av kostnadane. Det er for det første vanskeleg å stipulere kostnadar før ein «tar hol» på problemet, og får skikkeleg oversyn over skadane, for det andre vil det vera ein nokså tidkrevjande jobb i seg sjølv, og som ikkje vil ha verdi over så lang tid.

For å få eit bilde på omfanget har vi nytta graderingane til kulturrådet, og lagt inn som føresetnad eit stipulert tal dag-, veker- eller månadsverk:

A – bygningar med lågt ressursbehov: 1 – 3 dagsverk

B – bygningar med middels ressursbehov: 1 – 3 vekerverk

C – bygningar med høgt ressursbehov: 1 – 3 månadsverk

D – bygningar med svært høgt ressursbehov: Over 3 månadsverk

Dette blir eit temmeleg grovt overslag over ressursbehov, men det gir ein indikasjon. Etter desse føresetnadane fordelar oppgåvene seg slik⁸⁸:

GRADERING AV AVVIKSREGISTRERINGAR				
KLASSE	AVVIK	TIDSFAKTOR	DAGSVERK	VEKESVERK
A	54	2	108	
B	59	10	590	
C	17	45	765	
D	3	130	390	
	133		1853	371

Anslaga over tidsforbruk er nøktern. Sjølv med eit slikt utgangspunkt kjem vi opp i ein sum på 371 vekeverk. Det tilsvarar 9,3 effektive årsverk⁸⁹. Dette er eit grovt overslag over etterslepet på vedlikehald ved Ryfylkemuseet.

Andre avvik

Arbeidet med prioritering i bygningssamlinga ved Ryfylkemuseet har gått føre seg medan Primus bygning FDV har vore under utvikling. Alle funksjonar i programmet har såleis ikkje vore på plass heile tida, men har kome til etter kvart. Vi har likevel vald å bruke pilotversjonen av programmet for registrering av tilstandsrapportar og avvik, sjølv om dette har ført til at det er noen manglar ved registreringane. I det følgjande listar vi opp dei avvika/oppgåvene som det ikkje har vore muleg å registrere i Primus så langt.

Legg merke til at det i denne lista både ligg oppgåver som bygningsavdelinga har ansvar for og oppgåver som avdeling for samlingar eller avdeling for formidling har ansvar for.

⁸⁸ Graderinga av avviksoppgåver bygger på rapport frå Primus, men på grunn av manglar ved den pilotversjonen vi har brukt, er rapporten supplert etter manuell utsjekk.

⁸⁹ Ved Ryfylkemuseet reknar vi 40 effektive veker i eit årsverk.

Kolbeinstveit

Rapporten bygger på synfaring 7. september 2015. I Primus er det registrert 25 avvik på 11 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

- På tidspunktet for synfaringa bar Kolbeinstveit sterkt preg av hastig oppbrot etter sommarsesongen. Det var mye rot i **tunet**, det var skite i husa, og stabburet sto ulåst(!). Dette står i sterk kontrast til situasjonen på dei andre anlegga som var opne sommaren 2015. Det ser ut til å vera behov for betre rutinar og betre oppfølging av avsluttinga av sommarsesongen på Kolbeinstveit.
- **Eldhuset** er rotete og skite etter sesongen. Hønsehuset bør reinskast.
- **Låven** (andre høgda) i låa ser ikkje bra ut. Det er restar av høy spreidd rundt i store delar av låven. Dette gir eit rotete og ustelt inntrykk. Behov for rydding og oppreinsking.
- Det er dumpa avfall frå opprydding i låa framfor stovehuset. Dette såg ikkje bra ut i sommarsesongen 2015, og går i motsett retning av forsøka på å få til ei enkel beplanting på sørsida av stovehuset, og tankar om rekonstruksjon av **hagen**. Inntil det er aktuelt å gå i gang med rekonstruksjon av hagen bør ein legge stor vekt på slått og stell av området på sørsida av stovehuset.
- I **hesthuset** heng ein del seletøy på veggane. Dette bør takast inn, stellast og sikrast inntil ein eventuelt tar i ferde med ei utstilling om bruk av hest, hestereiskap og seletøy.
- **Tekstiler** må hengast opp eller takast inn som sikring mot miljøskader eller skadedyr.
- Det er behov for opprydding i **kvernhusområdet**. Her ligg restar av materialar, det er ein del unødig og skadeleg vegetasjon i området. Området er dårleg skilta.
- Inventaret i **tørkehuset** er i uorden. Her er det behov for rydding og istandsetting av utstyret.
- Gjenstandssamlinga i **Røsselistova** bør sikrast. Dette kan truleg best skje ved at inventaret blir tatt inn til sikkert magasin.
- **Badstova** har skadar i veggene mot sør. Døra manglar låsebeslag. Det er plast og torv på taket. Torvhaldskrokane er i ferd med å svikte.

- Langs **vassvegen**, vegen ned til vatnet, er delar av muren rast ut. Det er behov for istandsetting av muren og utbetring av vegen ned til vatnet.

Røynevarden

Rapporten bygger på synfaring 7. september 2015. I Primus er det registrert 5 avvik på 4 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Det er ein del nedfall frå tre i **området**, og ein del tørr brakje. Ein bør søke eit samarbeid med grunneigaren om opprydding.

Geithuset er brukt til oppbevaring av ved. Bør vurdere om det er muleg å finne annan stad for veden.

Li

Rapporten bygger på synfaring 4. september 2015. I Primus er det registrert 10 avvik på 7 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

- Under ein del av den «restaureringa» som har gått føre seg etter fredinga er det lagt smal, liggande og beisa **kledning** på ein del av husa. På eit tidspunkt, kanskje som del av ein samla plan for tunet, må ein drøfte med Riksantikvaren om ein skal tilbakeføre kledning til ein kledning med større materialautentisitet.
- Det er lagt plast på alle torvtekte **tak**, kanta med firkantboks på gavlane. Ved omlegging bør ein gå tilbake til den tradisjonelle måten å tekke tak på i Suldal.
- Det er behov for ein gjennomgang av innreiinga både i **Stovehuset** og **Litlestova**. Begge desse husa framstår i dag som uavklarte i forhold til bruk og formidling.
- Låsesystemet på Li er fornya, men ikkje **låsebeslaga**. Ein del bygningar har svært svake låsebeslag. Av sikringsomsyn bør ein vurdere utskifting av dei svakaste låsebeslaga sjølv om det ikkje vil vera i samsvar med tradisjonen. Truleg var det ikkje lås på alle dører på Li før det begynte komma turistar dit. Dei eksisterande låsebeslaga kan sjå ut som dei er kjøpte på 1970- eller -80-talet.
- Det er mye vindfall på **stien** ned til naustet. Behov for opprydding og supplerande merking av stien.
- Det er vindfall over **telefonlinja**. Kan føre til brot om det kjem tungt snøfall i tillegg.

Håland

Rapporten bygger på synfaring 8. september 2015. I Primus er det registrert 10 avvik på 3 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

I svola til **røykstova** blir det oppbevart ved og grasklyppar. I sjølve røykstova står ei trillebår. Det er behov for avklare funksjon og bruk av røykstova.

Hagen er ustelt. **Flaggstonga** rustar. **Stakitten** er angripen av sopp.

Etter fleire års avvukting er det framleis **aktiv mit** i stovehuset. Bør vurdere meir aktive tiltak for å utrydde miten. Jfr. også faren for mitangrep i den måla himlinga i Målastova.

Kvednahola, Ritland og Vasshus

Rapporten bygger på synfaring 2. september 2015. I Primus er det registrert 14 avvik på 6 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Det er mye **tre og buskar** som både hindrar innsyn og lufting i området. Behov for skoging og opprydding i vegetasjonen.

Kvern/tørke og sag på Ritland-sida er vanskeleg tilgjengelege og dårleg sikra.

Øystad, Kvilldal

Rapporten bygger på synfaring 4. september 2015. I Primus er det registrert 1 avvik på 2 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Vassrennene manglar og kanalen som førte vatn fram til området gror til. Det er utarbeidd plan for rekonstruksjon av vasstilførsel til kvernhusanlegget på Øystad. Dersom anlegget skal vera ein del av det prioriterte bygningsvernet i museet i framtida, bør ein vurdere å realisere denne planen.

Tilkomsten til husa er vanskeleg på grunn av gjerde og grind.

Det ligg ein del **restmaterialar** lagra under tørka og i området elles. Det burde vore rydda opp.

Viga

Rapporten bygger på synfaring 8. september 2015. I Primus er det registrert 18 avvik på 6 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Grunneigaren brukar **parkeringsplassane** som opplags- og lagerplass. Jfr. meir om dette under omtalen av Viga-tunet lenger framme.

Det er **tekstilar** i huset som bør vintersikrast.

Fyrhuset er fylt opp av rot og rask. Behov for opprydding.

I det samanraste **tørkehuset** er det lagra ein del gjenstandsmateriale. Vurdere kva som kan bergast av dette.

Muren rundt den **frukthistoriske hagen** bør ettersjåast. Her har noen steinar glidd ut. Portstolpen i porten mot stovehuset har sige. Soppangrep på flaggstonga.

Åbøbyen

Rapporten bygger på synfaring 10. september 2015. I Primus er det registrert 8 avvik på 2 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Det kan sjå ut til å vera behov for betre organisert tilsyn. Ved synfaringa i september 2015 var graset slått rundt huset, men ikkje i **bakhagen, blomsterbeda** var attgrodde eller overtatt av brennesla, det veks gras i singelgangane, portane sto opne, den eine hekta av.

Stakitten er målingssliten og angripe av sopp.

Kjellaren er framleis ikkje så presentabel som vi kunne ønskje. Her er behov for ein ny runde med rydding, reinhald og noe oppussing.

Det er stor lekkasje i **sykkelboden**. Gjenstandsmateriale må bergast.

Hustveit

Rapporten bygger på synfaring 10. september 2015. I Primus er det registrert 22 avvik på 9 bygningar. Noen av dei observerte avvika kan vera retta i tida etter synfaringa. I tillegg til dei registrerte avvika kjem desse observasjonane:

Det er skitne golv og **dårleg reinhald** i stovehuset. Det står ein del rot kring om i bygningen.

Det står ein **dårleg omn** i stova i stovehuset.

Generelt er det behov for eit større arbeid med stovehuset etter avklaring av kva museet vil med det.

Vannhuset blir også brukt som lager for reiskap og utstyr. Vurdere om dette har ein naturleg plass her, eller om noe av det burde flyttast ut.

Det ligg noe restmaterialar inne i **buhuset**. Bør ryddast.

Brua i Kvednafossen er noe medtatt. Ansvar for brua ligg hos friluftsrådet. Bør ta opp i neste kontaktmøte.

Gjødseleite ut frå vannhuset og hevdaskuten er attgrodde.

Slettedalen

Rapporten bygger på synfaring 10. september 2015. I Primus er det registrert 1 avvik på 1 bygning. I tillegg til det registrerte avviket kjem desse observasjonane:

Huset blir brukt av private. Gamle glas, wire, plast og rape inne i bygningen. Det er lås på døra i vestre enden som ikkje passer til vårt låsesystem. Behov for avklaring av eigarskap, bruk og framtidig forvaltning.

Oppsummering av ressursbehov

I tillegg til avvik registrerte i Primus, og observasjon av andre oppgåver, kjem mulege utviklingsoppgåver. M.a. desse:

- Ferdigstilling av båthus, Strandanes
- Eldhus, Hustveit
- Løypestreng, Hustveit
- Hage, Kolbeinstveit
- Vassrenner, Kvilldal

For alle typer arbeid er det nødvendig å legge vekt på dokumentasjon som også må omfatte eksterne undersøkingar som har karakter av forskning. Det er viktig å ha tid til kompetansebygging, og vi må halde fast i måla om å hente fram, dokumentere og vidareføre den handlingsborne kunnskapen (den immaterielle kulturen). Endeleg er det, av fleire grunnar, nødvendig å setta av noe tid til formidling.

Opp mot desse oppgåvene må vi setta behovet for årsverk knytt til pleie og vedlikehald av den delen av bygningsmassen som er i god, eller ganske god stand. Vi har såleis ikkje fulle årsverk til rådvelde for å lukke avvik. Det vil dessutan koma til nye avvik heile tida. Klimaendringane, særleg eit fuktigare verlag som følgje av meir nedbør og mildare vintrar, gjer at vi må rekne med hyppigare behov for pleie og vedlikehald. Vi må vaske og måle

overflater oftare, kitte og måle glas, legge om tak og skifte ut rotnande bygningsdelar. Summen av oppgåver gjer at vi anten må auke bemanninga, eller prioritere oppgåvene og differensiere arbeidsmetodane betre. Ettersom utsiktene til auke i faste stillingar synest dårlege, blir det prioritering og differensiering som blir det viktigaste.

I praksis betyr dette at vi må reservere dei mest arbeidskrevjande metodane for dei bygg og anlegg som har størst verdi ut frå den analysen vi har prøvd oss på lenger framme, og som vi snart skal oppsummere. For dei bygg og anlegg som fell utafor dei høgaste prioriteringane må også Ryfylkemuseet vurdere om ein kan leva med enklare løysingar som t.d. platetak på ein del bygningar.

Prioritering

Vi har nå vurdert relevans og kulturhistorisk verdi for kvar enkelt bygning, og sett opp ei førebels prioritering for kvart enkelt anlegg. Nedanfor følgjer eit samla oversyn over prioriteringane slik vi har konkludert under gjennomgangen av anlegga:

SAMLA PRIORITERING				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH. VERDI	RESSURS-BEHOV	PRIORITET
Guggedalsloftet	A	A	A	
Eldhuset, R.varden	A	A	A	
Løa, Li	A	A	A	
Stabbur, Li	A	A	A	
Endebua, Li	A	A	A	
Stabbur, Viga	A	A	A	
Våningshuset, Håland	A	A	B	
Stovehus, Viga	A	A	B	
Gamlestova, R.varden	A	A	B	
Nyastova, R.varden	A	A	B	
Geithuset, R.varden	A	A	B	
Kvern, Hustveit	A	A	B	
Stovehuset, K.tveit	A	A	C	
Sauhuset, R.varden	A	A	C	
Målastova, Håland	A	A	C	
Brødrene af Sand	A	A	C	
Nesasjøhuset	A	A	C	
Håkonsgt 51-53	A	A	C	
Hjulhus, Hustveit	A	A	C	
M/B Suldal	A	A	D	

Sykkelboden, Åbø	A	A	D	
Løa, R.varden	A	B	A	
Nedre bua, Li	A	B	A	
Øvre Bua, Li	A	B	A	
Eldhus, Li	A	B	A	
Gamle løa, Li	A	B	A	
Hesthus, Li	A	B	A	
Sauhus, Li	A	B	A	
Grishus, Li	A	B	A	
Løe, R.varden	A	B	A	
Stovehus Bakken	A	B	A	
Hesthuset, K.tveit	A	B	B	
Littlestova, Li	A	B	B	
Løa, K.tveit	A	B	C	
Smia, K.tveit	A	B	D	
Naust, Li	A	B	D	
Stovehuset, Li	A	C	A	
Stampe, Kvæstad	B	A	B	
Våningshus, Hustveit	B	A	B	
Vannhus, Hustveit	B	A	B	
Tørke, Hustveit	B	A	B	
Frukthistorisk hage, Viga	B	B	A	
Naust, K.tveit	B	B	A	
Smie, Hustveit	B	B	A	
Jordkjellar, Hustveit	B	B	A	
Eikjelauvløa	B	B	A	
Homannsbua, Håland	B	B	B	
Skulehuset, Jelsa	B	B	B	
Sag, Hustveit	B	B	B	
Løe, Hustveit	B	B	C	
Naust, Viga	B	B	C	
Nybygget	B	C	A	
Buhus, Hustveit	B	C	B	
Båthus, Strandanes	B	C	B	
Kvern, Viga	B	C	C	
Grisehus, Viga	B	D	A	
Stålhallen	B	D	A	


Tørke, Viga	B	D	D	
Kvern, Vasshus	C	B	A	
Eldhuset, K.tveit	C	B	B	
Vassrenner, K.tveit	C	B	B	
Kvern/tørke, Ritland	C	B	B	
Potetkjellar, Bakken	C	B	B	
Stabburet, K.tveit	C	B	C	
Tørke, Vasshus	C	B	C	
Sag Ritland	C	B	C	
Tørke, K.tveit	C	B	C	
Kvernhus, K.tveit	C	B	D	
Badstova, K.tveit	C	B	D	
Følgeløe, Hustveit	C	C	A	
Kvern, Øystad	C	C	A	
Tørke, Øystad	C	C	A	
Utløe, Slettedalen	C	C	C	
Brygge, K.tveit	C	D	A	
Følgehus, Hustveit	C	D	B	
Røsselistova	C	D	D	
Fyrhus, Viga	D	C	B	
Trøskjeverkhus, K.tveit	D	D	B	
Hønsehus, Viga	D	D	C	
Naust, Båtsvikjo	D	D	C	
Stølsbua, K.tveit	D	D	D	
Hjulhus, K.tveit	D	D	D	

Det går fram av tabellen at mange av bygningane til Ryfylkemuseet må vurderast som svært relevante for formålet og samfunnsrolla til museet, og at dei også har høg kulturhistorisk verdi. Det er behov for ytterlegare vurderingar om ein skal komma fram til ei grunngitt prioritering av bygningane.

I første omgang kan det vera interessant å sjå på forholdet mellom relevans og kulturhistorisk verdi. Bygningar som er relevante for formidlinga av sentrale tema for museet og samtidig har

høg kulturhistorisk verdi er dei viktigaste. Derneft kjem bygningar som også har høg relevans, men der den kulturhistoriske verdien, av ulike årsakar, ikkje er sett like høgt. På den andre sida kan museet ha bygningar som har høg kulturhistorisk verdi, men som ikkje er like relevante for verksemda. Desse kan det, av omsyn til omdømmet til museet, likevel vera gode grunnar til å stelle godt med.

Kulturrådet ber oss vurdere desse faktorane i forhold til følgjande modell:



Stjerneobjekta til Ryfylkemuseet, ut frå denne modellen, er dei som står først i tabellen ovanfor, og som er sette i klasse A både i forhold til relevans og kulturhistorisk verdi. Dette er bygningar på Kolbeinstveit, Håland, Viga, Røynevarden og Åbøbyen. Nesasjøhuset på Sand er også med i denne gruppa, og begge fartøya til museet.


Husa på Li er i hovudsak plasserte i ei gruppe med høg relevans, men noe lågare kulturhistorisk verdi. Dette er fordi vedlikehalds-, reparasjons- og restaureringsarbeida som er utført på Li ikkje er i samsvar med godt tradisjonshandverk. Dette kan rettast opp ved framtidig vedlikehald, men ein del av autentisiteten vil vera tapt for alltid.

I gruppa som er klassifiserte som B-objekt i forhold til både relevans og kulturhistorisk verdi er mange av husa på Hustveit, homannsbua på Håland og skulehuset på Jelsa.

C-objekta er i stor grad perifere bygningar, og små bygningsmiljø som ikkje er ein del av eit større anlegg, men noen av desse kan likevel ha ein viss kulturhistorisk verdi, som t.d. sekundære bygningar på Kolbeinstveit og bygningane i Kvednahola.

Heilt nedst i tabellen kjem bygningar som det er vanskeleg å sjå at har noen relevans for museet. Det er slike som trøskjeverkhuset, hjulhuset og stølsbua på Kolbeinstveit, og naustet i Båtsvikjo.


Dersom ein også trekker inn den tekniske tilstanden, og dermed ressursbehovet, kan bygningane vurderast ut frå følgjande modell:



Jo høgare kulturhistorisk verdi ein bygning har, og jo dårlegare tilstand han er i, desto viktigare er det at bygningen blir prioritert, og at nødvendige tiltak blir sett i verk. Det er den kulturhistoriske tilstanden som må favoriserast.

Mange av dei bygningane vi har plassert i A-klassa ut frå kulturhistorisk verdi har allereie vore prioriterte, og er i god stand. Men ikkje alle. Det er hus både på Kolbeinstveit og Håland som ikkje er i tilfredsstillande stand. Det same gjeld Nesasjøhuset og fartøya.

Endeleg kan det vera aktuelt å gjera ei tilsvarande vurdering av forholdet mellom tilstand og relevans, ut frå følgjande modell:




Her gjeld det udiskutable at bygningar som har høg relevans skal ha høg prioritet i eit langsiktig perspektiv. For bygningar som har avgrensa relevans for museet må ein vurdere om utgiftene med å setta i stand og halde bygningane ved like står i forhold til den verdien bygningen har for museet på kort og lang sikt. For bygningar som ikkje har noen relevans vil poenget vera å spare pengar.

Men også her er det slik at dei viktigaste bygningane til Ryfylkemuseet også er dei som er i best stand. Unntaka er igjen fartøya og noen enkeltstående bygningar elle, t.d. løa og smia på Kolbeinstveit og naustet på Li.

Vurdering av bruksverdi

Vurderinga av relevans bygger på ulike kriterium, der samfunnsoppdraget blir løfta opp som det overordna kriteriet. Men vi blir også oppfordra til å vurdere bygningane og anlegga våre som formidlingsarenaer, undervisningsstader og rammer kring arrangement, altså bruksverdien til bygningssamlinga. Vi har tidlegare vist at det er stor forskjell på kor godt vi lukkast med å gjera anlegga til attraktive besøksstader. Det kan i tillegg vera tenleg å sjå korleis dette slår ut i økonomien. Skal museet vera berekraftig kan vi ikkje heilt sjå bort frå forholdet mellom inntekter og utgifter.

I figuren nedanfor har vi lagt inn inntekter og utgifter knytt til publikumsdrifta, altså billett-, arrangements- og salsinntekter minus vare- og lønnskostnader og andre utgifter knytt til arrangement. Faste utgifter som avgifter og forsikringar er ikkje tatt med, heller ikkje utgifter til vedlikehald, som vil variere mye frå år til år avhengig av kva anlegg som blir prioritert. Resultatet for 2015 er slik:




Det er viktig å understreke at det ikkje er noe realistisk mål at drifta av anlegga skal gå med overskott. Formidlinga er ein viktig del av verksemda til museet, og ein vesentleg del av kostnadane må dekkast over driftsbudsjettet.

Det har likevel vore eit mål at drifta skal gi eit bidrag til kostnadsdekning. Dette er også ein føresetnad som blir tatt opp att i tildelingsbreva frå Kulturdepartementet kvart år. Ut frå dei tala som har vore tilgjengelege for 2015, ser vi at berre to av anlegga våre gir full kostnadsdekning. Men dette er anlegg med lite besøk og små inntekter. Det eine er Håland, det andre Hustveit.

Vi har ikkje oppdaterte tal for Kvitsøy. Her mangla det rekneskap for inntekter i 2015 da dette blei skrive.

På Nesasjøhuset er det relativt store inntekter. Billettinntektene var i 2015 kr. 54.244 og salsinntektene kr. 183.826, til saman kr. 238.070, men rekneskapen er ikkje ført på ein slik måte at det er lett å skilje ut utgiftene med sesongdrifta. Dermed er det heller ikkje muleg å rekne ut eit resultat.

Den største utgiftsposten er drifta av Kolbeinstveit, men det er samtidig det best besøkte anlegget utanom Sand, og ein stad som genererer vesentlege inntekter utanom billettinntektene. Deler vi dei samla inntektene på tal besøk, får vi denne grafen for inntekter pr. besøkande:



Kolbeinstveit har altså formidable 66 kroner i inntekt pr. besøkande dersom denne grafen bygger på rette tal. Det ser ut til å vera matsserveringa som gir dette resultatet. Billettinntektene, inklusive billettinntekter på arrangement, var i 2015 på 39.684 kroner, medan matsalet ga ei brutto inntekt på 48.925 kroner.

Li ser også ut til å oppnå eit godt resultat pr. besøkande, men omsetninga er her berre ein brøkdel av det vi har på Kolbeinstveit, og det er ingen vesentlege inntekter frå servering.

På Sand er det butikken som gir størst inntekt. Når inntekta pr. besøkande likevel ikkje blir større må det bety at det er mange gratispassasjerar. Deler vi billettinntektene på registrerte besøkande får vi ei gjennomsnittleg billettinntekt på kr. 7,50. Det er mellom dei svakaste.

Li representerer ei særleg utfordring. I 2010 inngikk vi avtale med Rogaland fylkeskommune og Suldal kommune om drift og vedlikehald av Li. Føresetnaden var at fylkeskommunen tilførte museet «midlar til å dekke sikring, drift, vedlikehald og administrasjon av tunet». I ei utgreiing året før hadde vi kome til at drifta v Li ville koste 1,2 mill. kr. i året.⁹⁰ Fylkeskommunen auka driftstilskottet til Ryfylkemuseet med 300.000 i 2011, og 500.000 frå 2013. Men vi har truleg ikkje brukt opp desse pengane. Forholdet mellom bokførte inntekter og utgifter har vore slik:

⁹⁰ Sjø Li – forvaltning, forskning og formidling, <G:\Alle\SAKARKIV\38110147.09r>

DRIFTSRESULTAT LI						
	2011	2012	2013	2014	2015	
Driftstilskott	300 000	300 000	500 000	500 000	500 000	
Årsresultat	-82 600	-242 521	-177 179	-143 755	-156 937	
	217 400	57 479	322 821	356 245	343 063	

Det som kompliserer bildet er at direkte og indirekte lønnsutgifte og andre personalavhengige kostnader knytt til arbeid utført av fast tilsette ikkje er ført som utgift i resultatrekneskapen. Dette har vore betydeleg alle år, først knytt til registrering av inventaret, deretter til igangsetting av vedlikehaldsarbeid og til administrasjon av drifta. Det er såleis ikkje sikkert at museet går med «overskott» på Li, men det særlege tillegget i driftstilskottet frå fylkeskommunen forpliktar i forhold til det ansvaret vi har tatt på oss på Li.

Oppsummert prøver vi oss på følgjande konklusjonar:

- Kolbeinstveit ser ut til å ha oppsiktsvekkande god inntening pr. besøkande, det er dessutan relativt godt besøk, men kostnadane er store.
- Det er også god inntening på Sand. Her er det også store volum. Det er ein veikskap at vi ikkje har ein rekneskap som kan gi grunnlag for analyse av resultatet.
- Li har også godt resultat pr. besøkande, men volumet er lite.
- Viga har ei positiv utvikling, men også her er volumet lite.
- Vi kan også gjette på at det er eit ålreit resultat på Kvitsøy, men rapporteringa til museet er for dårleg.

Prioritering av anlegg⁹¹

Når Ryfylkemuseet skal prioritere bruk og vedlikehald av bygningane museet har ansvar for oppstår det ei utfordring i forholdet mellom enkeltbygningar og anlegg. Lenger framme har vi omtalt kvart anlegg for seg, og har sett at det dei fleste stader er bygningar som må bli vurdert ulikt i forhold til relevans og kulturhistorisk interesse. I dette kapitlet har vi prøvd å sjå heile bygningsmassen under eitt, med særleg vekt på forholdet til tilstand og ressursbehov, men også i forhold til brukspotensialet. Det kompliserte er at museet i forvaltninga og bruken av bygningsmassen oftast må sjå anlegga under eitt. Som publikumsarenaer blir anlegga som regel formidla som ein heilskap, da er det også naturleg å ha som mål at standarden på

⁹¹ Det er ein innarbeidd praksis på Ryfylkemuseet å omtale dei ulike bygningssamlingane, gardane, husmannsplassane, kvernhusanlegga o.s.v., som «anlegg», sjølv om mange vil assosiere dette med ein byggeplass. På engelsk brukar ein «site» som gir meir presise assosiasjonar hos dei som er engelsktalande, men vi har ikkje noe godt ord for dette på norsk. Den nemninga som kjem nærmast er «tun», men dette er også forkasta i interne drøftingar av nemnings- og namnebruken på museet. Inntil vidare brukar vi derfor «anlegg».

vedlikehaldet må vera noenlunde harmonisk. Dette talar for at den grunnleggande prioriteringa i Ryfylkemuseet må ta utgangspunkt i anlegget, men, som vi skal sjå nedanfor, at det må vera rom for nyansar i forvaltingsregimet. Dette kjem vi nærmare tilbake til i siste kapitlet, handlingsplanen.

Utgangspunktet til Kulturrådet er at relevans, og deretter kulturhistorisk verdi skal tilleggst størst verdi. Eit hovudpoeng med heile prioriteringsprosjektet er å få til ei samla vurdering av ressursar, kulturhistorisk verdi og relevans for museet og publikum. Musea er arenaer for bevaring, kunnskapsproduksjon og formidling, og det vil bli ei større og større utfordring å prioritere ressursane slik at kombinasjonen av bygningsvern og formidling på best muleg måte fremjar formålet og samfunnsrolla til museet.

Som ein flittig lesar allereie kan ha sett, har ikkje gjennomføringa av prosjektet ført til revolusjonerande endringar i synet på kva bygningar som er viktige, og kven som ikkje er det. Det er ikkje så vanskeleg å peike på kva bygningar som må ha høg prioritet. Det er vanskelegare å peike på dei bygningane som må bli lågare prioritert. Museet må vera budd på at dette kan føre til reaksjonar både på lokalt og kommunalt plan, men det kan og vera eit utgangspunkt for drøftingar om kva lokale og kommunale bidrag som kan mobiliserast for å styrke prioriteringa av enkeltbygningar og anlegg.

«Stjerneobjekta» til Ryfylkemuseet finst på ulike stader, og legg såleis verdi til ulike anlegg. Flest enkeltbygningar i denne kategorien finn vi på Li, Røynevarden og Kolbeinstveit, med Viga, Håland og Åbøbyen på dei neste plassane. Fartøya kjem også i denne kategorien.

Heile det sentrale bygningsmiljøet på Li er dessutan freda. Likeeins hovudbygningen og Guggedalsloftet på Kolbeinstveit. Dette legg ytterlegare føringar på prioriteringa av desse stadene, sjølv om det er noe tilfeldig kva som er freda og kva som ikkje er freda.

Legg vi oppå dette den vurderinga av bruksverdien som vi har drøfta ovanfor, ser vi at dei store anlegga, Kolbeinstveit, Li og Viga også ser ut til å ha det største potensialet. Og så må vi ikkje gløyme museumsanlegget på Sand, hovudbølet til museet, som er eit signalanlegg og eit sterkt omdømmeskapande anlegg.

Ut frå dette er det råd å prøve seg på eit alternativ til den prioriteringstabellen for enkeltbygningar som blei presentert ovanfor, nå med utgangspunkt i anlegga som heilskap. Det som blir skrive om det enkelte anlegget her må sjåast i samanheng med den meir omfattande omtalen av anlegga lenger framme, og tilstandsrapportane i Primus.

1 SAND				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Nesasjøhuset	A	A	C	1
Nybygget	B	C	A	2
Stålhallen	B	D	A	3

Sand blir sett på topp av dei grunnar som er nemnde rett ovanfor. Det er her publikum flest møter Ryfylkemuseet, det er her omdømmet vårt blir skapt. Men ettersom husa på Sand først og fremst er brukshus, og deretter bevaringsobjekt (Nesasjøhuset), er det ikkje sikkert det er her vi skal legge størst vekt på tradisjonshandverket. Den største omtanken må ligge på eit vedlikehald som er ajour, eit innhald som er oppdatert, og ein estetikk som er gjennomtenkt og gjennomført. Dette gjeld først og fremst husa på Neset, men også rundt stålhallen i Gåsavikja må det sjå ordentleg ut. Området rundt stålhallen skal heller ikkje vera oppbevaringsplass for privat materiell eller materiell som er kassert.

2 KOLBEINSTVEIT				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Guggedalsloftet	A	A	A	1
Stovehuset	A	A	C	2
Hesthuset	A	B	B	3
Løa	A	B	C	4
Smia	A	B	D	5
Naust	B	B	A	6
Eldhuset	C	B	B	7
Stabburet	C	B	C	8
Tørke	C	B	C	9
Kvernhus	C	B	D	10
Badstova	C	B	D	11
Vassrenner	C	B		12
Brygge	C	D	A	13
Røsselistova	C	D	D	14
Trøskjeverkhus	D	D	B	15
Stølsbua	D	D	D	16
Hjulhus	D	D	D	17

Vi har kome til at Kolbeinstveit framleis må vera eit av hovudanlegga til museet, men her ligg det føre store oppgåver (sjå tilstandsvurderingane). Det blir såleis på Kolbeinstveit dei største vedlikehaldsressursane må settast inn i åra som kjem, sjølv om det neppe vil vera slik at ein kan legge det mest krevjande forvaltingsregimet til grunn for vedlikehald av alle husa. Sjå meir om dette i neste kapittel. Ei av dei største utfordringane vil vera å restaurere løa utan å fjerne dei restane av autentisitet som ennå er i behald.

Kolbeinstveit har god inntening på besøk rekna pr. gjest, men i det store bildet er drifta kostbar. Ein må såleis vurdere brukspotensialet både med tanke på auka besøk og enda betre inntening. Ein viktig faktor vil truleg vera oppattaking av samdrifta med «Suldal» når fartøyet er ferdig restaurert. Det er såleis viktig at det ikkje tar for lang tid før dette skjer.

Det er også ein saneringsproblematikk knytt til noen av husa på Kolbeinstveit. Denne bør ein ta stilling til nokså raskt, da tilstanden til dei husa det gjeld ikkje styrkar omdømmet til museet.

3 LI				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Løa	A	A	A	1
Stabbur	A	A	A	2
Endebua	A	A	A	3
Nedre bua	A	B	A	4
Øvre Bua	A	B	A	5
Eldhus	A	B	A	6
Gamle løa	A	B	A	7
Hesthus	A	B	A	8
Sauhus	A	B	A	9
Grishus	A	B	A	10
Litlestova	A	B	B	11
Naust	A	B	D	12
Stovehuset	A	C	A	13

Li må ha høg prioritet fordi det er eit freda anlegg, og fordi vi har tatt på oss eit ansvar for drift og vedlikehald som har løyst ut betydeleg auke i driftstilskottet til museet.

Husa på Li er i rimeleg god stand, men det vil vera store oppgåver knytt til tilbakeføring i samsvar med tradisjonane i Suldal, dersom ein vel å ta i ferde med det. Naustet, som ikkje er med i fredinga, er i ein kritisk tilstand. Ein må ta stilling til kva ein skal gjera med dette nokså snart.

Drifta av Li har ikkje vore den suksessen vi hadde håpt på. Det er behov for ei grundig evaluering av drifta og drøfting av alternative driftsformer.

4 VIGA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Eldhus	A	A	A	1
Løe	A	A	A	2
Sisselastova	A	A	A	3
Stabbur	A	A	A	4
Stovehus	A	A	B	5
Frukthistorisk hage	B	B	A	6
Naust	B	B	C	7

Kvern	B	C	C	8
Tørke	B	D	D	9
Vetlehus	C	C	B	10
Fyrhus	D	C	B	11

Utvida opningstid i Viga i 2015 har vist at anlegget har eit potensiale, men førebels er besøket for dårleg. Det høgast prioriterte oppgåva må vera å få realisert planar om servicebygg og ein betre tilkomst til anlegget.

Det er i Viga museet har brukt størst ressursar på vedlikehald dei siste åra, og hovudanlegget er i god stand. Det er likevel store oppgåver knytt til meir perifere bygningar som kvernhus, tørke og naust. Desse må ha prioritet bak viktigare bygg på andre anlegg.

5 HÅLAND				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Våningshuset	A	A	B	
Målastova	A	A	C	
Homannsbua med Røykstova	B	B	B	

Håland er ein godt bevart løyndom i samlingane til museet. Sjølv om vi har noen av dei mest interessante bygningane i museet, og dei best møblerte stovene der, har det ikkje lukkast å få volum i besøket. Kan hende må ein slå seg til tåls med det. Vedlikehaldet må likevel ha høg prioritet. Det er registrert relativt store oppgåver på Håland, kan hende er ressursbehovet på våningshuset undervurdert i den tilstandsvurderinga som ligg til grunn for tabellen ovanfor.

6 RØYNEVARDEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Eldhuset	A	A	A	1
Gamlestova	A	A	B	2
Nyastova	A	A	B	3
Geithuset	A	A	B	4
Sauhuset	A	A	C	5
Løa	A	B	A	6

Røynevarden er ein godt bevart husmannsplass, men med svært dårleg besøk. Største utfordringa ligg i måtar å drive anlegget på, slik at det genererer noe registrert besøk gjennom sesongen.

7 ÅBØBYEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Industriarbeidarbustaden	A	A	C	1
Sykkelboden	A	A	C	2

Industriarbeidarmuseet i Sauda er og mellom dei optimistiske tiltaka som det har vore vanskeleg å få til noen god drift av. Men bygningen er eit godt eksempel på ein industriarbeidarbustad i eit bustadområde som har nasjonal og internasjonal interesse. Det er leit at bygningen blei så medfare at kledningen nå må skiftast, men autentisiteten er likevel god, og det er svært gode interiør i dei to husværa som er innreidde i bygningen. Ved sida av vedlikehaldet har arbeidet med å innlemme bygningen i ei større forteljing om industristaden vore den store utfordringa. Dette arbeidet har ikkje vore tilstrekkeleg prioritert lokalt til at det har vore muleg å nå fram til sentrale bidragsytarar.

8 BRØDRENE AF SAND				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Brødrene af Sand	A	A	C	1

Hausten 2015 hadde vi halde «Brødrene af Sand» flytande i 15 år. Vinteren 2015/2016 blir det gjennomført omfattande reparasjon av dekk og ståande rigg. Etter dette vil jekta vonleg vera i rimeleg god stand att, men eit flytande fartøy vil alltid vera eit krevjande vedlikehaldsobjekt. Jekta står på bevaringslista til Riksantikvaren.

Basert på drift ved hjelp av frivillige medarbeidarar har jekta ei tilfredsstillande drift.

9 M/S SULDAL				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
M/B Suldal	A	A	D	1
Båthus, Strandanes	B	C	B	2

«Suldal» er av Riksantikvaren karakterisert som særleg interessant som det einaste, flytande innlandsfartøyet som er bevart på Vestlandet. Fartøyet blir vinteren 2015/2016 sikra gjennom bygging av båthus på Strandanes. Hovudoppgåvene vidare er å finansiere restaurering av fartøyet, og arbeide fram eit driftsopplegg til båten kjem på vatnet att. Det siste bør ikkje vente til båten er klar, da ein her må vurdere om det kan vera aktuelt å involvere andre, kanskje gjennom eit driftsselskap.

10 HUSTVEIT				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Tørke	A	A	A	1
Kvern	A	A	B	2
Hjulhus	A	A	C	3
Løe	A	B	A	4
Våningshus	B	A	B	5
Vannhus	B	A	B	6
Smie	B	B	A	7
Jordkjellar	B	B	A	8
Eikjelauvløa	B	B	A	9
Sag	B	B	B	10
Buhus	B	C	B	11
Eldhus	C	C	D	12
Folgeløe	C	C	A	13
Folgehus	C	D	B	14

Som omtala ovanfor er Hustveit eit anlegg som byr på store utfordringar. Det var ikkje altfor gode grunnar til å ta vare på det, det har vore tvil om kva historier ein skal fortelja om det, det er dårleg besøkt og lågt prioritert av Sauda kommune og dei andre samarbeidspartnarane, særleg av eigaren.. For delar av anlegget er likevel autentisiteten god, og det er lagt ned store ressursar i vedlikehald, restaurering, rekonstruksjon og formidling av anlegget. Det er ikkje eit anlegg ein kan gi opp, men det er heller ikkje godt å sjå korleis ein kan vitalisere anlegget og oppnå større besøk.

11 BAKKEN				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Stovehus med løe	A	B	A	
Potetkjellar	C	B	B	

Bakken utfyller dokumentasjonen av husmannstida, men plassen i seg sjølv er vanskeleg tilgjengeleg, og det har vore vanskeleg å skape noe engasjement for plassen. Potetkjellaren er tatt med her som ein vesentleg del av plassen, men han ligg utafor det gjerdet som avgrensar området museet disponerer.

12 KVÆSTAD				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Stampe, Kvæstad	A	B	B	

Stampa på Kvæstad er eit unikt kulturminne i nordisk samanheng, og det må leggjast stor vekt på bevaring av bygningen.

13 KVEDNAHOLA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Kvern, Vasshus	C	B	A	
Kvern/tørke, Ritland	C	B	B	
Sag Ritland	C	B	C	
Tørke, Vasshus	C	B	C	

Kvednahola kjem eit stykke ned på prioriteringlista fordi anlegget er vanskeleg tilgjengeleg, og dermed vanskeleg å bruke, og fordi museet har ein dårleg avtale med eigarane. Som eit godt synleg kulturminne langs riksveg 13, må det likevel haldast ved like.

14 JELSA				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Skulehuset	B	B	B	

Skulehuset på Jelsa har ei viss lokal interesse, og har vore utgangspunkt for nokså suksessfylte omvisingar på strandstaden og i kyrkja. Det har og ei historie som gjer det interessant å formidle. Det er ikkje svært ressurskrevjande oppgåver knytt til vedlikehald av huset.

15 ØYSTAD				
BYGNING	RELEVANS	KULTURH.VERDI	RESSURSBEHOV	PRIORITET
Kvern, Øystad	C	C	A	
Tørke, Øystad	C	C	A	

Kvernhusmiljøet på Øystad er ei bakevje i bygningssamlinga, og har truleg kome inn under museumsparaplyen på grunn av den kuriøse konstruksjonen med tre kvernsteinar inne i eitt kvernhus. Kan hende er dette eit anlegg som ein etter kvart bør vurdere om kan tilbakeførast til eigarane.

Andre anlegg

Det er noen få bygningar som ikkje er tatt med i oversynet ovanfor. Dette gjeld:

- Naustet i Båtsvikjo, Suldal, som vi meiner vi ikkje treng å kjenne noe ansvar for
- Stølsbua i Slettedalen, Sauda, der det er behov for å avklare eigar- og bruksinteresser

Vi har heller ikkje tatt med museumsbygningar som andre har ansvar for:

- Sjøhuset på Grøningen, Kvitsøy (Hummarmuseet)
- Sjøhuset i Bergevik, Forsand (Forsand bygdemuseum)

I tillegg er museet engasjert i museumsavdelingar som ikkje er knytt til kulturhistoriske bygningar:

- Hjelmeland bygdemuseum, utstilling i biblioteket i Vågahuset
- Forsand bygdemuseum, magasinert i kommunehuset
- Finnøy bygdemuseum, magasinert
- Utstillinga Lekmannsrørsla og bedehusa, Betle, Finnøy
- Rennesøy bygdemuseum, utstilling i kulturhuset Meieriet er ikkje rekna som anlegg, heller ikkje utstillinga på Betel, Finnøy)

Ryfylkemuseet har til saman eit engasjement på 24 stader i 7 kommunar.

I planane til samlingsavdelinga og formidlingavdelinga må desse avdelingane likevel vurderast tilliks med dei avdelingane som er knytt til bygningar Ryfylkemuseet har ansvar for, jfr. omtalen av anlegga under kapitlet «vurderingar» lenger framme. Med dei investeringane i pengar og arbeidskraft som er gjort på Kvitsøy, og den interessa hummarmuseet har skapt hos publikum, er det openbart at dette er ein formidlingsarena som må ha høg prioritet sjølv om bygningen museet held til i har begrensa kulturhistorisk verdi. Sjøhuset i Bergevik kan, på si side, ha stor kulturhistorisk verdi, og også ein viss relevans, men dei tekniske og økonomiske føresetnadane gjer det lite eigna til prioritert museumsdrift.

Avhending

Vi har peika på noen bygningar som med fordel kan avhendast. Dette gjeld, forutan stølsbua i Slettedalen som er nemnt ovanfor, Røsselistova, trøskjeverkhuset, hjulhuset og stølsbua på Kolbeinstveit, og kvernhuset og tørka på Øystad.

Avhending er ingen enkel sak, verken praktisk, i forhold til tidlegare eigarar og lokasamfunnet, eller juridisk. Kulturrådet har utarbeidd retningslinjer for avhending som kan vera til hjelp i eit slikt arbeid.⁹²

⁹² *Retningslinjer for avhending – Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstander*, Kulturrådet u.å.

Del V


HANDLINGSPLAN

Handlingsplanen er ei prioritert oppstilling av ein del av dei oppgåvene som følgjer av arbeidet med dette prosjektet og denne rapporten. I det følgjande er det laga utkast til slike planar både for den overordna leiinga ved museet, bygningsavdelinga, samlingsforvaltinga og formidlinga. Innspela må bearbeidast vidare, og planar om gjennomføring av tiltak må leggst inn i handlingsprogrammet og årsplanen til museet.

For bygningsavdelinga vil den detaljerte oppgåvelista ligge i Primus FDV⁹³. Alle avvik er lagt inn der, med bilde, konnoteringar og omtalar. Det som er tatt med her er derfor berre eit oversyn over det som framstår som dei mest omfattande oppgåvene.

For bygningsavdelinga blir det truleg viktig å utvikle eit differensiert forvaltingsregime. Det vil seia at ein bør drøfte ulike føringar for reparasjon og vedlikehald av ulike bygningar avhengig av korleis dei er prioriterte.⁹⁴ For dei aller viktigaste bygningane, «stjerneobjekta» i samlinga, bør ein legge til grunn den høgaste kompetansen ein har om materialbruk, verktøybruk og arbeidsmetodar. Dette skal vera referanseobjekta til musea. For lågare prioriterte bygningar kan ein, av ressursomsyn, vurdere å velja mindre tidkrevjande løysingar som for eksempel platetak i staden for never og torv.

Forvaltningsregimet vil ha glidande overgangar frå eit regime der det er andre omsyn som veg sterkare enn vern (t.d. stålhallen i Gåsavikja), til eit regime der vernet er det overordna (t.d. Guggedalsloftet). Dette kan illustrerast på denne måten (kopierte frå Leden, Siv: *Prioritering i bygningssamlinger*):



⁹³ Avviksrapport frå synfaringar hausten 2015 følgjer som vedlegg til denne rapporten, og kan lastast ned her: <G:\Bygningsavdelinga\Dokumentasjon\Avviksrapport haust 2015>

⁹⁴ Det står meir om kva slike planar bør innehalde i Leden, Siv: *Prioritering i bygningssamlinger*, Kulturrådet u.å, side 31.

Forvaltingsregimet for den enkelte bygning kan leggst inn som ei føring i basisopplysningane om bygningen i Primus FDV.

Nedanfor følgjer eit forslag til handlingsplan. Ansvar for planlegging og gjennomføring av oppgåvene er tilkjennegitt på denne måten:

Ansvarsfordeling	
Avstutting	Avdeling
Dir	Direktøren
Bgn	Bygningsavdelinga
Sml	Samlingsavdelinga
Fml	Formidlingsavdelinga


Folkemusikkarkivet er ikkje tillagt noe sjølvstendig ansvar for bruk av anlegga i denne handlingsplanen. Vi antar at slik bruk som regel vil skje i samarbeid med Formidlingsavdelinga. Vi minner likevel om at det var Folkemusikkarkivet som tok initiativ til nissekvelden på Kolbeinstveit, som nå har utvikla seg til eit suksessrikt arrangement på tre av anlegga våre. Folkemusikkarkivet bør også kjenne eit ansvar for dei utoverretta tiltaka på museet.

For å angi prioriteten har vi brukt konsekvensgradane frå standarden for tilstandsanalyse, som ser slik ut:

Konsekvensgrader	
Konsekvensgrad	Tid
KG 0	På lang sikt
KG 1	På middels lang sikt
KG 2	På stutt sikt
KG 3	Strakstiltak

Den overordna rekkefølgja i handlingsplanen følgjer forslaget til prioritering av anlegga.

Handlingsplan for forvaltning og bruk av bygningar

Stad	Oppgåve	Ansvarleg				KG
		Dir	Bgn	Sml	Fml	
Sand	Nesasjøhuset: Vedlikehald som følgje av tilstandsrapport. Utvendige veggjar og glas er strakstiltak, tak på middels lang sikt, fundament og springfloproblematikk på lang sikt.		Bgn			3
	Legge om bokføringa slik at ein får eit betre grunnlag for analyse av det økonomiske resultatet av drifta på Sand	Dir				3
	Vurdere styrking av arrangementskalenderen				Fml	2
	Utvikling av uteområdet på vestsida av Nesasjøhuset (seil)		Bgn			2
	 <i>Det er utarbeidd skisser for overdekking av uteplassen. Teikning: Kon-Sul AS</i>		Bgn			
	Nybygget: Reparare taknedløp		Bgn			2
	Designmanual: Utarbeide manual for utforming, plassering og bruk av inventar, utstyr, blomar, lys og beplanting. Må også omfatte retningslinjer og implementering av rutinar for parkering og stell av bilparken.		Bgn		Fml	2
	Planlegging, finansiering og produksjon av nye utstillingar				Fml	1
	Nybygget: Sliping og behandling av innvendige golv og trapp		Bgn			1
	Brygge: Stolpane rotnar. Brygga må overvakast, og på eit tidspunkt fornyast.		Bgn			0
Kolbeinstveit	Forskningsoppgåve: Dokumentasjon og gransking av store sjøhus i Ryfylke	Dir	Bgn	Sml		0
	Vedlikehald som følgje av tilstandsrapport. Store oppgåver på mange av husa, i tillegg istandsetting av vegen ned til sjøen. Ulike tidspespektiv. Gjerde/grind er strakstiltak		Bgn			2

	(sikringstiltak).					
	Sanering av stølsbua og hjulhuset		Bgn			2
	Skilting ved Tveitåna				Fml	2
	Vintersikring av tekstiler			Sml		2
	Revisjon av formidlingstilbudet etter vurdering av bygningar, reiskap, utstyr, ressursbruk og kvalitetssikring av vertskap og arrangement 		Bgn	Sml	Fml	1
	<i>Ei istandsett badstove kunne revitaliserast som lekk i ei forteljing om tradisjonell ølbrygging.</i>					
	Dokumentasjon av bryggetradisjonar	Dir			Fml	1
	Rekonstruksjon av hagen		Bgn	Sml		1
	Avhending Røsselistova og trøskjeverkhuset	Dir	Bgn			1
Li	Sikringstiltak: Vurdere betre feste av låser på dørene		Bgn			3
	Planlegge og gjennomføre gjeninnreiing av stovehuset		Bgn	Sml	Fml	3
	Gjennomføre tiltak for budsjettering og rekneskapsføring av drifta som sikrar betre oversyn og betre samsvar mellom inntekter og utgifter. Må inkludere verdien av arbeid utført av fast tilsette.	Dir				3
	Evaluerer og planlegger publikumstilbudet				Fml	3
	Skilting				Fml	2
	Utarbeide generalplan for restaurering og vidare vedlikehald av bygningsmassen etter nærlesing av føreliggande dokumentasjon og konsultasjonar med Riksantikvaren og eigarane.	Dir	Bgn			2
	Initierte utarbeiding av plan for tilbakeføring, skjøtsel og vedlikehald av kulturlandskapet. I samarbeid med eigarane.	Dir				
	Skrive historia om Li medan det ennå finst informantar. Jfr. også arbeidet til Ernst Berge Drange. Temanummer Folk i Ryfylke	Dir				2

	Restaurere naustet. Vurdering og planlegging er strakstiltak. Gjennomføring avhenging av nærmare tilstandsvurdering.		Bgn			2
Viga	Utvikling og marknadsføring av publikumstilbodet (sesongopning, arrangement, skule, kommersielle samarbeidspartnarar). Særleg vitalisering av hagen.			Sml	Fml	2
	Avtale om bruken av og vedlikehald av naustet.	Dir	Bgn	Sml		2
	Restaurering og rekonstruksjon av kvernhusmiljøet (omfattande oppgåve)		Bgn			2
	Finansiering og realisering av servicebygg	Dir				1
	Revidert avtale om tilkomst og parkering	Dir				
	Overvaking, pleie og vedlikehald av øvrig bygningsmasse i samsvar med tilstandsregistrering.		Bgn			1
	Dokumentasjon av eldhushusfunksjonar, med særleg vekt på fyring og takkebakst	Dir	Bgn			1
Håland	Vidareføre programaktiviteten, men revurdere bruken av museumsgjenstandar som sittemøblar og til servering.			Sml	Fml	3
	Vedlikehald av husa i samsvar med tilstandsvurderingar og avviksmeldingar. Taket er under omlegging vinteren 2015/2016. Målastova må følgjast opp på stutt sikt.		Bgn			2
	Vintersikring av tekstiler			Sml		2
	Gjenoppta dialogen med grendautvalet om stell av hagen.		Bgn			2
	Vurdere grunnlaget for tilbakeføring av Håmannsbua i samsvar med nye kjelder.		Bgn			0
	Forskningsprosjekt om storgardskulturen i Ryfylke	Dir				
Røyne- varden	Installere automatisk besøksteljar				Fml	3
	Ta initiativ til dialog med skulen og reiselivsnæringa om bruk av anlegget				Fml	2
	Vintersikring av tekstiler			Sml		2
	Vedlikehald i samsvar med tilstandsrapport		Bgn			1
Åbøbyen	Reparasjon av sykkelboden		Bgn			3
	Istandsetting av hovudbygning i samsvar med plan		Bgn			3
	Reetablere avtale om stell av hagen		Bgn			2
	Samarbeide med reiselivsnæringa og kulturkontoret om bruk av anlegget i				Fml	2

	formidlinga av industristaden					
	Vintersikring av tekstiler			Sml		2
	Delta i arbeidet med å utvikle eit overordna tiltak for dokumentasjon og formidling av industristadshistoria	Dir		Sml		0
Brødrene af Sand	Vedlikehald i samsvar med plan (blir utført vinteren 2015/2016)		Bgn			3
	Styrke verdsetting av arbeidet til venneforeininga. Evaluere drifta i lag med Venneforeininga	Dir			Fml	3
	Dokumentasjons-/forskningsprosjekt om fjordafarten	Dir		Sml		0
M/S Suldal	Gjera ferdig båthuset på Strandanes		Bgn			3
	Finansiere og gjennomføre restaurering			Sml		2
	Mobilisere Venneforeininga til frivillig innsats	Dir			Fml	2
	Utarbeide forslag til, organisere og etablere driftsopplegg for båten, herunder vurdere muleg samdrift med «Brødrene»				Fml	1
Hustveit	Reparasjon av taket på løa		Bgn			3
	Utarbeiding av detaljert og kostnadsrekna tilstands- og vedlikehaldsrapport for Hustveit som grunnlag for forhandlingar om finansiering med eigaren og Sauda kommune	Dir	Bgn			2
	Utarbeiding av plan for formidling og publikumstiltak som grunnlag for drøftingar med eigaren, Friluftsrådet Vest og Sauda kommune	Dir			Fml	2
	Øvrig vedlikehald i samsvar med tilstandsvurdering og prioritering		Bgn			1
Bakken	Vedlikehald i samsvar med tilstandsvurdering		Bgn			2
	Oppfordre Rennesøy kommune om å reforhandle arealet som inngår i museumsområdet for å inkludere potetkjellaren og brønnen	Dir				1
	Samarbeide med Rennesøy kommune for å finne løysing på parkeringsproblema				Fml	1
	Bruke Bakken som utgangspunkt for eit dokumentasjons- og formidlingsprosjekt om fattig-Norge, med eit nåtids- og integreringsperspektiv	Dir			Fml	0

	 <i>Kan Bakken bli utgangspunkt for eit prosjekt om fattig-Norge i fortid og nåtid? Foto: Lise Bjelland.</i>					
Kvæstad	Mindre reparasjonsarbeid i samsvar med tilstandsvurdering		Bgn			3
Kvednahola	Vedlikehald i samsvar med tilstandsvurdering. Relativt store arbeid		Bgn			2
	Vurdere tilbakeføring av vedlikehaldsansvaret til eigarane.	Dir				0
Jelsa	Vedlikehald i samsvar med tilstandsvurdering. Relativt enkle oppgåver.		Bgn			1
	Vitalisering av skulemuseet som del av arbeidet med barn og unge				Fml	1
Øystad	Vedlikehald i samsvar med tilstandsvurdering.		Bgn			1
	Vurdere tilbakeføring av vedlikehaldsansvaret til eigarane	Dir				0
Slettedalen	Avklare eigar- og bruksinteressene før eventuelle tiltak	Dir	Bgn			2

LITTERATUR OG KJELDER

- Berge, Kristian: *Sjøhuset i Bergevik*, Forsand kommune 1996
- Boe, Liv Hilde, Lampe, Francine, Myklebust, Dag, Roede, Lars og Stein, Mille: *Ord for ord – Rapport om bruk av begreper innen kulturminnevernet*, Fortidsminneforeningen 1981
- Brandal, Trygve: *Hjelmeland – Gardar og folk II*, Hjelmeland 1990
- Drange, Ernst Berge: *Sand, gardar og folk III*, Suldal 2000
- Drange, Ernst Berge: *Erffjord – Gardar og folk II*, Suldal 2004
- Drange, Ernst Berge: *Jelsa – Gardar og folk I*, Suldal 2010
- Foldøy, Oddveig (sekr.): *Fylkesplan for kulturminner*, Fylkeskulturstyret i Rogaland 1989
- Handbok i dokumentasjon av bygninger – kjeldeskaping og kunnskapsoppbygging*, Byggnettverket/Ryfylkemuseet 2008.
- Holmboe, Grete: *Bygging med stein*, Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke, rapport nr. 1, Ryfylkemuseet 1997
- Holmboe, Grete: *Konstruksjon i tre*, Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke, rapport nr. 2, Ryfylkemuseet 1997
- Holmboe, Grete: *Treet som virke*, Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke, rapport nr. 3, Ryfylkemuseet 1997
- Holmboe, Grete og Myhre, Anne Margrethe: *Glas, dører og listverk*, Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke, rapport nr. 4, Ryfylkemuseet 1999
- Holmboe, Grete: *Taktekking*, Prosjekt Bygningsvern i Ryfylke, rapport nr. 5, Ryfylkemuseet 1999
- Holmboe, Grete: *Historismen på Håland*, Folk i Ryfylke 2015
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Suldalsdampen*, årbok, (også som særtrykk med tittelen «Suldalsdampen», Ryfylkemuseet 1985
- Høibo, Roy: *Jelsa kyrkje*, Jelsa 1989
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Brødrene af Sand og fjordafarten*, årbok, Ryfylkemuseet 1999
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Kolbeinstveit*, årbok, Ryfylkemuseet 2004
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Hustveit*, årbok, Ryfylkemuseet 2005
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Viga*, årbok, Ryfylkemuseet 2007
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Husmannsplasset*, årbok, Ryfylkemuseet 2008
- Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Kvitsøy hummermueum*, årbok, Ryfylkemuseet 2009

Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke*, Mølleparken, årbok, Ryfylkemuseet 2010

Høibo, Roy: *Bygningsvern på musea, Ei utgreiing om forvalting av kulturhistoriske bygningar på musea i Rogaland*, på oppdrag frå Kulturdepartementet, Ryfylkemuseet 2011

Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Industristaden*, årbok, Ryfylkemuseet 2012

Høibo, Roy: *Innblikk*, Ryfylkemuseet 2013

Høibo, Roy (red.): *Folk i Ryfylke, Håland*, årbok, Ryfylkemuseet 2014

Johnsen, Jone (red.): *Frå bygd og by i Rogaland*, Rogaland Folkemuseum 1977

Kleppe, Bård: *Der gresset er grønt og toalettene rene – Om bygdetunets betydning i dag*, masteroppgave, Høgskolen i Telemark 2007.

Lillehammer, Arnvid: *Soga om Sauda I*, Sauda 1973

Norsk Standard NS-EN 16096;2012, *Bevaring av kulturminner. Tilstandsanalyse av fedete og verneverdige byggverk*.

NOU 1996:7 – MUSEUM – Mangfald, minne, møtestad

Retningslinjer for avhending – Prioritering, avhending og destruksjon av kulturhistoriske museumsgjenstander, Kulturrådet u.å.

Vold, Erik Walter: *Naust langs Suldalsvatnet*, prosjektarbeid, Høgskulen i Sør-Trøndelag/Ryfylkemuseet 2003

VEDLEGG

1 Vurderingsskjema

For kvar bygning er det fylt ut eit skjema som hjelp i det vidare arbeidet. Skjemaet bygger på tilrådingane i opplegget til Kulturrådet⁹⁵. Som døme på neste side følgjer vurderingsskjemaet for Målastova på Håland i Erfjord. For meir kompliserte bygningar er skjemaet meir omfattande.

Både dette skjemaet, feltrapporten og tilstandsrapporten (sjå nedanfor) er arkivert i bygningsarkivet.

⁹⁵ Leden, Siv: Prioritering i bygningssamlinger, Kulturrådet u.å.

PRIORITERING AV BYGNINGSSAMLINGA - VURDERING		
STAD	Håland	
BYGNING	Målastova	
IDENTIFIKASJON	RFH6.1.5.11	
DATO (sist revidert)	16.09.2015	
SIGNATUR	rh	
FOTO (nye opptak)		
	OMTALE	KARAKTER
KULTURHISTORISK VERDI		
Aldersverdi	Bygt og dekorert på i første halvdel av 1600-talet	A
Funksjon	Gjestebu	
Byggemåte/materialbruk	Laft, bordkledd, måla på 3 sider	
Grunnlag for innlemming	Målastova er ein del av den bygningsmassen med stor aldersverdi som pionerane i Rogaland Folkemuseum samla. Museet overtok bygningen i 1960 etter at det nok hadde vore kontakt mellom ei lokal museumsnemnd, eigaren på Håland og Rogaland folkemuseum tidlegare.	
Sjeldan/representativ	Bua er ei av få ståande buer av dette slaget. Den mest kjente er Lølandbua, som blei (over-)måla på slutten av 1700-talet.	
Kunnskapsverdi	Fortel både om storgardskulturen og om den tidlege dekorasjonsmålinga	
Estetiske kvalitetar	Den innvendige romdekorasjonen er høgt verdsett.	
Symbolverdi		
Opplevingsverdi	Jfr. merknaden om estetiske kvalitetar.	
Autentisitet	Det er ikkje gjort andre inngrep i bygningen enn vanleg vedlikehald og restaurering av målinga. Vi er likevel noe usikre på når glaset i bua kom inn.	
Relasjon til samlinga	Er i dag ein sentral del av bygningsmiljøet på Håland. Håland går inn i bygningssamlinga til	

	museet som storgardsmuseet, og utfyller såleis den kulturelle, økonomiske og sosiale samanhengen i samlinga.	
Miljøverdi		
Verdi for gjenstandssamling	Liten	
Dokumentasjon	Oppmåling 1988. Kunnskapen vi har om Håland er samla i Folk i Ryfylke 2014. Sjå og Drange, Ernst Berge: Erfjord – Gardar og folk II, s 984ff., Suldal 2004	
Utviklingspotensiale	Det er lagt godt til rette for publikum på Håland, men det har vore vanskeleg å få volum i besøket. Staden eignar seg for arrangement av ulike slag.	
Verdierklæring/ konklusjon	Målastova er ein av dei aller mest interessante bygningane i samlinga, og ein viktig del av dokumentasjonen av storgardskulturen.	A
RELEVANS		
Formål	Bygningane på Håland er ein viktig del av breidda i dokumentasjon av bu- og leveforhold i Ryfylke. Målastova er sentral i miljøet.	
Bruk	Det har vore gjort forsøk med regulære opningstider på Håland utan at responsen har vore tilfredsstillande. Da har det gått betre med ulike arrangement, og det er nok det som er det beste konseptet for staden.	
Immateriell kulturarv	Levemåten for overklassa	
Forsking	Utgangspunkt for forsking om storgardskulturen i Ryfylke	
Økonomi		
Konklusjon		A

RESSURSBEHOV		
Tilstandsgrad		2
Konsekvensgrad		2
Tiltaksklasse		2
Konklusjon		C

2 Tilstands- og avviksrapportar

Ein viktig del av grunnlaget for denne rapporten er registreringar ved synfaringar til museumsanlegga hausten 2015. I dette arbeidet blei det brukt ei bearbeidd utgåve av eit skjema utarbeidd av Anno Museum, Hedmark (den gongen Hedmark fylkesmuseum), som hadde gjennomført ei tilsvarande tilstandsvurdering av sine bygningar etter konsolideringa av alle museum i Hedmark til eit fylkesomfattande museum.

Med grunnlag i feltrapportane er det lagt inn tilstandsrapportar (avviksrapportar) i pilotversjonen til Primus FDV. Ei utskrift av desse rapportane kan lastast ned her (gjeld dei som har tilgang til museets server): <G:\Bygningsavdelinga\Dokumentasjon\Avviksrapport haust 2015>

Vi gjer merksam på at dette er ei PDF-fil på 83MB. I utskrift fyller rapporten 220 sider. Gjennom Primus FDV kan ein gå inn på den elektroniske versjonen for kvar enkelt bygning.

Døme på korleis ein avviksrapport for ein enkeltbygning kan sjå ut (lett redigert) følgjer nedanfor for Målastova på Håland:

RFH6.1.5.11 Målastova, Håland, Erfjord



Oversikt

Identifikasjonsnummer:	RFH6.1.5.11
Tilstand:	Vesentlige symptomer

Basisinformasjon

Betegnelser:	Målarstova
--------------	------------

Administrasjon

Publisert:	Nei
Tidspunkt opprettet:	18.02.2015
Opprettet av:	SH
Sist oppdatert:	01.07.2015
Oppdatert av:	SH
Samling:	Ryfylkemuseet

Tilstandsvurdering



Type formål:

FDV-runde

Beskrivelse av formålet:

Synfaring i samband med prosjektet
"Prioritering i bygningssamlinga"

Beskrivelse av tilstand:

MILJØ: Ligg undersols på grunn av skogen på toppen av kollen mot sør. Skaper eit fuktig klima. FUNDAMENT: Tørrmur. VEGGAR: Laft, bordkledd, måla på 3 sider. Soppangrep, sprekkdannign og avflassing av maling.

Terrenget går opp på veggen på sør- og nordsida. Sopp, mose, fukt og begynnende rote mot sør. GLAS: Noe avskalling av kitt. Sopp og malingsskader. DØR: Trongt låsebeslag. TAK: Plater, never og torv. GOLV OG BJELKELAG: Spor av mitangrep i takbjelker i svola. KONKLUSJON: Virkar tett og ok, men behov for utvendig vedlikehald. TG 2

Tilstandsgrad:

Vesentlige symptomer

Anbefalinger:

Vask, skraping og maling av kledning og glas. Vurdere reparasjon av umåla kledning mot sør. Senke terreng på sør- og nordsida, vurdere skader. KG 2

Administrasjon

Dato utført

Fra dato:

08.09.2015

Til dato:

08.09.2015

Tidspunkt opprettet:

16.09.2015

Opprettet av:

RH

Skade



Type skade:

Antikvarisk vedlikehold

Beskrivelse:

Måling. Soppangrep, sprekkdanning og avflassing av måling.

Posisjon (hvor er skaden):

Veggar, særleg mot aust og nord

Prioritet:

Medium

Administrasjon

Tidspunkt opprettet:

21.12.2015

Skade



Type skade:	Antikvarisk vedlikehold
Beskrivelse:	Kitt- og målingsskader på glas.
Posisjon (hvor er skaden):	Glas
Prioritet:	Medium
Administrasjon	
Tidspunkt opprettet:	21.12.2015
Opprettet av:	RH
Dato utført	
Fra dato:	21.12.2015
Til dato:	21.12.2015

Skade

Type skade:	Antikvarisk vedlikehold
Beskrivelse:	Mit i svola. Det er spor av angrep av stripet borebille i svola. Må hindre spreiding det den måla himlinga i hovudrommet.
Posisjon (hvor er skaden):	Svola
Prioritet:	Høy

Administrasjon

Tidspunkt opprettet:	21.12.2015
Opprettet av:	RH
Dato utført	
Fra dato:	21.12.2015
Til dato:	21.12.2015

Skade



Type skade:

Antikvarisk vedlikehold

Beskrivelse:

Rote i kledning mot sør. Vurdere utskifting av kledning. Drøfte utvegen til noe skoging på kollen oppfor bygningen for å sleppe til meir sol og luft.

Posisjon (hvor er skaden):

Gavlvegg mot sør

Prioritet:

Medium

Administrasjon

Tidspunkt opprettet:

21.12.2015

Opprettet av:

RH

Dato utført


Fra dato:

21.12.2015

Til dato:

21.12.2015

Skade



Skade

Type skade:

Antikvarisk vedlikehold

Beskrivelse:

Terreng veks opp på veggen. Senke terrenget og drenere vatn.

Posisjon (hvor er skaden):

Sør- og nordsida

Prioritet:

Medium

Administrasjon

Tidspunkt opprettet:

21.12.2015

Opprettet av:

RH

Dato utført

Fra dato: 21.12.2015

Til dato: 21.12.2015

3 Dokumentasjon

For å få oversikt over kva dokumentasjon som ligg føre er bygnings-, teiknings- og saksarkiva til museet gjennomgått. Det er utarbeidd katalogar for bygnings- og teikningsarkivet. Desse ligg på serveren til museet under G:\Bygningsavdelinga\Arkiv.



Ryfylkemuseet

Nordenden 14
4230 Sand
post@ryfylkemuseet.no
www.ryfylkemuseet.no